



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 27.06.2017
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 112/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 113/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 99/17	Barnevernet - einslege mindreårige flyktningar
PS 114/17	PlanID 2012011 Reguleringsplan B60 Strand - Byggeplan BK2. Mindre vesentleg reguleringsendring.
PS 115/17	Gbr 164/1 og 2 - flytting og forlenging av eksisterande molo - dispensasjon frå kommuneplan - Marine Harvest sitt anlegg i Sandvika på Lauvstad
PS 116/17	Planprogram for hovudplan vatn og avløp. Godkjenning av planen som del av kommuneplanen
PS 117/17	Framlegg til revisjon av forskrift for handsaming av avfall og slam i Ørsta og Volda kommunar
PS 118/17	Månadsrapport mai 2017
PS 119/17	Ruteendringsprosessen 2018
PS 120/17	Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen 2017 – Unicef
PS 121/17	Vedtaksoppfølging - rapport frå arbeidsgruppe
PS 122/17	Orienteringssaker
OS 100/17	Orientering om romprogram kulturhus/førebuing til møte med Statsbygg
OS 101/17	Innspel/forslag forslag til komitémerknad NTP 2018-2029
OS 102/17	Det langsiktige perspektivet for rettslokale for Søre Sunnmøre Tingrett
OS 103/17	Svar på spørsmål om langtidsleige - Volda prestegard
OS 104/17	Nye personvernregler fra 2018



VOLDA KOMMUNE

- OS 105/17 **70 års aldersgrense**
- OS 106/17 **Norsk friluftsliv - Vannscooter - hva nå?**
- OS 107/17 **Møteplass mellom kommune og næringsliv Høgskulen 15. august**
- OS 108/17 **Møte med Volda næringsforum 19. juni**
- OS 109/17 **Endring av møteplan for formannskapet (flytting av møte i august)**

PS 112/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 113/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 99/17 Barnevernet - einslege mindreårige flyktingar



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2017/1195

Arkivkode: 2012011

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/17	Formannskapet	27.06.2017

PLANID 2012011 REGULERINGSPLAN B60 STRAND - BYGGEPLAN BK2. MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet viser til mottoken søknad og tilhøyrande teikningar snitt og illustrasjonar, og finn å kunne godkjenne utbygging på området BK2 med byggehøgde inntil 11.6 m-målt i front av bygget, for planlagde bygg 1, 2 og 3, på fylgjande vilkår:

- toppetasjen skal vere tilbaketrekt i hovudfasaden.
- byggplasseringa og kotehøgder skal endeleg fastsettast i samla byggeplan for området.
- bygg 3 skal/bør trekkjast bakover (mot nord) omlag 3-5m for å redusere byggehøgda i høve til terreng og planlagt p-plass her

Ved utarbeiding av samla byggeplan skal også løysingar for terrengtilpassing/ending på nordsida av bygga visast og illustrerast ved planteikningar og snitt.

Vedleggsliste:

Søknad om dispensasjon i høve til reguleringsføresegner-gesimshøgde med vedlegg

Reguleringskart B60 Strand

Reguleringsføresegner B60 Strand

Saksopplysningar/fakta:

Reguleringsplan for område B60-Strand, del av gnr 15 bnr 2 m.fl vart godkjent den 26.11.2015.

Plankart ligg ved. jf. vedlegg.1.

I plan er det sett krav om byggeplan for dei ulike delområda før utbygging.

I samband med utbygging av byggeplan for område BK2 har tiltakshavar vendt seg til kommunen med spørsmål knytt til utforming av samla utbyggingsplan for området.

Utbygger ynskjer å legge til rette for direkte innkøyring til garasjar i underetg og ikkje p-kjellar. Dette m.a på grunn av funksjon og krav til tekniske løysingar.

Det er på området no planlagt lagt til rette for 4 bygg. 3 av bygga er planlagt i 3 etg pluss garasjekjellar medan det siste bygget i austre kant får 2 etasjar pluss garasjeetasjen.

Skal ein ha tre etg til bustadformål vil ein då kome i konflikt med vedtekne reguleringsføresegner om byggehøgde. Dette er i føresegnene til plan låst til maksimal høgde målt i front av bygget, bygget si fasade mot sør.

Denne er i føresegnene sett til 10.5m, medan prosjektert bygg vil ha slik samla høgde på denne sida på 11.6m.

Søkjær ynskjer heller å senke bygga i terrenget og tilrettelegget terrenget på sørsida av bygget slik at den samla høgdeverknad av bygga vert kompensert.

I tillegg legg ein opp til ein tilbaketrekt toppetasje slik at gesimshøgde i hovudfasade vert noko avdempa.

I søknaden heier det elles:

"Oversender tegninger for Strand Utvikling som viser nye planer og fasader for alle byggene. Bygg 1 2 og 3 får samme planløsning. Øverste etasje trekkes denne tilbake for å dempe inntrykk av byggets høyde.

Slik vi nå har planlagt dette vil alle bygg (Bygg 1, 2, 3 og 4) ha felles innkjørsel.

På grunn av tidsnød har vi ikke fått lagd tegning/bilde med ferdig terreng og murer med mer. Dette ettersendes. Håper dette gir grunnlag for vurdering av en foreslått utbygging."

"Ut fra at reguleringsplan angir denne høyden på bygget til 10,5 m regnet fra eksisterende terrengnivå i forkant av bygget.

Bygg 1,2 og 3 som er angitt på vedlagt situasjonsplan tenkes plassert i høyde ca. 1,5m - 2,0m underdagens terreng nivå i forkant av bygget. Total byggehøyde 11.6m.

Foran alle byggene bli det oppført en brystning på 1,2m der det i forkant av denne blir utført plantebed med vintergrønne planter. Dette vil dempe byggets høyde. I horisontalplanet vil byggets høyde være ca. 10,0m over denne «terreng høyde»

Vi vil bemerke at etter at reguleringsplanen ble godkjent, er det kommet nye tekniske krav til tykkelse på gulv- og takisolering. Dette har medført større konstruksjonstykkelse.

Byggene vil få en høy standard lydteknisk, brannteknisk og med miljømessig oppvarming med vannbåren gulvvarme. Etasjeskillene utføres med 200mm betong med 20mm trinnlydsplate og med 80- 100mm påstøp med vannbåren gulvvarme.

Det vil ellers bli installert bæreheis i hvert bygg. Dette er i henhold til sentrale myndigheter og ønske om å la folk bo lengst mulig i boligene.

Hele bygget blir sprinklet mot brann.

Som det fremgår er tomteområdet krevende å få opparbeid. Summen av høy standard, god sikkerhet og krevende tomteforhold gjør at byggene må kunne utnytte arealene og høyder maksimalt. Det søkes derfor om dispensasjon for byggehøyde i henhold til overforstående begrunnelse fra ca. 10,5m til 11,6m gesimshøyde."

Som nemnt i søknad er ikkje byggeplanen og snitt knytt til veg, leikeareal og murar/terrenghøgder knytt til dette ferdig ved utsending av saka. dette vil bli ettersendt eller lagt fram i møte straks dei er mottekne i kommunen.

Vurdering og konklusjon:

Med grunnlag i framlagde førebelse teikningar, snitt og illustrasjonar har administrasjonen funne å ville tilrå at det vert gitt rom for ei utbygging som vist.

Prosjekteringa er ikkje heilt fullført og nokre av teikningane/ snitta må vidare bearbeidast i høve til terreng. M.a. er ikkje terrenghøgder vist i fasadeteikningar, noko som gir eit feil inntrykk. Heller ikkje er planlagt terrengtiltak i mellomrommet mellom Gamlevegen og fronten av bygga vist i detalj. Dette er vesentleg å få på plass i ei samla vurdering av bygga si terrengtilpassing.

Dette må også sjåast i samanheng med detaljutforming og høgder på tilkomstveg, - internt trafikkareal og leikeareala på området.

Slik det er beskrive i søknad vil desse planlagde løysingane kunne bidra positivt i høve til verknaden av bygget si samla høgde både sett frå tilgrensande gate Gamlevegen og frå større avstand.

Det er vesentleg at planlagt tilkomstveg inn i området har lite stigning og har kurvatur og breidde som sikrar god trafikkavvikling i området og ut/innkøyring frå Gamlevegen.

Truleg medfører dette at bygg 1, 2 og 3 bør seinkast ytterlegare i terrenget.

Dette vil ein måtte kome attende til ved byggesøknad/handsaming av samla byggeplan for området. Jf. tilrådinga i saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

John Moldskred
MOLDSKRED AS
Bjørndalsveien 7B, 6065 ULSTEINVIK

Kopi:
Utvikling -plan
Utvikling -byggesak
Teknisk sektor

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Ark.sak: 2012/2636 Plan ID: 2012011

REGULERINGSPLAN

Reguleringsplan "B60-Strand-gnr 15 bnr 2 m.fl", slik det framgår av dette plankartet og tilhørende foresigner er godkjent av Volda kommunestyre den 26.11.2015, som sak PS120/15, i samsvar med reglane i plan og bygningslova (2008) §12-2."

VOLDA, 1.12.2015
for rådmannen

Per Helne
planleggar
e.f.m.

VOLDA KOMMUNE
UTVIKLING

Volda kommune

REGULERINGSPLAN FOR B60 - STRAND - gnr 15 bnr 2 m.fl

TEIKNFORKLARING PBL. § 12-5

1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL. § 12-5 .1)

FS_1,2	FRITTLIGGANDE SMÅHUS
BK_1,2	KONSENTRERT BUSTADBYGGING
o_Leik	OFF. LEIKEPLOSS
f_Leik_1,2,3,4	FELLES LEIKEPLOSS

2: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK

INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)

f_SKV_1,2	FELLES KØYREVEG
o_SKV	OFFENTLEG KØYREVEG
f_SP_1,2	FELLES PARKERING/GRASJER
o_SG/S_1,2	OFF GANG-/SYKKELVEG
o_SaV_1,2,3	ANNA TRAFIKKAREAL

3: GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5 .3)

f_GT	TURDRAG
o_GFr	OFFENTLEG FRIOMRÅDE

OMSYNSSONER

H140_1,2	RpSikringSone H140_1,2 (Frisikt)
H220_1,2	RpStøySone H220_1,2 (støy gul sone 1,5m o terr.)
H190	RpSikringsone H190 (restriksjonar på hogst)
H310_1	RpFareSone H310_1 (skred / steinsprang-fare)
H730	RpBandleggingSone (Automatisk freda kulturminne)
H570	RpAngittHensynSone (Buffer)

JURIDISKE LINER OG PUNKT


— — — — —	Plangrense
— — — — —	Føremålsgrænse
— — — — —	Regulert tomtegrænse
— — — — —	Byggegrænse
— — — — —	Regulert senterline
— — — — —	Bestemmelsesgrænse kulturminne
— — — — —	CL støyvoll / støyskjerm

KARTOPPLYSNINGAR

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

0 10 20 30 40 m

Basiskart er teikna med svak gråfarge



SAKSHANDSAMING ETTER PBL

Oppstartkonferanse	12.12.2012
Forvarslng:	i tida 1.feb - 15.mars 2013
1. gangs handsaming i planutvalet:	sak PS75/15 19.05.2015
off. ettersyn i tida:	frå 11.06.2015 til 25.07.2015
2. gangs handsaming i planutvalet:	sak PS 75/15 17.11.2015
Handsaming i kommunestyret:	sak PS120/15 26.11.2015

PLANEN ER UTARBEIDD AV: DATO Utarbeidd 20.feb -15

	Just 3.mai -15 sh
	Just 8.okt -15 sh
	Just 21.okt -15 sh
	Just 10.nov -15 sh



REGULERINGSFØRESEGNER

Detaljregulering for Strand

PlanID: 15192012011

Revidert 1.11.2015, 10.11.2015

Eigengodkjenningdato: 26.11.2015

Eigengodkjend av: Volda mkommunestyre sak PS 120/15

for Rådmanen 
Per Heltne, Planleggar


Utarbeidd av: Svein Holmen Planlegging – for Strand Utvikling as

§ 1 -GENERELT

1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008. Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet

1.2 Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.3 Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan-og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgevinga og dei kommunale vedtektene.

§2 – REGULERINGSFØREMÅL:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Frittliggande småhus (1111) FS_1,2 Konsentrert bustadbygging (1112) BK_1,2 Offentleg leieplass (1610) o_Leik Felles leikeplass (1610) f_Leik_1,2,3 og 4
Samferdsleanlegg (S)	Off. Køyreveg (2011) o_SKV_Gamlevegen Felles køyreveg (2011) f_SKV_1-2 Gang og sykkelveg (2015) o_G/S_1,2 Annan veggrunn (2018) o_SaV_1,2 (kantareal langs Gamlevegen) Felles parkeringsanlegg(2080) f_SP_1,2
Grønstruktur (G)	Frionråde (3040) o_GFr_1 Turdrag(3030) f_GT
Omsynssoner (Pbl §12-6)	RpSikringSone H140_1,2 (Frisikt) RpSikringSone H190 (Restriksjon på hogst) RpFareSone H310 (Skred/steinsprang-fare) RpStøySone H220_1og2 (Støysone<1,5m o terreng) RpBestemmelseGrense (RpJuridiskLinje 1235 - kulturminne)



§3 FELLESEFØRESEGNER

- a Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet.
- b Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.
Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmafargar på bygningar / anlegg.
- c Høgde og utforming av gjerde mot veg skal godkjennast av kommunen. Gjerde mot nabo / fellesareal / veg / friområde må ikkje vere over 80cm. høgt inklusive sokkel.
- d Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemurar i eigedomsgrensene
- e Alle bustadbygg skal oppførast med tett sålekonstruksjon (radonsperre) i grunnmur.
- f Det skal leggest vekt på å opparbeide gode uteareal. Eksisterande trevegetasjon skal så langt som råd takast vare på. Ny vegetasjon skal haldast så lav at den ikkje tek utsikt frå bakanforliggande hus.
- g Overskottsmasse skal køyrast vekk.
- h Utbyggar har meldeplikt etter § 8.2 i lov om kulturminne dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne innanfor plangrensene. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.
- i Detaljert byggeplan før byggeløyve kan gjevast.
Før det kan gjevast løyve til utbygging på dei einskild byggeområde, BK1 og 2, og Fs1 skal det utarbeidast detaljert byggeplan for kvart område. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkløysingar og parkeringsplassar på tomte samt utforming og innhald på leikeareal skal visast på byggeplanen. Det skal utarbeidast 3D-illustrasjonar av husa som del av byggeplanen.
Leikeareal:
Innanfor byggeområda skal det settast av min. 50m² pr bueining til leikeareal med universell standard. Plassert som vist i reguleringskartet.
Områda skal planleggast ut frå fylgjande retningslinjer:
- leikeplassane skal utformast i samsvar med reglane i Rikspolitiske retningslinjer om barn og unge og rettleiar til denne.
 - areala skal/bør lokaliserast på sør-vest for husa /med gode sol og vindtilhøve
 - areala skal vere flate (areal brattare enn 1:3vert ikkje rekna som del av arealkravet) med tilrettelagte soner/stiar som kan trafikkerast med rullestol
 - areal smalare enn 10 m skal ikkje reknast inn i leikearealet
 -



- areal sett av til køyreveg, parkering, fareområde, areal lagt med restriksjonar som hindrar barn sin frie leik skal ikkje reknast med.
- nærleikeklassane kan møblerast etter bebuarane sine ynskjer, men skal minimum vere opparbeidd med sandkasse, benk og eit leikeapparat
- nærleikeklassane skal vere opparbeidd før første bustadeining i eit område kan takast i bruk.

Vidareført støyvurdering – dokumentasjon i høve til vilkår i T-1442 :

Støyskjerming mot E39 skal etablerast ved støyvoll mot byggeområda og ved støyskjerm mot område til off. leikeplass (o_Leik - sosi1610) i samsvar med beskrivelse gitt i Støyrapport datert 29.07.2014 utarbeidd av Sweco Norge/Vest Akustikk.

Som del av utarbeiding av detaljert byggeplan for dei ulike byggeområda skal det gjennomførast vidareført støyvurdering og det skal ligge føre dokumentasjon utarbeidd av sakkunnig, som sikrar at alle deler av bygg og uteareal er sikra støytilhøve innan for gjeldande retningsliner i T-1442.

Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:

- Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
- Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
- Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gulsone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

J Bestemmelsesområdet på BK_1 og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekket og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kultuminnelova §8 fjerde lekk.

K Ved utbygging /anleggsarbeid på område Bk1 og f_leik 3 skal det oppsettast lettgjerd som markerer grensa mellom utbyggingsområda og omsynssone H_730/H_570, som ei fysisk synleg påminning om at dette er område der ein ikkje skal gå inn, ut frå omsynet til automatisk freda kulturminne ldnr 177066.

§4 BEBYGGELSE OG ANLEGG, PBL. §§12-5 nr.1 og 12-7

4.1 Konsentrert bustadbygging (BK_1 og 2)

- a Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for område BK_1 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikklysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles returpunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggest fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen. Evt avbøtande tiltak mot støy for alle delar av bygga og uteareal skal vere dokumentert av fagkunnig som del av byggeplan. (jf pkt 3 g)
Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggroft langs E39.
- b Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for område BK_2 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikklysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles returpunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggest fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen. Evt avbøtande tiltak mot støy i 2.høgda skal dokumenterast og godkjennast av fagkunnige i byggeplanen. (jf pkt 3 g)



- c I BK_1 og BK_2 kan det førast opp konsentrert bebyggelse med tilhøyrande anlegg som garasje bud ol.
- d Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegransene som er vist på plankartet. Bygningar på BK_1 kan oppførast med møne-/gesimshøgd inntil 6 m og mønehøgd inntil 9 m. På BK_2 kan gesimshøgde på inntil 10.5 m (lavblokker) godtakast. (gesimshøgd målt frå lågaste terrengnivå i front av bygget/hovudfasade).
- e Innanfor BK_1 og BK_2 kan maksimal utnyttingsgrad vere 40% BYA. BK_1 og BK_2 skal ha avkøyrsløse frå o_SKV_Gamlevegen. Avkøyrsløene skal plasserast i samsvar med plankartet og utformast i samsvar med reglane i Statens vegvesen si handbok 017.
- f Innafor BK_1 og BK_2 skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar pr. bueining – minst ein av desse skal vere i garasje, carport eller parkeringskjellar
- g Vidareført støyvurdering vert kravd som del av bygeplan, der plassering og utforming av bygg er klarlagt for å sikra at vilkår i T-1442 vert tilfredsstilt. Ved byggemelding for dei husa i BK_1 og BK_2 som ligg innanfor omsynssoona H220- (trafikkstøy) må det leggast ved plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige. Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
 -Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
 -Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
 -Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.
- h Bestemmelsesområdet på BK_1 og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekket og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kultuminnelova §8 fjerde lekk.
- i I dei områda av BK_2 som omfattast av faresone ras skal det etablerast avbøtande tiltak. Skredsikringstiltaka skal planleggast og gjennomføring av tiltak kontrollerast av geolog før bustadbygg kan takast i bruk.

4.2 Frittliggande småhus (FS_1 og 2)

- a På områda FS_1 og 2 kan det førast opp frittliggande småhus med tilhøyrande anlegg som garasje, bud ol.
- b For området FS_1 skal det utarbeidast samla plan som syner plassering med høgder, avkøyrsløse og tomtedeling for bustadhusa før bygging. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegransene som er vist på plankartet. I område merka FS_1 og 2 skal bygningar ha gesimshøgd og mønehøgd innanfor rammene i PBL og byggeforskriftene. Ei friare form som er tilpassa bratt terreng kan også godtakast her.
- c Innanfor FS_1 og 2 kan det tillast utnyttingsgrad på inntil 30% BYA.



- d Bustadhusa i FS_1 skal ha garasjer på trafikkareala f_SP_1 og 2. FS_2 skal ha min 2 P-plassar evt i garasje på eigen grunn.
- e I område FS_1,2 skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m² BYA og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
- f Innafor FS_1,2 skal det etablerast naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn
- g I samband med byggemelding for hus på FS_2 må det leggjast fram plan for støydempingstiltak, og fagkunnige skal dokumentere at desse støytiltaka er tilstrekkelege før hus på FS_2 kan takast i bruk. Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
- Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
 - Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
 - Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

4.3 Felles leikeplass (f_Leik_1-2-3 og 4)

- a **f_Leik_1-2** skal vere felles leikeplassar for heile feltet. Terrenget kan berre i moderat grad bearbeidast, men det kan plasserast leikeutstyr/anlegg på **f_Leik_1 og 2** som er knytt til bruken av området. Kommunen skal godkjenne utforminga.
- b Det kan ikkje gjerast tiltak på **f_Leik_2** som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i nord
- c **f_Leik 3-4** skal vere felles nærleikeplassar for h.h.v BK_1 og BK_2 Områda skal ha Universell Standard og avgrensast slik som vist i plankartet med minimum 50 m² pr. buening. Areala skal inngå i byggeplanen for BK_1og2 – sjå pkt 4.1.a. Leikeplass / støyvoll i Bk1 må sikrast med gjerde mot E39.
- d Bestemmelsesområdet på BK_1og f_Leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kultuminnelova §8 fjerde lekk.

4.4 Off. leikeplass - o_Leik (sosi1610)

- a o_Leik skal oppretthaldast som offentleg leikeplass. Det kan ikkje gravast, overdekkast, byggast eller gjerast inngrep på plassen innanfor området som er markert som omsynssone H 730/570. Omsynssona markerer automatisk freda kulturminne med id nr 177066.
- b Det må gjennomførast nødvendige avbøtande tiltak mot vegtrafikkstøy for området slik vist i reguleringskart og beskrive i planomtalen. Tiltaka skal godkjennast av fagkunnige. Støy- og sikringstiltak må tilpassast omsynssone H 730/570.



§5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 nr.2 og 12-7

5.1 Gang-og sykkelveg.

Innafor **o_G/S_1 og 2** skal det etablerast gang- og sykkelveg / fortau med utforming som vist på plankartet.

5.2 Køyreveg

a **o_SKV_Gamlevegen** er offentlig samleveg i området og skal ha utforming som vist på plankartet med køyrebane 4m, gangvegbreidde 3m og kantareal 1,5m på begge sider.

b **f_SKV 1 og 2** er internveggar i byggefeltet og skal vere felles for dei tomtene som grensar til veggen

c Før utbygging i områda BK_1-2 kan skje skal det vere utarbeidd detaljplan for veg og fortau (**o_SKV** og **o_G/S**) forbi utbyggingsområdet, og etablert utbyggingsavtale som sikrar deltaking og kostnadsdeling for utbygging / oppgradering samt kommunal overtaking av veganlegget.

5.3 Parkering (f_SP_1og2)

f_SP_1 og 2 skal nyttast som felles garasjetomter for bustadhusa i FS_1. Det kan byggast vanlege dobbeltgarasjer på **f_SP_1 og 2**

§ 6 Grønstruktur, pbl. §§12-5 nr.3 og 12-7

a **o_GFR_1** er planlagt som offentlig friområde som inngår i gjennomgåande grønstruktur opp mot Kleppåsen.

Friområdet inngår som del av skredsikring (H190), og eksisterande vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje tillatt med flatehogst, men vanleg skogskjøtsel kan godtakast. Innafor området kan det berre tillatast tiltak som har naturleg tilknytning til området sin funksjon som friområde.

b **f_GT** utgjer eit grønt turdrag opp gjennom feltet. Trevegetasjonen skal i størst mogleg grad bevarast på **f_GT**. Det kan ikkje gjerast tiltak på **f_GT** som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i vest

§ 7 Omsynssoner, pbl. § 12-6

7.1 RP SikringSone

a H190_1 inngår som del av skredsikring av området **o_GFR_1** og det er forbod mot flatehogst i dette området. Vanleg skogskjøtsel kan tillatast.

b H 140_1,2 utgjer frisiktsonene i kryssa. Innanfor frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5m over planum for dei tilstøytande vegane.

7.2 RP StøySone

H220 utgjer støysone (gul sone 1,5m o terreng) for trafikkstøy. I samband med byggeplanen for dei husa som ligg innanfor denne sona må det leggest fram plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige, og fagkunnige skal dokumentere at tilstrekkelege støytiltak er gjennomført før desse husa kan takast i bruk.



Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:

- Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
- Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
- Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gulsone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

7.3 RP FareSone (Rasfare)

Innafor H310_1 er det registrert skredfare. Som del av byggeplan for dette området må det gjennomførast naudsynt detaljert skredvurdering av fagkunnig. Bustadbygg eller uteområde for opphald innanfor faresona kan ikkje takast i bruk før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert av geolog. Sikring av steinar på topp fjellskråning må gjennomførast før utbygging på områdeFS1 og FS2 og f_SP1 og 2 vert sett i gang. Jf geologisk rapport pkt 9, (fig 18).

§ 8 Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10

- a Støyvoll langs E39 skal vere bygd før noko bustdbygg kan takast i bruk i feltet. Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39.
- b Tilstrekkeleg skredsikring både i byggeperioden og før bygningane blir tekne i bruk må ivaretakast for utbygging innanfor H310_1 i BK2. Sikringstiltaka skal dokumenterast av fagkunnige.
- c Gamlevegen med fortau skal vere ferdigstilt gjennom feltet før noko bustdbygg kan takast i bruk
- d Internvegar i feltet med tilhøyrande parkeringsareal og garasje plassar skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.
- e Før bygging kan ta til i område Fs1 og 2 må Nordalsvegen vere opparbeidd til kommunal standard i samsvar med reguleringsplan for Nordalen (planID 1519 2011008) til forbi kryssområdet med f_SKV 2.
- f Nærleikeplassane f_Leik_1,2,3 og 4 skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.
- g Utbyggingsavtale mellom Utbyggar og kommunen som avklarar ansvarsfordeling og kostnadsdeling knytt til opparbeiding av veg/fortau og annan infrastruktur, og eventuelt grunnlag for kommunal overtaking av slike anlegg skal vere på plass før utbygging på området skal kunne setjast i gang. I utbyggingsavtale skal også avklarast korleis dokumentasjon for gjennomført skredsikring, og tiltak mot støy er ivareteke gjennom prosjektering og utbygging. Vilkår for utforming og opparbeiding av friområder/areal for leik skal vere avklara.

VOLDA KOMMUNE
v/Bygningsavdeling
Stormyra 2.
6100 VOLDA

19.06.17

VEDR. GNR. 15 BNR. 54
STRAND UTVIKLING – BOLIGER PÅ KLEPP – DISPENSASJON BYGGE HØYDER –
AVKLARING FORHÅNSKONFERANSE

Viser til forhåndskonferanse vedrørende foreløpige tegninger av nye små boligblokker på angitt eiendom.

BYGGEHØYDE TERRENG Plassering

Ut fra reguleringsplan angir denne høyden på bygget til 10,5 m regnet fra eksisterende terrengnivå i forkant av bygget.

Bygg 1,2 og 3 som er angitt på vedlagt situasjonsplan tenkes plassert i høyde ca. 1,5m – 2,0m under dagens terreng nivå i forkant av bygget. Total byggehøyde 11.6m.

Foran alle byggene bli det oppført en brystning på 1,2m der det i forkant av denne blir utført plantebed med vintergrønne planter. Dette vil dempe byggets høyde. I horisontalplanet vil byggets høyde være ca. 10,0m over denne «terreng høyde»

Vi vil bemerke at etter at reguleringsplanen ble godkjent, er det kommet nye tekniske krav til tykkelse på gulv- og takisolering. Dette har medført større konstruksjonstykkelse.

Byggene vil få en høy standard lydteknisk, brannteknisk og med miljømessig oppvarming med vannbåren gulvvarme.

Etasjeskillene utføres med 200mm betong med 20mm trinnlydsplate og med 80 – 100mm påstøp med vannbåren gulvvarme.

Det vil ellers bli installert bæreheis i hvert bygg. Dette er i henhold til sentrale myndigheter og ønske om å la folk bo lengst mulig i boligene.

Hele bygget blir sprinklet mot brann.

Som det fremgår er tomteområdet krevende å få opparbeid. Summen av høy standard, god sikkerhet og krevende tomteforhold gjør at byggene må kunne utnytte arealene og høyder maksimalt.

Det søkes derfor om dispensasjon for byggehøyde i henhold til overforstående begrunnelse fra ca. 10,5m til 11,6m gesimshøyde.

LEIKEAREAL

Leikeareal er bergenet til 1025m² (krav på 17 leiligheter er 850m²) utfra vedlagt situasjonsplan. Alle leiligheter blir utført med store balkonger og terrasser. Samlet areal på balkonger er 400m². Vi mener ellers at skogsarealer rundt byggene også må kunne beregnes som nyttbare leikeareal, ikke bare planert areal.

OPPARBEIDING AV GANGVEI OG OPPGRADERING AV EKSISTERANDE VEG.

Opparbeiding av gangvei og opparbeiding av eksisterende gate/vei må utføres av utbygger. Utføres med samme standard som er tidligere utført gate/gangvei foran naboeiendommen mot øst. Avtale opprettes mellom byggherre og Volda kommune.

BOSS

Det etableres felles bosskontainer ved innkjøring til området.

Dette som grunnlag for vurdering av en disp.søknad.

Med vennlig helsing



John Moldskred
-prosjektleder-



 **SAMLET LEIKE AREAL: 1030m²**

STRAND UTVIKLING A/S

OMRÅDE PLAN/PROFIL PLAN

 **. MOLDSKRED AS**

BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE

BJØRNDALSVEGEN 7B, 6065 ULSTEINVIK
john@prci.no

TLF. 957 66 750

BYGGEMELDNG


Ansvarlig JM	Tegnet av MFM
-----------------	------------------

Målestokk

1:500


Prosjektnr.

Denne tegningen er utarbeidet av J.Moldskred AS og må ikke benyttes annetledes, eller i en annen sammenheng enn forutsatt, uten vårt skriftelige samtykke.




NR.5

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  . MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>	Dato: 04.10.2016
Tegning: NR.5	Målestokk:
	Tegningsnr.: A71-106



BYGG 1- Snitt_1


1:200



BYGG 1 - Snitt_2


1:200

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>	Dato: 04.10.2016
Tegning: BYGG 1 -Snitt 1 og Snitt 2	Målestokk:
	Tegningsnr.: A30-101



BYGG 2- Snitt_3


1:200



BYGG 2-Snitt_4


1:200

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLD SKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>	Dato: 04.10.2016
Tegning: BYGG 2 - Snitt 3 og Snitt 4	Målestokk:
	Tegningsnr.: A30-103



BYGG 3 - Snitt_ 5


1:200



BYGG 3 -Snitt_ 6


1:200

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>	Dato: 04.10.2016
Tegning: BYGG 3 - Snitt 5 og Snitt 6	Målestokk: Tegningsnr.: A30-105



NR.4

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  . MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>	Dato: 04.10.2016
Tegning: NR.4	Målestokk:
	Tegningsnr.: A71-105




NR.3

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>	Dato: 04.10.2016
Tegning: NR.3	Målestokk:
	Tegningsnr.: A71-104



NR.2

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  . MOLD SKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
<small>© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke</small>	Dato: 04.10.2016
Tegning: NR.2	Målestokk:
	Tegningsnr.: A71-103



NR.1

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 17.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: 04.10.2016
Tegning: NR.1	Målestokk:
	Tegningsnr.: A71-102

Tegningsnr. A40-01	Revisjon nr.
Type tegning Fasade Sør og Nord	BYGG 1 - 2 - 3




1:100 Fasade Nord



1:100 Fasade Sør


Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 19.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: 04.10.2016
Tegning: Fasade Sør og Nord BYGG 1 - 2 - 3	Målestokk: 1:100 Tegningsnr.: A40-01



U. Etasje

1:100

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 19.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLDSKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: 04.10.2016
Tegning: Plan U. etg. BYGG 1 - 2 - 3	Målestokk: 1:100 Tegningsnr.: A20-01



3. Etasje

1:100

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 19.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
 MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: 04.10.2016
Tegning: Plan 3. Etasje BYGG 1 - 2 - 3	Målestokk: 1:100 Tegningsnr.: A20-04



Fasade Øst

1:100



Fasade Vest

1:100

Prosjekt: 1077- STRAND UTVIKLING	Dato: 19.06.2017
Tiltakshaver:	
Prosjekterende:  MOLDKRED AS BYGGETEKNIKK – ARKITEKTUR – BYGGELEDELSE	08.06.2017 02.06.2017 09.12.2016 15.11.2016 09.11.2016 13.10.2016
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke	Dato: 04.10.2016
Tegning: Fasade Øst og Vest BYGG 1 - 2 - 3	Målestokk: 1:100
	Tegningsnr.: A40-04



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2017/971

Arkivkode: ...

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
115/17	Formannskapet	27.06.2017

GBR 164/1 OG 2 - FLYTTING OG FORLENGING AV EKSISTERANDE MOLO - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN - MARINE HARVEST SITT ANLEGG I SANDVIKA PÅ LAUVSTAD

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet finn omsøkte tiltak så omfattande at det bør få si planmessige avklaring gjennom utarbeiding av reguleringsplan, med tilhøyrande prosess, enn gjennom dispensasjonssøknad.

Søknad om dispensasjon vert såleis ikkje imøtekome.

Vedleggsliste:

Søknad om dispensasjon med vedlegg.

Uprenta saksvedlegg:

Kommuneplan/Kystsoneplan

Saksopplysningar/fakta:

Olav Aambø har på vegne av grunneigar Anders Telset, eigar av G/Bnr 164 1 og 2, søkt dispensasjon frå kommuneplan og plan og bygningslova §1-8 for utbygging av hamn.

Tiltaket ligg ved Telset på Lauvstad og området er i gjeldande plan, kystsoneplan, vist som LNF- område sone A, med forbod mot tiltak som ikkje går inn under landbruksnæringa.

Arealet ligg og innanfor strandsona og tiltaket kjem inn under reglane i pbl §1-8 der det heiter:

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebygd festetomt etter tomtfestelova.

Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.

Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4.

For områder langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser, skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5 vurdere å fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak mv. ikke skal være tillatt"

I søknaden heiter det:

Årsaka til søknaden om dispensasjon er at grunneigar vil tilfredstille dei krava Marine Harvest, som har landbase her, set for vidare utvikling og ser ikkje at det skulle være nødvendig å legge til kostnadane med reguleringsplan der området ligg.

Marine Harvest uttrykker sin aktivitet og sine planer slik:

Marine Harvest Norway AS, avdeling Sandvika er lokalisert like utenfor Telset på Lauvstad. Her har anlegget drevet siden tidlig 90 tallet. Anlegget er blant de største i Marine Harvest systemet med 5.460 tonn i MTB og har i dag 7 faste stillinger i tillegg til utstrakt bruk av helgevikar og tilkallingshjelpere. Lokaliteten er en av de bedre i Marine Harvest systemet med svært gode oppdrettsforhold og liten eller ingen påvirkning på naturen. Lokalitetens MOM-B og MOM-C prøver (påvirkningsrapporter) har alle beste tilstand. Disse forholdene sammen med et godt produksjonsteam gjør at lokaliteten er en av lokalitetene som Marine Harvest Norway ønsker å oppskalere fremover.

Anlegget består i dag av en landbase (Telset), 9 flyteringer og en oppdrettsflåte. Utstyret er blant det mest moderne, med unntak av anleggets båt. Denne står for utskiftning, men dagens havneforhold (Telset) er til hinder for dette. Innløpet er trangt og grunt. I perioder med ekstremt lav-vann kan vi ikke anløpe/forlate havnen. Nye båter er både større og stikker dypere.

I samråd med Anders Telset jobbes det for en mulighet til å utvide havnen slik at vi kan anløpe denne på en forsvarlig måte med egne og innleide servicebåter. En utviding vil sikre videre drift og vekst for Marine Harvest sin oppdrettsvirksomhet her. Marine Harvest vil bidra etter beste evne der hvor det måtte være behov.

Omfang av tiltaket

Hovedtiltaket er flytting av eksisterende molo ca 15 m utover og den forlenges med ca 10 m. På forespørsel til Kystverket skulle dette være uproblematisk .

I snitt B-B/E-E skal det sprengast ut et område på ca 10 x25 m for å gi masse til moloen og for å gi plass for et lagerbygg for innandørs lagring av utstyr. Dette vil bli søkt om seinare.

I snitt C-C/D-D skal også massen brukast til moloen men her skal arealet bli nytta til grovare utstyr som skal lagrast midlertidig.

Tilkomst til anlegget vil ikkje verte berørt av tiltaket.

Samla vil dette gi ei opprydding av området og framstå med den profesjonalitet som næringen krever i dag og fordelene er vesentlig større enn ulempene.

Nabovarsel

Det vil ikkje bli sendt ut nabovarsel då Anders Telset sjølv er nabo på alle kantar.

Trafikkforhold

Avkjørsel frå FV 652, Velsvikvegen, vil ikkje bli berørt, heller ikkje andre trafikale forhold.

Underteikna vil stå som ansvarlig søkar.

P G Tilset, org nr 985396221, vil være PRO og UTF."

Det er vedlagt søknaden ulike situasjonskart og snitt. Eg viser til vedlegg.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltak ligg i område som i kommuneplan er utlagt som LNF-område.

Det er eit etablert naust/hamneområde som synest ha utvikla seg over tid. Det er i kommunen sitt arkiv ingen planmessig eller søknadsmessig avklaring knytt til dei etablerte tiltaka i området.

Planlagt utviding er relativt omfattande både i høve til tiltak i landområde og ved utfylling i sjø.

Tiltaket er av slik art at det krev planmessig avklaring. Jf PBL §12-1 der det heiter:

"Reguleringsplan er et arealplankart med tilhørende bestemmelser som angir bruk, vern og utforming av arealer og fysiske omgivelser.

Kommunestyret skal sørge for at det blir utarbeidet reguleringsplan for de områder i kommunen hvor dette følger av loven eller av kommuneplanens arealdel, samt der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, flerbruk og vern i forhold til berørte private og offentlige interesser.

For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan. Tillatelse etter § 20-2, jf. 21-4 for slike tiltak, kan ikke gis før det foreligger reguleringsplan."

Administrasjonen finn at eit så omfattande tiltak heller bør avklarast gjennom utarbeiding av reguleringsplan, med tilhøyrande prosess, enn gjennom dispensasjonssøknad som her lagt opp til.

Administrasjonen finn heller ikkje at det tekniske grunnlag vedlagt dispensasjonssøknad er tilfredsstillande sett i høve til tiltaket sitt omfang.

Administrasjonen viser elles til at forslag om endra arealbruk i samsvar med omsøkte tiltak også er meldt inn som framlegg til endra arealbruk ved revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Naudsynt konsekvensavklaring gjennom denne prosessen er enno ikkje gjennomført og finn difor at om tiltake skal gjennomførast før slik avklaring må det settast krav om utarbeidd reguleringsplan som grunnlag for løyve til tiltak.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Olav Aambø, Aamdalen 105, 6156 Ørsta

Klageinstans:

Fylkesmannen

Kopi:

Utvikling

Olav Aambøe

Aamdalen 105

6156 Ørsta

Volda kommune

Teknisk sektor

6100 Volda

Att.: Heidi Istad

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer: 2017/971	Ansvar: Perhel
Løpnummer:	
23 MAI 2017	
Arkivert:	Planid
Klassifisering:	
Klassifisering S:	

Ørsta, 17.05.2017

G/BNR 164/1-2 I VOLDA KOMMUNE.

SØKNAD OM DISPENSASJON.

Viser til tidligere møte om utvikling av Naustvika hamneanlegg som pt er landbase for Marine Harvest sitt anlegg i Sandvika.

Generelt

På vegne av grunneigar Anders Telset, eigar av G/Bnr 164 1 og 2 søker eg med dette om dispensasjon frå gjeldande formål i kommuneplanen for Volda kommune. Tiltaket ligg innenfor arealdelens LNF- område A.

Årsaka til søknaden om dispensasjon er at grunneigar vil tilfredstille dei krava Marine Harvest, som har landbase her, set for vidare utvikling og ser ikkje at det skulle være nødvendig å legge til kostnadane med reguleringsplan der området ligg.

Marine Harvest uttrykker sin aktivitet og sine planer slik:

Marine Harvest Norway AS, avdeling Sandvika er lokalisert like utenfor Telset på Lauvstad. Her har anlegget drevet siden tidlig 90 tallet. Anlegget er blant de største i Marine Harvest systemet med 5.460 tonn i MTB og har i dag 7 faste stillinger i tillegg til utstrakt bruk av helgevikar og tilkallingshjelper. Lokaliteten er en av de bedre i Marine Harvest systemet med svært gode oppdrettsforhold og liten eller ingen påvirkning på naturen. Lokalitetens MOM-B og MOM-C prøver (påvirkningsrapporter) har alle beste tilstand. Disse forholdene sammen med et godt produksjonsteam gjør at lokaliteten er en av lokalitetene som Marine Harvest Norway ønsker å oppskalere fremover.

Anlegget består i dag av en landbase (Telset), 9 flyteringer og en oppdrettsflåte. Utstyret er blant det mest moderne, med unntak av anleggets båt. Denne står for utskiftning, men dagens havneforhold (Telset) er til hinder for dette. Innløpet er trangt og grunt. I perioder med ekstremt lav-vann kan vi ikke anløpe/forlate havnen. Nye båter er både større og stikker dypere.

I samråd med Anders Telset jobbes det for en mulighet til å utvide havnen slik at vi kan anløpe denne på en forsvarlig måte med egne og innleide servicebåter. En utviding vil sikre videre drift og vekst for Marine Harvest sin oppdrettsvirksomhet her. Marine Harvest vil bidra etter beste evne der hvor det måtte være behov

Omfang av tiltaket

Hovedtiltaket er flytting av eksisterende molo ca 15 m utover og den forlenges med ca 10 m. På forespørsel til Kystverket skulle dette være uproblematisk .

I snitt B-B/E-E skal det sprengast ut et område på ca 10 x25 m for å gi masse til moloen og for å gi plass for et lagerbygg for innandørs lagring av utstyr. Dette vil bli søkt om seinare.

I snitt C-C/D-D skal også massen brukast til moloen men her skal arealet bli nytta til grovare utstyr som skal lagrast midlertidig.

Tilkomst til anlegget vil ikkje verte berørt av tiltaket.

Samla vil dette gi ei opprydding av området og framstå med den profesjonalitet som næringen krever i dag og fordelene er vesentlig større enn ulempene.

Nabovarsel


Det vil ikkje bli sendt ut nabovarsel då Anders Telset sjølv er nabo på alle kantar.

Trafikkforhold

Avkjørsel frå FV 652, Velsvikvegen, vil ikkje bli berørt, heller ikkje andre trafikale forhold.

Underteikna vil stå som ansvarlig søker, P G Tilset, org nr 985396221, vil være PRO og UTF.

Med vennlig helsing



Olav Aambø

Vedlegg:


Plantegning 10/03 2017

Snitt A-A

Snitt B-B

Snitt C-C, D-D


Snitt E-E



Se eiendom

informasjon fra matrikel og grunnboken

PLANTEGNING 10/03 2017





Olav Aambø

Aamdalen 105
6156 ØRSTA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/971	7340/2017	...	UTV/ PERHEL	



**GBR 164/1 OG 2 - FLYTTING OG FORLENGING AV EKSISTERANDE MOLO -
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN - MARINE HARVEST SITT ANLEGG I
SANDVIKA PÅ LAUVSTAD
FØREBELS SVAR**

Dykkar brev datert 17.05.2017 er registrert motteke 23.05.2017.
Saka gjeld søknad om dispensasjon.
Saka vil bli fremja som sak til formannskapet.
Slik ein vurderer saka no tek ein sikte på fremjing av sak til møte den 27.06.2017.

Med helsing


Per Heltne
fagansvarleg, plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.




ANDERS TELSET
SNITT C-C - D-D


ANDERSTELSET
SNITT B-B



ANDERS TELSET
SNITT E-E



ANDERS TELSET
SNITT A-A





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Dag Dårflot

Arkivsak nr.: 2016/1517

Arkivkode: 144

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

116/17

Formannskapet

27.06.2017

PLANPROGRAM FOR HOVUDPLAN VATN OG AVLØP. GODKJENNING AV PLANEN SOM DEL AV KOMMUNEPLANEN

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til planprogram for hovudplan for vatn og avløp for Volda kommune.

Planprogram skal annonserast.

Vedlegg:

Vedlegg i saka : 1 Høyringar og kommentarer (her)

2 Planprogram utarbeidd av Norconsult as

Uprenta saksvedlegg:

Motteke brev med uttale og merknader frå institusjonar og offentlige etater

Saksopplysningar/fakta:

Kommunalteknisk avdeling har vurdert behov for å få utarbeidd ein rammeplan for vatn- og avløp, då det ikkje føreligg nokon oppdatert plan på dette feltet.

Vi har ein gammal rammeplan for avløp (hovudplan 1996-2000) ; elles finst det ikkje noko overordna styringsdokument for vassforsyning. Det er såleis stort behov for å få ein overordna plan både for vatn og avløp. Vi har også ønskt å få inn ein del oversikt på vassmiljø , dette på grunn av EUs vassdirektiv.

Vassmiljø og vassforvaltning ligg også nær opptil felta med våre tenester på vatn og avløp.

Det er orientert politisk om oppstart av hovudplan og rammeplan. Hovudplanen vil bli ein kommunedelplan for vatn og avløp inkl. vassmiljø. Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 11-12 , vart det varsla om oppstart av planarbeidet. Planprogrammet har vert utarbeidd av Norconsult as i samarbeid med kommunalteknisk avdeling.

Planprogrammet vart lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med PBL§ 11-13 , med annonsering i aviser (Møre og Mørenytt) og på kommunen si heimeside. Høyringsfrist vart sett til 20.01.17 . Aktuelle høyringsetatar fekk tilsendt planprogrammet eller melding om høyring. Etter fristen er det ikkje kome inn merknader frå privatpersonar eller næringsforetak.

Frå offentlige etater (8) er det kome uttale og merknader til planprogrammet, dette er mest på generelle forhold. Viser her til vedlegg Volda kommune sine kommentarar til innspel og avsnitt *vurdering og konklusjon*.

Vi har vurdert å starte opp sjølvve hovudplanarbeidet parallelt med planprogrammet. Dette på grunn av arbeidsmengda og ønskjeleg effektiv planprosess. Vi er derfor kome langt i hovudplanarbeidet , og der vert tilpassingar i forhold til dei merknader/uttalar i planprogrammet som er motteke.

Kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram arealdel

Arbeidet og oppstart av planprogram og hovudplan vatn og avløp er i trå med strategi og føringar i kommuneplanen som no er under revidering. Vårt planarbeid vil derfor også bli ein kommunedelplan for denne infrastrukturen. Vi har tidlegare spelt inn planforslaget til planavdelinga.

Vurdering og konklusjon :

Planprogrammet som er sendt til offentleg ettersyn gjev informasjon om formålet med planarbeidet, prosess og medverknad.

Programmet tar for seg det som vi meiner er viktig for sektoren sin utvikling innanfor infrastrukturane –vatn og avløp , samt påverknad vassmiljø. Dette

også sett i samanheng med miljø / samfunn og service og kvalitetar for innbyggjarar.

Planen er avgrensa til heile Volda Kommune og programmet visar ønskjelege satsingsfelt og målsettingar innanfor dei tekniske felt VA og vassmiljø.

Planprogrammet byggjer vidare med Hovudplan VA for kommunen.

Vi er no godt i gang med hovudplanen der Norconsult as er engasjert til oppdraget, då i samarbeid med kommunalteknisk avdeling.

Dersom det er ønskjeleg med endringar eller justeringar på planprogrammet ut frå dette vedtaket, blir dette innarbeidd best mulig i hovudplanen.

Planprogrammet skal vise hovudprioriteringar av investeringar og dei områda som bør fornyast og oppgraderast for ei god utvikling på denne infrastrukturen i Volda Kommune.

Planprogrammet er sendt til følgjande instansar og off. instansar:

-Ørsta kommune , Hornindal kommune

-Fylkesmannen i Møre og Romsdal

-Møre og Romsdal fylkeskommune

-Mattilsynet , Kystverket , Fiskeridirektoratet og NVE .

Alle har fått brev / melding om høyringar pr. e-post og sendt postmottaka.

Vedlegg 1 : Høyringar og kommentarar

Frist for høyringar var : 20.01.17

Fiskeridirektoratet fekk frist til : 06.03.17 (p.g.a. ettersending ved ønskje)

Alle tilbakemeldingar / brev er i saka som uprenta vedlegg.

Ørsta -og Hornindal kommunar har ikkje svart på utsendinga pr. dato.

Frå Hornindal kommune har vi fått tilbakemelding på tekniske anlegg VA , i ettertid, etter førespurnad om det.

Kort vil eg oppsummere innkomne uttale med betydning for planprogrammet og hovudplanen, og gje kommentarar frå teknisk sektor. :

Fylkesmannen M&R : FM rår til at det i samband med hovudplanen VA blir gjennomført ei ROS- analyse , dette til hjelp i kommunen sin planlegging av

tiltak og klimaeffektar.

Kommentarar : Vi har sikkerheitsanalyse (beredskapsplan) på to av dei største vassverka til kommunen.

Dette gjeld vassforsyninga til Volda sentrum/ Mork og vassforsyninga til Straumshamn. I denne planen som er ein rammeplan kan vi ikkje gjera noko meir omfattande analyser enn vurdering på reservevatn og sikkerheit/ kvalitet i desse forsyningane. Meir ROS-analyse vil bli ein del av den vidare driftsforvaltninga. Det kan bli vurdert ved fleire vassverk og vidare tiltak i kommunen innan områda VA /vassmiljø.

Møre og Romsdal fylkeskommune : Dei minner om at regional kulturmynde skal varslast i forkant av tiltak. Til dømes ved utskifting av gamle røyr og nedlegging av nye. Dette for å avklare om tiltak kjem i konflikt med eventuelle kulturminne. Dei skriv vidare ” dette kan med fordel kome fram av planen”.

Kommentarar : Vi tek sikte på å få innlagt mest mulig i kommuneplanen (areal-/tekstdel) på hensynsone for røyrtrasè, tomt for reinseanlegg og pumpestasjonar. Meir detaljert kjem først ved reguleringsplan / byggesøknad og oppstart av arbeid. Det blir då høve å kome med innspel og uttale. Vi vil ta hensyn til registrerte fornminne og arkeologiske registreringar. Fylkeskommunen vil få kommuneplan og eventuell reguleringsplan for prosjekt til uttale.

Mattilsynet : Dei gjev uttale i forhold som omhandlar drikkevatt. Dei viser til ny drikkevassforskrift av 01.01.2017 som må leggest til grunn i planarbeidet. Dei minner om viktigheit med fokus på vassforsyningsanlegga sin tilstand og oppgraderingsbehov, slik at drift blir i samsvar med gjeldande regelverk. Vidare skriv dei at både eksisterande og private drikkevasskjelder inkl. nedbørsfelt og røyrnett må i størst mulig grad vernast mot forureining så det ikkje forringar vasskvaliteten. Det same gjeld reservevasskjelder og eventuelle drikkevasskjelder.

Mattilsynet minner elles om at målsettingane som kjem fram av ” Nasjonale mål for vann og helse” må ivaretakast i hovudplanen. Dei ønskjer at kommunen

lagar ein tilfredstillande plan for oppgradering av leidningsnett , samt ved behov tilknytte tilfredstillande små vassverk til felles vassforsyningsanlegg.

Dei peikar vidare på at vi må legge til rette for nødvendig beredskap med hensyn til drikkevassforsyninga.

Kommentarar : Kommunen vil forhalde seg til nye forskrifter og kvalitetskrav

for drikkevatt. Vi vil i planar arbeide for vern og beskyttelse av alle vasskjelder i forsyningsnettet og ha best mulig oversikt på dei private anlegga."Nasjonale mål for vann og helse" blir i god grad ivareteke i hovudplanen. Vi ønskjer at små anlegg oppnår tilfredstillande vassforsyning. Der det ligg til rette for det skal slike anlegg bli samankopla til felles vassforsyningsanlegg. Vi har beredskaps-plan for to av dei største vassforsyningsanlegga.

Kystverket : Deira planengasjement er i første rekke kopla til sjøareal i planar og dei sjønære areala som ein kan seie å ha verknad på ferdselstilhøva.

Generelt : Dei viser til planleggingsverktøy innanfor områda som fins på nettet som Kystinfo – www.kystverket.no + info bind 4. Den Norske Los.

Farlei : Dei føreset at eventuelle ferdselsomsyn vert vurdert i planarbeidet.

Maritim infrastruktur : Ønskjer at det blir etablert spesifikke krav til utforming, utrustning og handsaming ved oppfølging på aktuelle og omsøkte tiltak.

Regelverk og tiltak må tuftast på framkome, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.

Risiko og sårbarheit : Dei ønskjer at vi skal sjå om det er naudsynt å vurdere tryggleik og forureiningsfare knytta til ulukker/uhell på sjøareala. Og kva dei venta konsekvensane vil være for næringsinteresser, samfunn og natur.

Kommentarar : I planarbeidet vil vi nytte føreliggande opplysningar om planleggingsverktøy og informasjon frå kystverket som ein finn på nettet og andre stader. Ved eventuell sjøleidning vil vi oversende plan til etaten for nærare uttale, dette ved regulerings- og detaljplanlegginga. På reinseanlegg vil vi ha alarmanlegg som varslar ukontrollert utslipp og som varslar for raskt driftstiltak.

Noregs vassdrags- og energidirektorat – NVE :

NVE har ingen merknad til planprogrammet.

Fiskeridirektoratet – Region Midt :

Direktoratet er sektormyndigheit for fiskeri og marint biologisk mangfald.

Dersom planen direkte eller indirekte berører sjøareal , meiner dei at saka angår etaten. Dei ønskjer tilsendt alle slike saker.

Dei ønskjer at eit av måla med planen skal vere å sørge for ein god og

miljømessig riktig avfallshandtering. Dei peikar her på å ivareta

naturmangfaldet best mulig og at vassmiljøet skal ha ein kvalitet som oppfyller målsettingane i forvaltningsplanen for denne vassregionen. Dei nemner ein del

tiltak og konflikthforhold som bør vurderast for å oppnå god miljøtilstand i ferskvatn og sjø. Dette går på fiske- og havbruksinteresser samt marint biologisk mangfald og forhold til nye leidningsnett og utslippsstader som kan medføre negativ påverknad.

Direktoratet viser elles til sin nettside www.fiskeridir.no – kartleggingsverkty.

Kommentarer : Vi vil oversende etaten plan for uttale der vi vil få direkteutslipp til sjø i forbindelse med nye utbyggingar og større tiltak. Gjeldande reinsekrav etter forskrifter skal oppfyllest for resipient(sjø) Vi ønskjer å unngå konflikt med næringsinteresser i sjøområde. Plan for eventuelle sjøleidningar ønskjer vi oversendt for uttale. Vi vil aktivt nytte det som er formålstenleg av registrerings- og planleggingsdata der etaten har kartleggingsverkty på nettet. Vi arbeider med opprydding av private separate avløpsanlegg langs sjø/ vassdrag. Prosjektet, som er ein nasjonal tiltaksplan, vil bidra med auka kvalitet på vassmiljøet og særlig langs strandsoner og vassdrag/ ferskvatn. I sjøområde på lokalitetar, har i dag betydelege utslepp frå sjønæringa og dette vil vi sjå opp mot samla vassmiljø og utslepp/tiltak ved fjorden. Vi har små valmuligheiter med å plassere dei større utsleppa i tettstadsområda , og desse må derfor leggast i samsvar med tiltenkte planar og vår tilkopling på samleidningar (hovudnettet).


Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Hovedplan VA - Volda kommune

Planprogram



J01	2016-11-29	For bruk	ToLRe	SiKSu	ToLRe
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Innholdsfortegnelse

1	Innledning	3
1.1	Bakgrunn og formål	3
1.2	Planområdet	3
2	Rammebetingelser	4
2.1	Nasjonale føringer	4
2.2	Kommunale planer	4
3	Detaljering av planarbeidet	5
3.1	Vurderinger	5
3.2	Konsekvensutredning	5
3.3	Alternativer som vil bli vurdert	5
3.4	Innhold i Hovedplan for VA	5
4	Planprosess og medvirkning	6
4.1	Planprosess	6
4.2	Organisering	6
4.3	Fremdrift	6
4.4	Informasjon og medvirkning	6


1 Innledning

1.1 Bakgrunn og formål

På vegne av Volda kommune har Norconsult AS fått i oppdrag å utarbeide ny hovedplan for vann og avløp (VA) gjeldene for alle områder i kommunen med spesielt fokus på bebyggelse med tilknytning eller nærhet til kommunalt vann- og avløpsnett. Planen skal være en kommunedelplan for virksomheten VA, og være et overordnet, styrende dokument denne virksomheten i Volda kommune i perioden 2018-2028.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger.

1.2 Planområdet



Figur 1: Oversiktskart befolkning (kilde: SSB)

2 Rammebetingelser

2.1 Nasjonale føringer

- Forurensningsloven
- Vannressursloven
- Vannforskriften
- Drikkevannsforskriften
- Forskrift om kommunale vann- og avløpsgebyr
- Plan- og bygningsloven

2.2 Kommunale planer

Arealdelen til kommuneplan for Volda kommune 2016-2028 er under utarbeidelse, og det ønskes at arbeidet med Hovedplan for VA utarbeides parallelt for å sikre areal til teknisk infrastruktur i kommuneplanen.

Det eksisterer en godkjent fagplan «Hovedplan Avlaup Volda kommune 1996-2000». Det kan være aktuelt å videreføre noe av denne i kommende plan.

3 Detaljering av planarbeidet

Målet med planarbeidet er å avdekke kritiske elementer i Volda kommunes VA-nett, behov for utbedring og nyetablering i henhold til gjeldene kommuneplan og å sikre en overordnet plan som styringsverktøy for planens gyldighetsperiode.

3.1 Vurderinger

For å gjøre vurderinger om hvilke tiltak som er nødvendig skal følgende kartlegges:

- Tilstand på eksisterende ledningsnett for VA
- Kapasitetsvurderinger på eksisterende ledningsnett, herunder også kapasitet for brannslukking
- Planlagte utbyggingsområder
- Tilstand på eksisterende renseanlegg for forbruksvann
- Oversikt over private vassverk
- Tilstand på eksisterende renseanlegg for spillvann
- Overvanns- og flomhåndtering med spesielt fokus på tilknytning til ledningsnettet
- Eventuelt vil det også vurderes tilstand på vannmiljø i kommunens ferskvannsforkomster

3.2 Konsekvensutredning

Gjennom arbeidet med hovedplanen kan det komme fram tiltak som bør spilles inn til kommuneplanens arealdel, der konsekvensutredning kan være aktuelt. Det gjøres ikke konsekvensutredninger i forbindelse med utarbeidelse av Hovedplan for VA.

3.3 Alternativer som vil bli vurdert

Det vil for flere av forholdene som skal utredes være behov for å se på flere alternative løsninger. De underliggende punktene er eksempler på områder hvor det kan være aktuelt å vurdere alternative løsninger.

- Behov for utbedring og nye ledningsnett i forbindelse med at det legges til rette for nye utbyggingsområder
- Alternativer for hovedtraseer
- Behov for nye høydebassenger og trykkøkningsstasjoner for vann
- Lokalisering av eventuelt nye vassverk og reservevannkilder
- Muligheter for samlokalisering av renseanlegg for spillvann

3.4 Innhold i Hovedplan for VA

Arbeidet skal lede ut i ny Hovedplan for VA som i utgangspunktet har gyldighet for perioden 2018-2028, planen vil blant annet inneholde:

- Målsetninger
- Rammebetingelser
- Situasjons- og tilstandsbeskrivelse
- Organisering – administrasjon og drift
- Tiltaksvurderinger
- Oversiktstegninger med aktuelle tiltak
- Handlingsplan med kostnadsoverslag
- Gebyrutvikling

4 Planprosess og medvirkning

4.1 Planprosess

Forslag til planprogram legges ut til offentlig ettersyn i samarbeid med Volda kommune i 6 uker og fastsettes deretter av kommunestyret jmfør plan og bygningsloven § 11-13. Med utgangspunkt i det vedtatte planprogrammet utarbeides Hovedplan for VA for 2018-2028. Høring av denne planlegges i august 2017.

Hovedplan for VA behandles politisk på vanlig måte og parallelt med kommuneplanens arealdel.

4.2 Organisering

Volda kommune er tiltakshaver for planen. Det vil bli opprettet en intern styrings-/prosjektgruppe i kommunen der prosjektansvar er plassert hos teknisk sjef og kommunalteknisk avdeling.

Norconsult AS har fått oppdraget med å utarbeide komplett Hovedplan for VA. Konsulenten, representert ved siv. ing. Tormod Lausund Relling vil, i samarbeid med Volda kommune, utarbeide dokumentene i forbindelse med oppdraget.

4.3 Fremdrift

	2016			2017												2018			
	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	
Utllysning av planprogram																			
Høringsperiode planprogram																			
Vedtak av planprogram																			
Utarbeidelse av Hovedplan VA																			
Delplan Vassmiljø																			
Utsendelse til offentlig ettersyn																			
Høringsperiode Hovedplan VA																			
Vedtak ny Hovedplan VA																			
Kommuneplanen sin arealdel																			

4.4 Informasjon og medvirkning

Innsyn i planarbeidet sikres gjennom at planprogrammet (dette dokumentet) og ny hovedplan sendes ut til offentlig ettersyn. Det vil være muligheter for å gi innspill til prosessen og planarbeidet ved å ta skriftlig kontakt med teknisk etat i Volda kommune.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Dag Dårflot Magnar Selbervik Ø.K	Arkivsak nr.:	2012/1159
		Arkivkode:	M50, &00, &13

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
117/17	Formannskapet	27.06.2017

FRAMLEGG TIL REVISJON AV FORSKRIFT FOR HANDSAMING AV AVFALL OG SLAM I ØRSTA OG VOLDA KOMMUNAR

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap legg framlegg til Renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar – Kommunal forskrift for handsaming av avfall og slamtømming ut på høyring i 8 veker, Jf. forvaltningslova §37

Vedleggsliste:

X	06.04.2017	06.04.2017	Framlegg til revidert forskrift for renovasjon og slam	Selbervik Ø.K / Dårflot V.K
I	16.11.2016	15.11.2016	Revidering av forskrifter	VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS VØR
X	10.04.2017	02.03.2017	Kommentar til forslaget til forskriftsendringar	
I	E-post av 08.06.17		§ 14 b) Tømmefrekvens på slamavskillar	Selbervik Ø.K

Uprenta saksvedlegg:

Gjeldande renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar

Saksopplysningar/fakta:

Volda og Ørsta Reinholdsværk (VØR) ber i brev av 15.11.2016 om at eigarkommunane Ørsta og Volda startar prosessen med å revidere gjeldande renovasjonsforskrifter. Bakgrunnen er nasjonale mål og eit vedtak i representantskapen i VØR med målsetjing om 60 % materialattvinning innan 2020. Dette krev at alle abonnentane sorterar ut organisk avfall

(matavfall). Målsetjinga samsvarar med måla i kommunane sin klimaplan, som innan avfall har hovudmål om: «*reduisert vekst i produksjon av avfall og auke graden av ombruk*». Eit av delmåla i planen er «*attvinning av våtorganisk avfall skal vere 45 kg pr innbygger/år innan 2013*». Heimelen for å krevje slik sortering frå abonnentane er renovasjonsforskrifta.

Det nasjonale målet innan avfall er at: «*veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogeleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting*». Dette målet er ikkje nådd og avfallsmengda har auka med 60 % frå 1995 til 2014. Miljødirektoratet har difor teke initiativ til krav om auka materialgjenvinning gjennom lovpålagt innsamling av plast og matavfall i alle kommunar.

Det vart halde møte mellom VØR og kommunane i januar 2017. Det vart avtala at VØR utarbeidde eit framlegg til ei justert forskrift og ca konsekvensar ulike løysingar vil ha for storleiken på gebyra. Vedlagt følgjer «kommentarar til forslaget til forskriftsendringar».

Når renovasjonsforskrifta må reviderast er det samtidig ønskjeleg med oppdatering på einskilde andre område som kommunikasjonsform med abonnentane, nedgravde løysingar, avklaring på nokre ukklarheiter i den delen av forskrifta som omhandlar tømning av slam og opprydding i språkbruk og struktur. Framlegg til endringar kan summerast slik:

- Målformuleringa i § 1 vert korta ned og knytt til nasjonal avfallspolitikk som er i stadig endring.
- Mottak av avfallstypar som ikkje er omfatta av tvungen renovasjon treng ikkje forskriftsheimel og vert teke ut, jf § 5.
- Obligatorisk henteordning for innsamling av våtorganisk avfall anna kvar veke i § 3a og § 8b.
- Endring til innsamling kvar 4. veke av rest og papir i § 3
- Bringeordning til innsamlingspunkt for glas og metallembalasje vert erstatta av ei henteordning kvar 13. veke i § 3a og § 8b og c.
- Ordet husvære bytta ut med hytte/fritidshus.
- Presisering at avstanden til offentleg veg for fritidsbustad skal målast i luftline i § 3b.
- Referanse til gjeldande lovverk og rettleiarar for definisjonar i § 3d, grunna stadig endringar.
- Ekstrasekk erstattar avfallsekk i § 3e, og restavfall erstattar grovavfall i § 3f.
- Definisjonen av VØR kommunane går ut då dette står i overskrifta.
- Nytt punkt om eigedomsretten til avfall som vert samla inn i § 3h.
- Kravet til isolert kompostbinge i § 6 vert stroke for å opne for nye løysingar som td Bokhasi bøtter, men framleis krav til avtale med VØR.
- Presisering av at ansvaret for reingjering av nedgravde containerar i § 7a ligg til VØR.
- Presisering av at avfallsbehalderar må vere leverte inn til VØR for å kunne få fritak frå gebyr i §10c.
- Det eigne klageutvalet for VØR-saker i § 11 vert fjerna. Styret i VØR er då klageorgan.
- Hentefrekvens berre differensiert ved kompostering og då gjeld eigne avtalar,
- Innføring av heimel i § 9 for styret i VØR til å frita einskilde eigedommar frå eit eller fleire krav til kjeldesortering etter § 8b, der einskilde eigedommar med lite avfall ligg slik til at det ikkje vil vere samfunnsøkonomisk forsvarleg å krevje kjeldesortering sett i forhold til auka transport.
- Heimel for bruk nye metodar for varsling av slamtømning, som sms, e-post, Altinn,
- Konkretisering av krava til vegtilkomst for slamtømning, og innføring av eige høgare gebyr for bruk av særskilt tømemateriell ved vegtilkomst tilsvarande vegklasse 5 i

normal for landbruksvegar – sommarbilveg. Anlegg ved slike vegar har ikkje krav på naudtøming vinterhalvåret.

- Tøming av slam med traktor og vogn går ut då dette ikkje lengre er i bruk.
- Presisering i § 13c til krav til rapportering av samla volum slam.
- Minimums frekvens for tøming av slamavskillarar for gråvatn i § 14.

Vurdering og konklusjon:

Det er alternativet som Representantskapen i VØR har rådd til og som gjev mest materialgjenvinning og minst auke i gebyret som ligg i framlegget til ny forskrift. Dette er omtala som alternativ 1 i vedlegget og omfattar kort oppsummert:

- Ny henteordning for mat/ våtorganisk kvar 2. veke,
- restavfall kvar 4. veke,
- papir/plast kvar 4. veke og
- obligatorisk henteordning for glas /metall kvar 13 veke.

Framlegg til endra forskrifta er basert på tilrådinga frå Representantskapen i VØR, som tek sikte på å kome i gang med obligatorisk innsamling av mat/organisk avfall i løpet av 2018. Med utsortering av matavfallet i eigen behaldar, som vert henta kvar 2. veke vil også restavfallet kunne hentast sjeldnare, då fare for lukt/smitte er sortert ut i annan fraksjon. For å ha ein ryddig og rasjonell innsamlingsfrekvens er det då klart ønskjeleg å også justere papir- og plastinnsamlinga til dei same vekene som matavfall (kvar 2. veke) og restavfall (kvar 4. veke). Dette samsvarar også med dagens frekvens og henteordning for NOMIL (Nordfjord). Sjølve storleiken på gebyra vert å kome attende til i samband med gebyrregulativet.

I nokre få heilt konkrete høve kan det verte behov for å frita einskilde eigedommar frå krav til kjeldesortering. Dette der ein eigedommar ligg slik til (td siste busetjing i ei grend med elles lang transportveg) at det ikkje vil vere forsvarleg å krevje kjeldesortering sett i høve utslepp frå transport. Det vert difor innført ein eigen heimel til å kunne gjere unntak i § 9.

Ei obligatorisk henteordning for glas og metall vil gje både ei meir rasjonell innsamling og auka mengde glas og metall i høve bringeordninga til returpunkt som gjaldt i den gamle forskrifta og bidreg såleis til å nå måla om auka materialattvinning.

Nokre få eigarar av fritidsbustadar har utfordra tolkinga av avstand frå hytte til offentleg veg i § 3b og ein ser behov for ei presisering av at avstanden skal målast i luftline. Dette for å ha ein mest mogleg lik praksis og unngå å måtte nytte ressursar på kartlegging av stiar i felt for einskild hytter.

Løysingar med nedgravne innsamlingstankar i sentrumsområda har auka aktualitet og er eit tiltak som opprettheld høgt servicenivå for abonnentane, og generere mindre bruk av arbeidskraft.

Vi rår elles til å fjerne det eigne klageutvalet for VØR-saker i § 11. Styret i VØR er då klageorgan for vedtak med heimel i renovasjonsforskrifta . Det eigne klageutvalet for VØR saker har knapt vore nytta og det bør vere tilstrekkeleg med ein klageinstans, jf vanleg forvaltningsrett.

For å imøtekomme krava til kommunane tek vi med ei presisering om krav til rapportering av samla slamvolum i § 13c. Alle slamavskillarar er omfatta av § 14 og skal tømast regelmessig, men slamavskillarar knytt til reine gråvassanlegg har ikkje hatt definert tømefrekvens. Slike anlegg vert meir vanlege i kombinasjon med tette svartvassstankar og då i tilknytning til sårbare ferskvatn-resipientar. Dette vert difor no teke inn i forskrifta.

Krava til vegstandard i § 7c gjeld for både renovasjon og slamtøming. Særleg i høve slamtøming møter ein utfordringar både i høve vegstandard og vedlikehald. Med tilfresstillande kurvatur og stigningsforhold vert det lagt til grunn krava i vegklasse 4 i normaler for landbruksveggar. Vi ser likevel behov for å innføre eit eige høgare gebyr for bruk av særskilt tømestoff ved tøming av slam og tette tankar på vegtilkomstar som har dårlegare standard tilsvarande vegklasse 5 i normalar for landbruksveggar (sommobilveg utan hengar). Dette er ei vegklasse som berre skal nyttast der det ikkje er teknisk mogleg å bygge ein høgare vegstandard. Anlegg ved slike veggar kan då ikkje få krav på naudtøming vinterhalvåret og det bør ikkje opnast for nye anlegg basert på tilkomst frå slike veggar.

Det pågår arbeid med etablering av eit interkommunalt samarbeid om sakshandsaming og tilsyn med spreidde avløpsanlegg, som oppfølging av vedteken forvaltningsplan for vatn. Korleis ansvaret for slamtøminga då vert organisert lyt ein kome attende til. Ei eventuell endring vil uansett måtte tilpassast periodane på anbudskontrakter med entreprenør og ligg såleis noko fram i tid. Tilsvarande er situasjonen i høve varsla samanslåing mellom Hornindal og Volda kommune frå 2020 noko ein lyt kome attende til når meir er avklara. Dei endringane som ligg i framlegget til ny renovasjonsforskrift for standard abonnement inneber ein tilnærma lik praksis i høve renovasjon mellom Ørsta-Volda (VØR) og Hornindal (NOMIL). Einaste ulikheita er tømefrekvensen på glas og metallavfall som er kvar 10. veke i NOMIL sitt område og kvar 13. veke innan VØR sitt dekningsområde. For fritidsbustadar er det derimot noko ulikt innslagspunkt med arealgrense i NOMIL og innlagt straum i Volda og Ørsta. Kommunesamanslåinga mellom Hornindal og Volda vert i høve renovasjon og tøming av slam mest eit organisatorisk spørsmål og det er då selskapsavtalen som primært må sjåast på. Renovasjonsforskrifta lyt likevel også oppdaterast når dette er klart.

Ei forskriftsendring må følgje forskriftsreglane i forvaltningslova, og det er kommunane som har slikt mynde. Det er også kommunane som lovfesta plikt til å sørge for innsamling av hushaldningsavfallet (jf forureiningsloven § 30). Kvar kommune må gjere vedtak om å leggje framlegget til ny forskrift ut til høyring. Når fristen er ute skal merknadene handsamast i kommunane og ny felles forskrift kunngjerast. Først når forskrifta er kunngjort, vil den tre i kraft. For å kunne kome i gang med obligatorisk innsamling av våtorganisk avfall (matavfall) hastar det såleis å få vedteke ny renovasjonsforskrift.

Rådmannen rår til at framlegget til endra forskrift for renovasjon vert lagt ut til høyring i 8 veker då høyringsperioden vil falle saman med fellesferien.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Dato: 24.02.17

Sak: Kommentarer til forslaget til endring av renovasjonsforskriftene.

§ 1. Mål: Den nye formuleringa sikrar betre koplinga mot nasjonal avfallspolitikk, som stadig er i endring.

§ 3. a) Styre og representantskap har tilrådd å starte med eigen innsamling av våtorganisk avfall. Hentefrekvens annakvar veke på det våtorganiske avfallet. Kvar fjerde veke på rest og papiravfallet og kvar 13 veke av glas og metallemballasje. Dette er innarbeida i punkt a.

Under punktet fritidsbustad er ordet fritidshusvære innført, som vi meiner er meir dekkande for funksjonen enn fritidshus / hytter. Miljødirektoratet nyttar definisjonen «fritidseiendom», og den kan alternativt nyttast.

b) Ordet husvære er bytta ut med «hytte / fritidshus». Avstand 1000 m i luftlinje er innført for å klargjere korleis ein reknar avstand frå offentleg veg, og er ein enkel måte å finne avstand på utifrå kart. Ikkje sti, trakk eller rås, som krev administrativ kartlegging i felt. Definisjonen er lik den Vanylven kommune nyttar for å kome fram til kven som er omfatta av ordninga.

d) Definisjonane på ulike typer avfall kan vere lange og kronglete formulert. I tillegg kjem det stadig endringar frå Miljødirektoratet (MD). For å vere trygg på at alt er med og oppdatert til ei kvar tid, vil vi rå til at ein nyttar referansar til lovverket og MD sine vegleiarar.

Den gamle definisjonen av våtorganisk avfall var innretta mot kompostering. Den nye definisjonen er meir tilpassa innsamling av våtorganisk avfall som eigen fraksjon

e) Avfallsekk er meir og meir på veg ut, og vert no berre nytta som ekstrasekk i samband med mykje avfall. Forskrifta er tilpassa dette.

f) Grovavfall som ord er på veg ut i bransjen og erstatta av restavfall

h) Vi har lagt inn referanse til Forureiningslova for å vere sikker på at vi får med eventuelle endringar i den utan å måtte endre forskrifta.

Vi har fjerna definisjonen på VØR kommunane i forskrifta, då dette står i overskrifta på forskrifta at den gjeld i Volda og Ørsta Kommunar.

Ny setning om eigedomsrett til avfall er ei formalisering av kva som har vore praksis sidan VØR vart oppretta.

§ 4. Opprydding og klargjering av språkbruken. Ikkje realitetsendringar.

§ 5. Vi foreslår å stryke dette punktet, då det er eit punkt som ikkje treng forskriftsheimel.

§6. Opprydding og klargjering av språkbruken. Ikkje realitetsendringar. Heimekompostering er ein avtale ein inngår med VØR, men det er Kommunestyra som fastset gebyr for tenestene. Vi foreslår å ta bort setninga om isolert kompostbinge, for å tilpasse oss nye metodar som t.d Bokhashi bøtter.

§ 7. 10 m³ containerar og nedgravne containerar er uråd å gjere reine utan kran eller komprimatorbil. Derfor må ansvaret ligge til VØR.

Plassering av returplastsekken m.v. er flytta frå § 3.

b) Klargjering av språkbruken som nemnt under § 3 a) definisjonar. § 8 a) 1 ledd: Betre språkbruk
5 ledd foreslår vi å stryke ei setning, då dette og står i 2. ledd.

b) Opplisting av dei to nye behaldarane det no vert innført ordningar for.

c) Glas og metall skal bort frå returpunkt. Derimot er det aktuelt for tekstilinnsamling. Vi synes det er betre språkbruk og i tråd med definisjonane i § 3, slik det no framstår.

§9. Betre språkbruk

b) Viktig referanse til avfallsforskriftene.

§ 10c) Presisering i forskrifta på forvaltningspraksis. Avfallsbeholdarane må vere innleverte for å kunne få fritak for gebyr.

d) Hentefrekvens er ikkje differensiert lenger, anna enn ved kompostering, og då gjeld eigne avtalar.

§ 11. Vi foreslår å ta bort dette eige klageutvalet for VØR saker, då vi berre har hatt ei klagesak til organet på 17 år. Det bør som hos Nordfjord Miljøverk vere nok med klagerett til organet som har gjort vedtaket, og til organet over det. Dvs to runder med klage.

§13. Presisering og betre språkbruk.

§14. Dette gjeld modernisering av varslingsmetodane. Her har entreprenørane for lengst gått over til SMS og e-post. Stat og kommune brukar Altinn i større og større grad.

d) Kommunane bad om tydligare språkbruk for vegtilkomst. Vi har prøvd oss på ei formulering som vi trur kan brukast. Heilårstøming må følgje dagens krav i § 7. Sommartøming i tråd med krava til tømmertransport i vegklasse 5. Men då kan ein ikkje ha krav på naudtøming vinterstid.

§ 15. Vi fjernar orda traktor med vogn, då dette ikkje er i bruk lenger. Verken hos noverande eller tidligare entreprenør.

Petter Bjørdal

Dagleg leiar

Vedlegg:

Modellar som syner innsamlingskostnader med ulike alternativ

Forslag til endra forskrifter

Gebyrauke som følgje av innsamling og omlasting av fleire avfallsfraksjonar:

Innsamlinga

Det er eit relativt omfattande arbeid å lage innsamlingsruter for alle delar av kommunane med ulike modellar for innsamling. Det har vi derfor ikkje gjort.

For å få fram kostnadene med ulik hentefrekvens som kommunestyra kan bruke som vurderingsgrunnlag i si handsaming av forskriftene, har vi tatt utgangspunkt i kostnaden med dagens innsamling pr behaldar, og så brukt den sjablongmessig i dei ulike modellane. Alt er rekna ut frå 2016 tal.

Vi har altså føresett at den kostnaden vi i dag driv innsamlinga på pr behaldar, skal vi og greie å halde med evt ein behaldar meir, og evt ein eller to bilar meir.

Klima og miljøeffekter

Noreg har ratifisert klimaplanen frå Paris. Der pliktar Noreg seg til å redusere transport med 20 %. Ved nokre av modellane nedanfor, aukar transporten derimot. Det ein må vere merksam på er at miljøeffekten er positiv når ein aukar materialgjenvinninga ved dei fleste val av innsamlingsmetode. For den som ønskjer å studere dette nærare, så har Østfoldforskning dokumentert dette i fleire rapportar. Det er likevel rett å nemne at minimering av transport er ein av dei variablane representantskapen la vekt på når dei handsama saka.

Mepex, ein av dei største aktørane i norsk avfallsbransje som driv med rådgiving om avfall, har undersøkingar som syner at eigen behaldar for våtorganisk avfall i kombinasjon med månadshenting av restavfallet, gir best utsortering og dermed høgast materialgjenvinning. Mepex opererer med 20 % reduksjon i utsortert mengde med posesorteringsteknologi og 50 % med robotsortering. Alternativ 5 er slik modell med robotsortering i etterkant.

Nordfjord Miljøverk som organiserar innsamlinga av avfall hos ca 33.000 innbyggjarar i Nordfjord har innsamlingsmodell lik det representantskapen syner til i alternativ 1.. NoMil samla inn 72 kg matavfall pr innbyggjar i 2015, noko som er rekna for å vere svært bra. Oslo som har poseinnsamlingsystem (optibag / robotsortering av eigne farga posar i etterkant) har til samanlikning rundt 30 kg med våtorganisk avfall pr innbyggjar.

SMHIL som held til på Helgeland, har lengre erfaring med posesortering enn Oslo, og ligg i overkant av 40 kg pr innbyggjar pr år. Fordelen med posesortering er der det er tett busetnad, mange burettslag og i svært grisgrendte områder der avstanden mellom abonnentane er stor.

Biletet er likevel ikkje svart kvit. Innsamlingsfrekvens må kombinerast med godt motiverings og informasjonsarbeid for å få godt resultat uansett løysing.

Nytt omlastingsanlegg.

Detaljkostnadene knytt til dette er i dag ikkje kjent. Vi er inne i forarbeidet med konsesjonshandsaming av ny lokalitet på Melsgjerdet i Ørsta Kommune, og først når krava i konsesjonen er klare, vil vi kunne gjere relativt detaljerte kostnadsoverslag med investering og drift av ny omlaststasjon. Detaljane kring dette er truleg ikkje klart før seint på hausten 2017. I tala i denne saka har vi lagt inn 20 mill i avskrivbare investeringar for å kome fram til talet på kr 95,- pr abonnent

Det er heller ikkje slik at 0- alternativet, å fortsette som i dag, er utan kostnadsauke. Fortsetter vi i Hovdebygda utan å gjere endringar i innsamlingsordningane våre, må vi likevel gjere bygningsmessige tiltak. Lageret av glas og metall emballasje må til dømes byggjast tett med tak og veggar. Lageret av trevirke som ligg ute må og byggjast tak over.

Behaldar for matavfall og behaldar for glas og metall for dei 1/3 av abonnentane som ikkje har slik. Investering i 1 stk. behaldar for matavfall i tillegg av behaldar for dei som ikkje har behaldar for glas og metallemballasje i dag (om lag 1/3 av abonnentane) og utlevering av disse er kalkulert til kr 66,70 pr abonnement pr år.

Samla for behaldarar og omlastingshall kr 161,70 pr. abonnement.

Val av modellar

Vi har sakshandsama fire ulike modellar i tillegg av 0- alternativet som er dagens ordning.

Alternativ 1 er representantskapen sitt tilrådde alternativ. Mat/ våtorganisk kvar 2. veke. Rest kvar 4. veke, papir/plast kvar 4. veke og glas /metall kvar 13 veke.

Alternativ 2 som er ein mellommodell som blant andre Vestfold kommunane nyttar. Mat/ våtorganisk kvar veke. Rest kvar 3. veke, papir / plast kvar 3. veke og glas /metall kvar 13 veke.

Alternativ 3 som er dagens VØR modell med Mat/ våtorganisk avfall kvar 2 veke. Mat kvar 2. veke. Rest kvar 2. veke, papir/papp/plast kvar 3. veke og glas /metall kvar 13 veke.

Alternativ 4 som er dagens VØR modell med Mat/ våtorganisk avfall kvar veke. Mat kvar veke. Rest kvar 2. veke, papir/papp/plast kvar 3. veke og glas /metall kvar 13 veke

Alternativ 5 er ingen endring av dagens innsamlingsmodell, der matavfallet vert levert saman med restavfallet i eigen grøn pose, og så utskilt i etterkant ved optisk sortering/ robotsortering. Rest med pose for matavfall kvar 2. veke, papir/papp/plast kvar 3. veke og glas /metall kvar 13 veke.

Innsamling etter alternativ 0 og 5 vil sjølvsagt vere det billigaste, då det samlar inn tre fraksjonar mot dei andre alternativa som samlar fire fraksjonar. Alternativ 5 får kostnadene på etterhandsaminga.

Alternativ 1-4 samlar inn fire fraksjonar. Ein meir enn i dag.

Alternativ 0.

Vi har vore usikker på om vi skulle ta med alternativ 0, sidan Miljødirektoratet i sitt forslag til departementet, ber om at særskild innsamling av plast og matavfall i alle kommunar vert lovpålagt.

Det vil heller ikkje vere mogleg å nå krava til regjering og storting om minst 50 % materialgjenvinning utan at matavfall / våtorganisk avfall vert sortert ut som eigen fraksjon. Av den grunn har dette alternativet interesse berre for å få fram auke i gebyr som følgje av innsamling av ein fraksjon meir.

0 alternativet: Dagens ordning men med reduksjon i hentefrekvens glas frå kvar 10 til kvar 13 veke og obligatorisk innsamling av glas og metallemballasje.

Totalt 47,3 tømingar hos abonnent
Restavfallet henta kvar 14. dag dvs 26 tømingar pr år
Papiravfallet henta kvar tredje veke dvs 17,3 tømingar pr år
Glas og metallavfall henta kvar 13. veke, dvs 4 tømingar pr år.
Utlevering og avskrivning av behaldar for glas/ metall kr 16,67,-

Sum alternativ 0 kr 485,84 pr abonnement.

Alternativ 1 - representantskapen sitt tilrådde alternativ som blant andre Nordfjord brukar

Totalt 54 tømingar hos abonnent.
Mat/ våtorganisk kvar 2. veke
Rest kvar 4. veke
Papir/plast kvar 4. veke
Glas /metall kvar 13 veke
Innsamlingskostnad kr 535,64 pr abonnement pr år.
Behaldarar og omlastingsstasjon kr 161,70

Sum gebyrauke alternativ 1 kr . Kr 211,-

Alternativ 2 som er ein modell som liknar det Vestfold kommunane nyttar.

Mat / våtorganisk kvar veke.
Rest kvar 3. veke,
Papir/ plast kvar 3. veke,
Glas /metall kvar 13 veke.
Innsamlingskostnad kr 898,70 pr abonnement pr år.
Behaldarar og omlastingsstasjon kr 161,70

Sum gebyrauke alternativ 2. Kr 574,-

Alternativ 3 som er dagens VØR modell med Mat/ våtorganisk avfall i tillegg. Mat/restløysing lik med Romsdalkommunane. Men dei har 4. kvar veke henting av papir/plast.

Mat / våtorganisk kvar 2. veke.
Rest kvar 2. veke,
Papir/papp/plast kvar 3. veke og
Glas /metall kvar 13 veke.
Innsamlingskostnad kr 727,09 pr abonnement pr år.
Behaldarar og omlastingsstasjon kr 161,70

Sum gebyrauke alternativ 3. Kr 403,-

Alternativ 4 som er dagens VØR modell med Mat/ våtorganisk avfall i tillegg kvar veke.

Mat / våtorganisk kvar veke.
Rest kvar 2. veke,
Papir/papp/plast kvar 3. veke og
Glas /metall kvar 13 veke.
Innsamlingskostnad kr 985,00 pr abonnement pr år.
Behaldarar og omlastingsstasjon kr 161,70

Sum gebyrauke alternativ 4. Kr 661,-

Alternativ 5. Som i dag, men der matavfallposen vert levert i restavfallsbeholdaren i eigen grøn pose, som vert sortert ut i ettertid

Mat / våtorganisk avfall i eigen grøn pose saman med restavfallet kvar 2 veke.

Papir kvar 3. veke

Glas og metallavfall kvar 13. veke.

Kjøp av grønne posar kr 50,- pr abonnement pr år. Utlevering av disse går saman med returplastsekkane som vi leverar ut årleg i dag. Dvs utan meir tidsbruk enn i dag.

Sum alternativ 5 kr 485,84 i innsamlingskostnad pr abonnement

Omlasting og utlevering av grønne posar kr 145,-

Sortering av disse i etterkant kr 330,-pr abonnement. Dette inneber investering i sorteringshall og posesorteringssystem til kr 30 mill. inklusiv drift av dette.

Sum gebyrauke alternativ 5 kr 475,-

Avslutning:

Representantskapen har tilrådd den løysinga som gir mest materialgjenvinning og minst auke i gebyret. Sjå tabell.

Alt	Mat	Rest	Papir	Glas og metall	Gebyrauke
1	Kvar 2. veke	Kvar 4 veke	Kvar 4 veke	Kvar 13 veke	Kr 211,-
2	Kvar veke	Kvar 3 veke	Kvar 3 veke	Kvar 13 veke	Kr 574,-
3	Kvar 2. veke	Kvar 2. veke	Kvar 3 veke	Kvar 13 veke	Kr 403,-
4	Kvar veke	Kvar 2. veke	Kvar 3 veke	Kvar 13 veke	Kr 661,-
5	Kvar 2. veke	Kvar 2. veke	Kvar 3 veke	Kvar 13 veke	Kr 475,-

Utfordringa med alt 1 er sjeldan hentefrekvens, som rammar dei som av ulike grunnar nyttar bleier og liknande.

Om dette kan løysast med særskild innsamling enten ved søknadsordningar eller på andre måtar, vert å avklare under høyringsprosessen.

Mvh

Petter Bjørdal

Dagleg leiar

E-post 08.06.17 09:19

Hei, Magnar Selbervik ba meg om å sende denne endringa til deg.

§ 14

b) Frekvens på tøming av slamavskiljar

Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank for slam. For eigedomar med fast busetjing/heilårsbustad og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljar tømast ein gong kvart andre år. Andre slamavskiljarar skal tømast ein gong kvart fjerde år. Tette oppsamlingstankar skal tømast i god tid før dei er fulle og minst ein gong kvart år. I særlege høve kan VØR fastsetje annan tømefrekvens enn nemnt ovanfor.

Helsing

Aud Hovdenakk

[Plan og miljøavdelinga](#)

[Plan- og utviklingstaben](#)

Direkte 70049789

E-post aud.hovdenakk@orsta.kommune.no

Web www.orsta.kommune.no



ØRSTA KOMMUNE

Dato: 15.11.16

Sak: Endringar av renovasjonsforskrifter.

VØR ber om dette om møte med våre eigarkommunar, med sikt på å starte prosessen med å revidere gjeldande renovasjonsforskrifter.

Bakgrunnen for dette er først og fremst at representantskapen i VØR har vedteke eit mål om 60 % materialgjenvinning innan 2020. Målet føreset at alle abonnentar sorterar ut organisk avfall (matavfall) og leverer dette i eigen oppsamlingseining frå 2018. I vedtaket til representantskapen er det føresett at VØR vidaresender dette avfallet til biogass eller kompostering.

VØR kan ikkje starte opp med innsamling av matavfall frå abonnentane, utan forskriftsheimel. Legalitet til dette ligg til kommunen.

Når forskriftene no skal endrast, ynskjer vi også å oppdatere forskriftene med innsamling av glas og metallemballasje hos den enkelte abonnent. Dette har VØR innført frivillig og godt over 70 % av abonnentane har i dag slik behaldar. Dette ynskjer vi no å breidde ut til å gjelde alle.

Vidare er her nokre formuleringar som bør endrast i takt med at nye kommunikasjonsformer har tatt over for det tradisjonelle brevet. Nedgravd løysing og vilkår knytt til det må og inn.

Slamdelen i forskriftene bør også gjennomgåast. Sist forskriftene vart revidert, var spørsmål knytt il utslepp av gråvatn framme, utan at det førte til ei forskrift som omfatta dette. Vi har registrert nabo konflikhtar knytt til dette, så her bør kommunane avklare om dagens formuleringar i forskrift skal vidareførast eller ikkje. Vidare har kombinasjonen vakum toalett (Jets), storleik på slamtanken og tømefrekvens vore eit spørsmål som har vore jamt oppe. Dette er spørsmål som kommunen bør avklare på fagleg grunnlag.

Vi høyrer frå dykk.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar



Framlegg til revidert forskrift for renovasjon og slam

Renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar Kommunale forskrifter for handsaming m.v av avfall og slamtøming

Vedteke av Ørsta kommunestyre i sak xx/17 den xx.xx.2017 og Volda kommunestyret i sak xx/17 den xx.xx.2017 i fylgje lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova, frl) §§ 30, 31 og 34, 79 og 83.

Kapittel 1

§ 1. Mål for avfallssektoren

Forskrifta har som mål å arbeide for at avfall som oppstår vert handsama på ein trygg, kostnadseffektiv og miljørett måte i samsvar med nasjonal avfallspolitikk.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld kjeldesortering, oppsamling, innsamling og transport av alle typar avfall og slam som kommunane sjølvpålagt, etter forureiningslova eller ved delegering frå overordna forureiningsmynde, er tillagt mynde over. Dette inkluderer farleg avfall frå hushaldningar og bedrifter dersom mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i avfallsforskrifta.

Denne forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning. Også fritidseigedommar.

VØR avgjer i tvilstilfelle kva som reknast som sjølvstendig brukseining i bygning. VØR kan gi nærare retningsliner for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

§ 3. Definisjonar

a) Abonnement

Standard er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metalleballasje kvar 13 veke.

Standard pluss er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2. veke 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Kompostering er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Kompostering pluss er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Storhushald er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke, 1 stk. 240 l dunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Storhushald pluss er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke, 1 stk. 240 l dunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 340 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Samarbeid er abonnement med felles behaldar for våtorganisk avfall med henting kvar 2. veke, restavfall kvar 4. veke, papiravfall kvar 4. veke og glas og metall emballasje kvar 13. veke. Abonnentane kan velje mellom ulike storleikar av behaldarar. Kravet for å inngå delingsavtale er at eigedomane er naboar eller ligg i nærleik til kvarandre og at abonnentane seg imellom har avtale om reinhald og framsetting av dunkane. Ved tvil vert dette avgjort av VØR.

Nedgrave fellesrenovasjon er abonnement med oppsamling av avfall i nedgravne containerar.

Fritidsbustad er abonnement for dei med fritidshusvære enten dei har eigen avfallsbeholdar eller må levere avfallet i samleavfallsbeholdar for fritidshus/hytter.

Henteavtale er avtale mellom abonnent og VØR om henting, tøming og tilbakesetting av avfallsdunk på avstandar utover vegkanthenting.

b) Abonnementteining

Fritidsbustad er husvære utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året, med innlagt straum, og som ligg i regulert hytteområde eller i ein avstand til offentleg vei ikkje

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



lenger enn 1000 m i luftline. Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedomen. Fritidsbustad er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrift.

Gebyreining/brukseining er husvære som er bygd eller ombygd til bruk for ein eller fleire personar og som har eigen inngang. Husværet kan anten vere leilegheit eller hybel. Ei gebyreining er ei leilegheit med fleire bruksrom dvs minst eit rom og kjøkken (eventuelt tekjøkken) og eigen inngang.

Hybel er ½-gebyreining/brukseining og er husvære utan kjøkken og er eit rom med eigen inngang, der det er tilgang til vatn og toalett.

c) Abonnent

Abonnent er eigar eller festar av eigedom som er tilslutta den kommunale renovasjonsordninga jf. forureiningslova § 34, fjerde ledd. Leigetakar/brukar av eigedom kan unntaksvis stå som abonnent/rekningsmottakar dersom dette vert avtalt mellom VØR og eigar. Eigaren er likevel økonomisk ansvarleg for uteståande gebyr leigetakaren/brukaren måtte ha overfor kommunen. Dersom eigedomen er festa vekk for minst 30 år, eller i dei høva festet kan forlengjast utover 30 år, skal festaren reknast som abonnent.

Leigetakar/brukar: Dersom leigetakar/brukar og abonnent ikkje er same juridiske person, er leigetakar/brukar sine plikter dei same som abonnenten sine plikter, med unnatak av det økonomiske forholdet til VØR.

d) Avfall

Avfall er lausøyregjenstandar og stoff som skal regnast som avfall i høve forureiningslova sin § 27 og Miljødirektoratet, heretter kalla MD sin vegleiar TA-2001/2003.

EE avfall (elektrisk og elektronisk avfall): Kasserte ee-produkt, det vil seie produkt som er avhengig av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for korrekt funksjon. MD avgjer i tvilstilfelle kva som er ee-produkt, jf avfallsforskrifta kap 1.

Farleg avfall (tidligere spesialavfall) er avfall som det ikkje er føremålstenleg å handtere saman med hushaldningsavfall eller næringsavfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for menneske eller dyr. Døme på helse- og miljøfarleg avfall kan vere maling, spillolje, løsemiddel, plantevernmidde og bilbatteri, jf forureiningslova § 27a tredje ledd og avfallsforskrifta kap. 11.

Glas og metallemballasje: Glas eller metall-emballasje frå hushaldningar.

Grovavfall, sjå restavfall.

Hushaldningsavfall er vanleg avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande frå hushaldningar og fritidsbustader, jf forureiningslova § 27 andre ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



Kompostering er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang der restproduktet vert jord.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemdar og institusjonar, jf forureiningslova § 27 tredje ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Returplast er plastemballasje som kan gå til attvinning i eigen returplastsekk som VØR leverar ut kvart år til alle abonnentar.

Restavfall er avfall som vert igjen etter kjeldesortering eller sentralsortering av hushaldnings- eller næringsavfall.

Risikoavfall er sprøytespissar, bandasjar og anna smittefarleg avfall frå helseinstitusjonar/ kontor mv.

Våtorganisk avfall er lett nedbrytbart avfall av animalsk eller vegetabilsk opphav, slik som matavfall, hageavfall og planterestar.

e) Oppsamlingseining

Avfallsbeholdar/ avfallsdunk/ fellescontainer/ nedgravne anlegg er ei oppsamlingseining for avfall som VØR stiller til rådvelde for abonnentane. VØR kjøper, leverer ut og eig avfallsbeholdarane. VØR skiftar ut avfallsbeholdarane når det er naudsynt. Nedgraven løysing føreset avtale med VØR, jf. § 2. tredje ledd.

Det må berre nyttast avfallsbeholdarar tildelt/godkjent av VØR. Avfallsbeholdarane er registrert på den einkilde eigeedom og skal ikkje flyttast ved endringar i eigar eller festetilhøve.

Avfallssekk er 100 liter svarte sekkar merka med VØR-logo. Slike godkjende avfallssekkar kan kjøpast hjå VØR og nyttast som ekstrasekk ved avfallstoppar.

Returplastsekk er gjennomsynlege sekkar som abonnentane skal bruke til å ha rein og tørr emballasjeplast i for attvinning. VØR leverar slike sekkar ut for eit år om gongen.

f) Sortering

Bringeordning er eit kjeldesorteringssystem der abonnenten sjølv bringer sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass t.d. returpunkt eller miljøstasjon.

Henteordning er eit kjeldesorteringssystem der kjeldesortert avfall vert henta av godkjent innsamlar så nær kjelda som praktisk råd.

Kjeldesortering er når abonnenten eller annan avfallsprodusent held visse avfallstypar fråskilt og legg desse i særskilde oppsamlingseiningar eller bringer dei til tilviste mottaksstader.



Returpunkt er lokalt ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levere/sortere ein eller fleire avfallsfraksjonar.

Miljøstasjon/gjenbruksstasjon er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av separert avfall. Alle gjenvinnbare fraksjonar kan leverast på miljøstasjonen i tillegg til restavfall og farleg avfall.

g) Slam

Tvungen slamtøming er ei ordning for tøming av slamavskiljarar og tette tankar og gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank.

h) VØR

VØR er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS som Volda kommune og Ørsta kommune har gitt delegert ansvar i eigen selskapsavtale til å drive med innsamling, sortering og transport av avfall og slam i medhald av forureiningslova, jf forureiningslova § 30, §34 og § 83.

VØR har eigedomsretten til avfall som vert samla inn av eller til VØR.

§ 4. Kommunal innsamling av avfall

Kommunane har med grunnlag i forureiningslova § 30 1. ledd innført tvungen renovasjon for hushaldningsavfall. Alle eigedomar der det går føre seg aktivitet som fører til at det oppstår hushaldningsavfall, vert omfatta av tvungen renovasjonsordning. Tvungen kommunal renovasjon gjeld også for fritidseigedomar.

Ingen må samle inn hushaldningsavfall, irekna papp, papir, drikkekartong, plast og andre avfallstypar til gjenvinning, utan samtykke frå kommunane.

Det er ikkje tillate å brenne hushaldnings-, nærings-, eller farleg avfall anna enn i særskildt godkjende forbrenningsanlegg. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller kaste hushaldningsavfall. Hageavfall og anna våtorganisk avfall kan etter avtale komposterast på eigen eigedom.

For å sikre best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig handtering av avfallet, er abonnenten pliktig til å gjennomføre dei sorterings- og leverings-ordningar av avfallet som VØR til ei kvar tid gjer vedtak om.

Det er ikkje tillate å levere risikoavfall frå helseinstitusjonar innblanda i anna hushaldnings- eller næringsavfall. Dette avfallet skal kjeldesorterast og leverast separat til godkjent mottakar t.d. godkjende handsamingsanlegg for slikt avfall ved større helseinstitusjonar eller destruksjon ved godkjende mottakarar for slikt avfall. VØR si innsamlingsordning vil ikkje gjelde patologisk avfall.

Med grunnlag i § 11-10 i avfallsforskrifta, tilbyr VØR mottak av farleg avfall frå hushaldningar. Denne fraksjonen skal leverast til dei utplasserte mottaka for slikt avfall eller miljøstasjon. Verksemder med mindre mengder spesialavfall kan og nytte seg av den kommunale ordninga ved å levere avfallet ferdig deklarerert på miljøstasjonen.

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



§ 5. Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

- a) Farleg avfall frå verksemd med meir enn 1000 kg spesialavfall/år. Næringsavfall, jf. § 3 d. 7.ledd.
- b) Den som har farleg avfall og næringsavfall er eigar av avfallet, og må sjølv syte for å bringe dette avfallet til godkjent avfallsanlegg eller til anna godkjend handsaming. VØR eller kommunen vil gi opplysningar om kvar slikt avfall kan/skal leverast.

§ 6. Heimekompostering av våtorganisk avfall og hageavfall.

Hageavfall bør så langt det er råd komposterast i eigen hage, alternativt leverast til miljøstasjonen.

Abonntar med nok hageareal, får høve til å heimekompostere våtorganisk avfall og hageavfall. Kommunestyra kan i slike høve gje redusert gebyr etter nærare avtale med VØR. I avtalen vert det fastsett krav til drift av heimekomposteringa, m.a. at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredstillande måte, som ikkje tiltrekkjer seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevnadene. VØR vil gi rettleiing om drift av kompostbingen, og føre kontroll med at godkjende bingar og avtale med VØR vert fylgd. Abonntenen må skaffe seg kompostbinge for eiga rekning.

Ved brot på vilkåra i avtalen, kan VØR seie han opp og påleggje abonntenen å levere avfallet i samsvar med § 4 og § 12 i denne forskrift.

§ 7. Oppsamlingseining og plasseringa av denne

a) Oppsamlingseininga

Oppsamlingseining er den til ei kvar tid godkjende avfallsbeholdar/sekk for innsamling av hushaldningsavfall utlevert av VØR. Abonntenen/brukar er pålagt å notere nummeret på oppsamlingseininga og opplyse om dette når han tek kontakt med VØR i høve avfallsordningane.

Abonntenen er ansvarleg for reinhald av behaldarane. Behaldarane skal berre nyttast til avfallshandtering i samsvar med denne forskrifta. Ved annan bruk av behaldarane enn avfall i samsvar med denne forskrifta, er VØR utan ansvar for skade eller tap av innhaldet. Ved misbruk/aktløyse som skadar behaldaren skal abonntenen betale kostnaden med ny behaldar. Ved kjeldesortering av avfall til materialgjenvinning kan VØR dele ut fleire avfallsbeholdarar til same abonnten.

For rekkjehus, blokker, seksjonerte eigedomar, fritidshus, burettslag og liknande kan desse bruke felles behaldar eller nedgraven container. Reinhald, framsetting m.m. er desse brukarane sitt ansvar. Reinhald av fellescontainerar for fritidshus og nedgravne anlegg er VØR sitt ansvar. Reinhald rundt nedgravde anlegg er brukarane sitt ansvar.

Abonntenen/brukar pliktar å setje rett avfallsbeholdar fram til hentestad innan kl. 06.00 på tømefagen for å ha krav på innsamling. VØR driv innsamling mellom kl. 06.00 og 22.00.

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



Abonnten/brukaren er ansvarleg for at avfallsbeholdaren ikkje valdar skade ved at han kjem på avveggar frå oppstillingsplass eller hentestad.

Abonnten/brukaren skal bringe avfallsbeholdaren tilbake frå hentestad til oppstillingsplass same dag som den er tømt.

Abonnten/brukaren er ansvarleg for at behaldaren vert handsama med varsemnd og halden rein i samsvar med krav frå helseansvarlege myndigheiter. Hushaldningsavfallet skal vere emballert t.d. i plastnett før det blir plassert i avfallsdunken.

Alt avfall som vert sett fram for tømning skal liggje i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at loket kan latast heilt tett til. Dette for at hygieniske ulemper ikkje skal oppstå. Avfallet må ikkje pakkast fastare enn at behaldaren lett kan tømast. På vinterstid er brukaren ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme.

Ved avfallstoppar må abonnentane sjølv skaffe seg tilstrekkeleg kapasitet til avfallet sitt t.d. ved ekstrasekkar. Ved gjentatt overfylling av dunken, kan VØR påleggje den enkelte abonnent større avfallsdunk og dermed høgare gebyr, jf. § 12.

Når ein nyttar avfallssekk skal denne sikrast mot fuglar og dyr ved naudsynte tiltak som nett o.l. Sekkar som vert framborne eller leverte til sentrale oppsamlingseiningar skal vere knyta att. Vekta på sekken skal ikkje vere over 20 kg. Vekta på avfallsdunken ikkje vere over 30 kg/140 l behaldarvolum. Tap av dunk/oppsamlingseining pliktar abonnten å melde snarast til VØR. VØR kan påleggje abonnten å nytte alternative oppsamlingseiningar for å få til ei forsvarleg innsamling og handsaming av avfallet.

Returplastsekken skal på hentedag knytast att og plasserast opp i dunken for papir og pappavfall. Eventuell prising av ekstrasekkar vert fastsett av kommunestyret i samband med sak om gebyrregulativ.

b) Behaldarar for fritidsbustad.

VØR plasserer ut felles avfallscontainerar og syter for naudsynt reinhald, inklusiv av hentestad og oppstillingsplass. Fritidsbustad med eigne avfallsbeholdarar vert å regulere etter § 7 a. Avfallsbeholdarar som er utplasserte og merka med fritidsbustad, skal berre nyttast av brukarar av fritidshusvære.

c) Veg/hentestad

Hentestaden skal vere ved køyreveg, og vert fastsett av VØR. På hentestad skal avfallsbeholdarane stå lett tilgjengeleg på eit flatt og fast underlag i bakkenivå fritt frå portstolpar og liknande inklusiv med fri høgde for innhenting med mekanisk arm. Avfallsbeholdarane skal på hentedag stå i ein avstand 1–3 m frå vegkant (vegkanthenting). Tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere tøminga vanskeleg, slik som tersklar, trappetrinn, parkerte bilar osv. Der fleire dunkar står i lag skal avstanden mellom dunkane vere minst 30 cm.

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



Køyreveg kan vere både privat og offentleg veg. VØR har rett til å stille krav til vegstandard, vedlikehald, tilkomst og utforming av vegane som vert køyrde. Køyreveg som skal brukast i samband med renovasjonsordninga skal anten ha snuplass for stor bil, eller vere gjennomgåande, og renovasjonsbilane skal kunne køyre henterutene på ein lovleg og forsvarleg måte. Godkjend bilveg skal minst ha ei breidde på 3,0 m køyrebane, ei fri høgde på minst 4,0 m, styrke til å tole eit akseltrykk på minst 8,0 tonn og tilfredsstillande kurvatur og stigningsforhold. For å kome fram til avfallsdunken/avfallssekken skal vegen vere fri for hindringar for den som skal hente avfallet. Vinterstid skal tilkomsten vere rydda for snø, og om naudsynt vere sandstrødd.

Når vegen ikkje er tilfredsstillande brøytt eller den har slik teknisk standard at den i det heile tatt ikkje er køyrbar, skal abonnenten bringe avfallet fram til renovasjonsbilen, eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste hentedag. VØR kan i enkelttilfelle samtykkje anna plassering enn det som er nemnt ovanfor, mot eit ekstragebyr som vert fastsett i samband med årleg gebyrfastsetjing (henteavtale). Eigarar av fritidshus/hytter pliktar å levere avfallet sitt i tilviste avfallsbeholdarar som nemnt i denne paragraf punkt b.

§ 8. Sortering av avfallet

a) Hushaldningsavfall

Hushaldningsavfall skal kjeldesorteras for dei avfallsfraksjonar det er etablert innsamlings- og mottaksordningar for. Dette vert gjort for å legge til rette for best mogleg slutthandsaming av avfallet. Avfall levert til VØR kan verte manuelt kontrollert. Ved manglande eller mangelfull sortering vil renovatør ved bruk av klistrelapp eller liknande varsle om mangelen og ikkje ta avfallet med på vanleg rute.

Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar mv. skal vere forsvarleg innpakka for å hindre skade på renovatørane, før plassering i avfallsbeholdaren. Varm oske må avkjølast heilt før den vert emballert og lagt i behaldaren. Oske, avfall frå støvsugar o.l. må vere skikkeleg emballert for å unngå støvplage under innhenting.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det vidare ikkje leggjast større metallgjenstandar, elektrisk eller elektronisk avfall, stein og jord, hageavfall og sand/grus eller bygningsavfall. I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvantenneleg avfall. Farleg avfall eller problemavfall skal ikkje leggjast i behaldaren. Brukaren kan gjerast økonomisk ansvarleg for skader på behaldar, renovasjonsbil eller på tømmeplass for renovasjonsbilen som følgje av aktlaus bruk av behaldaren.

Når ein brukar avfallssekk skal den ikkje fyllast meir enn at den kan knytast att. Avfall som er for stort eller for tungt til den vanlege innsamlingsordninga skal leverast til miljøstasjonen. Tilsvarande skal også andre typar avfall som kan gjenvinnast eller gå til ombruk og det ikkje er oppretta henteordning for, leverast til miljøstasjonen.

b) Henteordning

Alle abonnentar som inngår i tvungen kommunal avfallsordning skal kjeldesortere avfallet i følgjande fraksjonar:

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



- Våtorganisk avfall skal leverast i grøn behaldar med brunt lok.
- Glas og metallemballasje skal leverast i grøn behaldar med gult lok.
- Emballasjeplast skal leverast i samanknytte returplastposar i grøn behaldar med blått lok.
- Papir (aviser, tidsskrift, vekeblad, reklamepapir, papp, kartong, drikkekartong) skal leverast i grøn behaldar med blått lok.
- Restavfall skal leverast i grøn behaldar med grønt lok.

Fraksjonane skal haldast skilt og leggjast i dei utleverte avfallsbeholdarane som står heime hos kvar enkelt abonnent. Det er ikkje tillate å leggje andre typar avfall i oppsamlingseininga enn det som er nemnt ovanfor. Det er ulike tømefrekvensar for desse fraksjonane. For nærare opplysningar vert det vist til eigen informasjon.

c) Bringeordning

Andre kjeldesorterte fraksjonar med godkjent innsamlingsordning skal bringast til returpunkt, t.d tekstilar eller miljøstasjonen (større delar av papp, e.e-avfall). VØR kan gjere endringar i utval og talet på fraksjonar. Farleg avfall må leverast til farleg avfall mottak eller miljøstasjonen.

Fritidsbustader kan få tilvist bruk av felles oppsamlingseiningar for avfall. Disse skal ikkje nyttast av fast busette, verksemder, utleiehytter eller private anlegg for turisme. Brot på dette vert definert som om den aktuelle abonnent/brukar har for lite behaldarvolum/for lav hentefrekvens (jf § 7 og § 12).

§ 9. Hygieniske krav til renovasjon

Forskriftene byggjer på dei krav til hygienisk avfallshandtering som vert fastsett av sentrale styresmakter og helsemynde i kommunane.

Gjeldande lover og forskrifter:

- a) Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) med kommunale helseforskrifter.
- b) Lov 13. mars 1981 nr. 81 om vern mot forurensninger og om avfall med forskrifter.

Helsestyresmaktene i kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at helseforskriftene om handtering av avfall vert fylgd.

§ 10. Avfallsgebyr

a) Abonentar som vert omfatta av avgjerdene i denne forskrifta skal betale avfallsgebyr som vert innkravd av VØR. Ved registrering av ny abonnent eller ved endring av eksisterande abonnement, vert nytt gebyr rekna frå den første i månaden etter at endringa er meldt til VØR. Tilsvarende vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta. Abonentar som kjem inn under denne forskrifta pliktar straks å melde endringar i abonnementstilhøve til VØR. Likeeins pliktar ein å melde frå dersom personen ikkje står i gebyrregisteret for avfall. Blokker, rekkehus og liknande som er

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



organisert som burettslag, kan få avgifta berekna og betalt samla. Det same gjeld for tilsvarande bustader når eigarane organiserer seg som felles rettssubjekt (eks huseigarforeining).

b) Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1. Om renteplikt og inndrivning gjeld tilsvarande reglar i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27.

Gebyret skal dekke alle kostnader med avfallshandteringa. For dei tenestene som er pålagde og fastsette etter denne forskrifta skal abonnenten betale eit renovasjonsgebyr til VØR pr. gebyreining. Gebyr skal og betalast for tilleggstenester som henteavtale.

c) Gebyreiningar som står tome heile eller delar av året kan etter årleg søknad, få nedsett gebyr for:

- samanhengande heile året 100 % og
- samanhengande minst 6 md 50 %.

Vilkåret er at avfallsbeholdarane er innleverte til VØR for den perioden det vert søkt om fritak for.

d) Gebyrdifferensiering

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning vedtek kommunen differensierte gebyrsatsar i samband med dei årlege gebyrvedtak. Gebyret vert fastsett på grunnlag av storleik på avfallsdunk, om abonnenten komposterer eller om abonnentar samarbeider om oppsamlingseining.

§ 11. Unntak/klager - praktisering

Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrift, kan påklagast (forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85). Klagen skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, vert den sendt til styret for VØR, som skal gjere endeleg vedtak.

Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.

Søknader/klager skal vere grunnjevne og innehalde opplysningar om eigar, adresse, gards- og bruksnummer. Kommunane delegerer mynde for avgjerd av søknader/klager til styret for VØR. Styret i VØR kan delegere mynde til å ta daglege og praktiske avgjerder etter desse forskriftene til dagleg leiar.

§ 12. Sanksjoner - straff

Dersom det viser seg at ein abonnent har for lite behaldarvolum, slik at det er fare for at avfallet vert disponert i strid med forskrifta, kan VØR påleggje abonnenten det behaldarvolumet som ein finn føremålstenleg. Byte av behaldar vil skje seinast ein månad etter at skriftleg varsel er sendt frå VØR.

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



Dersom det viser seg at ein abonnent ikkje har meldt i frå om gebyrpliktige abonnementeiningar eller endring i gebyrplikt som medfører tillegg i gebyret, kan VØR påleggje ekstragebyr frå den dato som abonnementeininga(ne) vart gebyrpliktig(e). Dersom dette tidspunktet ikkje kan dokumenterast, vert abonnenten automatisk pålagt gebyr frå to år før tilhøvet vart oppdaga/registrert.

VØR kan påleggje abonnenten tilleggsgebyr om det syner seg at abonnenten ikkje sorterer avfallet sitt i samsvar med gjeldande sorteringsreglement, jf. § 8 i denne forskrift. Utover dette kan brot på føresegnene verte straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

Kapittel 2. Tøming av slam frå spreidde avlaupsanlegg

§ 13. Generelt

Volda og Ørsta kommune har vedteke å nytte mobil avvatning som behandlingsmetode for kloakkslam frå slamavskiljarar med godkjent avløp. Volda kommunestyre i møte 3. mai 1990 og Ørsta kommunestyre i møte 28. mai 1990.

§ 14. Tøming av slamavskiljarar m.m.

a) Melding

Melding om når tøming vil finne stad vil verte gjeve gjennom SMS/ e-post / Altinn eller på annan måte som VØR finn føremålsteneleg.

b) Frekvens på tøming av slamavskiljar

Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank for slam. For eigedomar med fast busetjing/heilårsbustad og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljar tømast ein gong kvart andre år. Andre slamavskiljarar skal tømast ein gong kvart fjerde år. Tette oppsamlingstankar skal tømast i god tid før dei er fulle og minst ein gong kvart år. I særlege høve kan VØR fastsetje annan tømefrekvens enn nemnt ovanfor.

c) VØR eller den som tømmer for VØR sine plikter

Tøming skal utførast slik at den ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy. Anlegget skal forlatast i lukka stand og grinder, portar og dører skal stengjast, eventuelt låsast. Renovatør skal rapportere til kommunen alle observerte avvik ved anlegget og samla mengde slamvolum.

d) Vegtilkomst til slamtank

Krav til vegtilkomst til slamtank ved tøming heile året skjer etter § 7c i disse forskrifter og gjeld tøming med standardutstyr.

Bruk av særskilt tømemateriell og høgre gebyr, tillet vegtilkomst på sommarhalvåret bygt etter Normal for landbruksvegar, vegklasse 5, Sommarbilveg for tømmertransport utan hengar. Anlegg med vegtilkomst vegklasse 5 vil ikkje ha krav på naudtøming i vinterhalvåret.

§ 15. Abonnenten sine plikter

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



Abonnten skal syte for at anlegga som skal tømast er lett tilgjengelege og dimensjonerte for tømning med bil. Overdekking av kumlokk og liknande med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna av abonnten før tømninga skal gjerast. Den som tømmer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tømninga. VØR vil ikkje ta på seg krav frå skade på vegar, hagar eller liknande. Dersom vegstandarden er for dårleg, må tankeigar syte for forsterkning. Jf. også krav til veg/hentestad i § 7c.

Dersom abonnten ikkje har klargjort tanken for tømning eller ein må tømme tankar utanom oppsett innhentingsplan, kjem gebyr for tilkøyring i tillegg til tømepreisen.

§ 16. Avgifter ved fellesanlegg

Kommunale og private fellesavskiljarar for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemder, industriområdar og andre type byggjeområde eller tettstader skal tømast i samsvar med det som er oppgitt i utsleppsløyve eller når VØR vurderer at tømning må gjerast.

§ 17. Avgift, innkreving, renter m.m.

Abonnten skal betale ei årleg avgift som vert innkravd av VØR. Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1 om renteplikt og inndrivning gjeld reglane i lov 6. juni 1975 nr. 29 og eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27.

§ 18. Klage og straff

Dette vert handsama etter § 11 og § 12 i denne forskrift.

§ 19. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2018 og erstattar tidlegare forskrift 20.06.2013 om renovasjon, Ørsta og Volda kommunar, Møre og Romsdal.

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
5170/2017

Stad
Ørsta

Dato
06.04.2017



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Andreea Beleuta

Arkivsak nr.: 2017/509

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

118/17

Formannskapet

27.06.2017

MÅNADSRAPPORT MAI 2017

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapporten for mai 2017 vert teken til vitende.

1 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

	Budsjett 2017
Rammetilskott	271 711 000
Skatteinntekter	200 000 000
Sum frie inntekter	471 711 000

Det er skatteinngangen på landsbasis som er den mest sentrale faktoren på kor mykje vi får i frie inntekter. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre

skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane. Volda kommune får kompensert 95% dersom skatteinntektene vert mindre enn budsjettert. Volda kommune har skatteinntekter på 102,8 mill kr ved utgangen av mai, og er noko meir enn det budsjetterte beløpet for same periode.

Kommunestyret har som tabellen ovanfor viser budsjettert med frie inntekter på 471,7 mill kr. i 2017. Prognosemodellen frå KS viser ei prognose på 471,3 mill kr ved årets slutt for Volda kommune. Det er tatt høgde for reduksjon av dei frie inntektene (kr 400.000) i budsjettkorrigeringssaka for 1.halvår 2017.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 17 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Prognosen indikerer at eigedomsskatten blir ca 16,9 mill kr.

Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2017:

Generelle statstilskot	2017
Integreringstilskott	31 649 000
Gr.97/investering i skulebygg	863 000
Omsorg	2 883 000
Kyrkjebygg	44 000
Sum	35 439 000

Det vert utarbeidd ei oppdatert prognose for integreringstilskott i 1. kvartalsrapport 2017. Husbanken har dei andre tilskota klare tidleg i haust.

Tabellen under viser ny prognose for integreringstilskotet pr. 21.04.17:

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	Prognose pr. 21.04.17
År 1 (2017)	235 000,00	20	4 700 000,00
År 1 (2017)	185 000,00	19	3 515 000,00
År 2 (2016)	230 000,00	50	11 500 000,00
År 3 (2015)	167 000,00	48	8 016 000,00
År 4 (2014)	84 000,00	28	2 352 000,00
År 5 (2013)	70 500,00	23	1 621 500,00
Ekstratilskot IT 2017	50 000,00	9	450 000,00
Familiesameinte	185 000,00	7	1 295 000,00
Alternativ mottaksplassert	69 450,00	5	347 250,00
SUM		200	33 796 750,00

Tabellen ovanfor viser at prognosen for integreringstilskot er kr 2.147.750,- større enn budsjettert. Dette er også tatt høgde for i budsjettkorrigeringssaka for 1.halvår 2017.

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2017:

	Budsjett 2017
Renteutgifter (inkl startlån)	25 395 000
Avdrag	26 574 000
Sum finansutgifter	51 969 000

Renteutgifter

Det er budsjettert med kr 24.595.000 i renteutgifter på våre investeringslån (kr 800.000 i renteutgifter på Startlån kjem i tillegg). Den siste prognose viser at renteutgiftene vert ca kr 3,36 mill mindre enn budsjettert.

Minimumsavdrag

Det vart opphavleg budsjettert med kr 26.574.000,00 i minimumsavdrag for 2017. Førøbelse utrekningar indikerer at minimumsavdraget vert ca kr 25.305.000. Ein gjer merksam på at utrekninga ikkje er kvalitetssikra. Dersom minimumsavdraget vert større enn det førøbelse estimatet, så kjem ein tilbake til det på hausten.

Finansinntekter

	2017
Renteinntekter formidlingslån	600 000
Ordinære renteinntekter	1 500 000
Utbytte Tussa	3 500 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	1 500 000
Sum	7 100 000

Renteinntekter

Vi har budsjettert med 1,5 mill kr i renteinntekter i 2017. Vi vil ved utgangen av året nå det budsjetterte beløpet på renteinntekter.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av mai hadde plasseringane ein samla marknadsvardi på ca 59,26 mill kr, og er ei auking på omlag kr. 1.038.000 hittil i år.

Utbytte Tussa

Generalforsamling gjorde vedtak om eit utbytte på 8.080 kr pr aksje. Med Volda kommune sine 484 aksjar blir det ei utbetaling på kr 3.910.720,- Dette er kr 410.720 meir enn vi har budsjettert med i 2017.

2 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av mai. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

Tekst	Rekneskap 2017	Periodisert revidert budsjett 2017	Revidert budsjett 2017	Rekneskap 2016
Rådmann	1 019 695	853 024	1 888 087	946 572
Samfunn og rådgjeving	645 847	637 973	1 383 425	459 515
Personal og løn	4 188 378	4 719 974	10 621 317	3 208 886
IKT	1 467 497	2 529 884	5 843 784	1 531 208
Innvandring	-347 019	861 272	2 024 285	-879 482
Personal og organisasjon	5 308 856	8 111 130	18 489 386	3 860 612
Økonomi	3 423 522	3 079 337	6 774 599	3 186 170
NAV Kommune	3 903 935	3 632 213	8 717 312	3 513 600
Stab opplæring og oppvekst	3 493 897	8 185 959	12 871 094	7 631 335
Helsestasjon	3 006 537	2 810 114	5 993 943	2 810 362
Barnehage	14 439 891	17 518 158	38 359 038	14 403 809
Grunnskule med SFO	50 676 364	52 691 352	115 381 953	48 333 661
Kulturskule	1 699 523	1 556 801	3 447 631	1 424 482
Volda læringscenter	12 054 783	11 657 166	26 437 263	10 382 021
Opplæring og oppvekst	85 370 996	94 419 549	202 490 922	84 985 670
Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester)	6 535 106	9 375 646	9 356 659	6 287 986
Sjukeheim 2. etasje	13 359 627	11 690 295	25 725 635	12 055 997
Sjukeheim 3. etasje	11 062 530	11 209 612	24 660 304	10 501 902
Heimetenester	7 810 567	8 249 628	18 081 194	7 382 210
Heimetenester omsorgsbustader	13 804 631	14 678 691	32 286 437	14 355 795
Rus og psykisk helseteneste	7 829 618	6 945 600	15 147 135	8 109 357
Tenesta for funksjonshemma	6 449 607	4 644 919	9 950 320	6 043 874
Butenesta for funksjonshemma	13 487 496	13 860 942	30 481 968	12 840 748
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	7 446 314	7 160 469	15 911 297	8 246 157
Helse og omsorg	87 785 495	87 815 802	181 600 949	85 824 026
Kultur	2 118 097	2 824 154	6 065 253	1 514 650
Servicekontor	2 585 986	2 519 699	5 623 084	2 672 996
Service og kultur	4 704 083	5 343 853	11 688 337	4 187 646
Politisk verksemd	790 025	741 009	2 041 713	1 155 611
Drift og anlegg	4 503 544	4 792 299	10 857 781	7 629 914
Brann	3 574 563	3 644 823	8 315 977	3 452 771
Eigedom	7 576 646	7 020 991	15 773 867	6 707 193
Teknisk	15 654 753	15 458 114	34 947 625	17 789 877
Vatn sjølvkost	2 790 069	12 761	0	2 144 604
Avlaup sjølvkost	1 788 360	29 873	0	1 752 919
Feiing sjølvkost	432 076	-773 512	0	489 534
Sjølvkosttenester	5 010 505	-730 878	0	4 387 057

Tekst	Rekneskap 2017	Periodisert revidert budsjett 2017	Revidert budsjett 2017	Rekneskap 2016
Plan	1 717 286	1 907 455	4 237 027	1 280 386
Landbruk	596 397	547 146	1 313 151	607 266
Kart, oppmåling og byggesak	1 546 192	757 517	1 427 836	1 369 456
Utvikling	3 859 875	3 212 118	6 978 014	3 257 108
Barnevern	3 512 746	14 414 462	29 886 218	11 827 234
SUM SEKTORANE	220 990 332	236 987 705	506 886 587	225 380 698
Felles utgifter og inntekter	1 858 883	-3 978 620	-9 548 689	2 243 680
Sum inkludert felles utgifter og inntekter	222 849 215	233 009 085	497 337 898	227 624 378
Finansområdet, statstilskott, frie inntekter	-252 184 035	-246 461 744	-498 277 898	-229 616 794
SUM heile kommunen	-29 334 820	-13 452 659	-940 000	-1 992 416

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av mai.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av mai.
- Kolonne 3 viser opphavleg budsjettet for heile året (2017).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2016.

Sektorane har ved utgangen av mai eit forbruk på kr. **220.990.332,-** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **236.987.705,-** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 16 mill. kroner under budsjettet forbruk ved utgangen av mai.

Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag **10,1 mill** kroner mindre enn budsjettet ved utgangen av mai.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av mai har ei netto inntekt på kr. **29.334.820,-**. Dette er omlag 15,9 mill kr meir enn budsjettet for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Under følgjer tilbakemelding frå sektorane og stabane:

Personal og organisasjon

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Økonomi

Vi har betalt lisensar som gjeld for heile året.

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Opplæring og oppvekst

Sektoren ventar å gå i balanse ved utgangen av året.

Under følger tilbakemeldinga frå sektoren:

Basert på månadsrapporten for mai 2017, reknar Opplæring og oppvekst å gå i balanse ved utgangen av året.

Rapporten for mai viser eit mindreforbruk i høve til periodisert budsjett. Årsaka til dette skuldast at ein stor del av budsjetterte statlege overføringar allereie er kome.

Eg gjer elles merksam på at det er gjort eit innkjøp av datamaskiner til Volda ungdomsskule som var heilt naudsynt for å kunne flytte over til SSIKT. Utgifta på kr 250 000,- kan bli eit meirforbruk i 2017. Rådmannen er informert om dette.

Helse og omsorg

Forbruket ved utgangen av mai viser 30.000 kr mindre enn periodisert budsjett.

Sektoren reknar med å vere i balanse ved slutten av året.

Under er tilbakemeldinga frå sektoren:

Tabellen under viser grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder pr.31.mai.

Tenesteområde	Meirforbruk	Mindreforbruk
<i>Stab og service u. sentralkjøkken</i>		<i>3.121.000,-</i>
<i>Institusjonsteneste 2.etg</i>	<i>1.669.000,-</i>	
<i>Institusjonsteneste 3.etg</i>		<i>147.000,-</i>
<i>Sentralkjøkken</i>	<i>281.000,-</i>	
<i>Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd</i>		<i>439.000,-</i>
<i>Heimetenester, omsorgsbustader</i>		<i>874.000,-</i>
<i>Rus- og psykisk helseteneste</i>	<i>884.000,-</i>	
<i>Hamna Dagsenter</i>	<i>988.000,-</i>	
<i>Avlastingsteneste barn og unge</i>	<i>816.000,-</i>	
<i>Buteneste for funksjonshemma</i>		<i>373.000,-</i>
<i>Førebygging, rehabilitering og legeteneste</i>	<i>286.000,-</i>	
<i>Samla</i>	<i>4.924.000,-</i>	<i>4.954.000,-</i>
<i>Differanse</i>		<i>30.000,-</i>

Nokre tenester har forventa inntekter gjennom driftsåret. Stipulert refusjonskrav som ikkje er ajourførte pr utgang mai er lagt inn i tabellen under. Lista er ikkje komplett.

Tenesteområde	SUM
<i>Felles kommuneoverlege:</i>	<i>312.000,-</i>
<i>Førebygging, rehab, legeten.</i>	<i>285.000,-</i>
<i>Hamna Dagsenter</i>	<i>511.000,-</i>
<i>Butenesta for funksjonshemma</i>	<i>400.000,-</i>
<i>Tilskot ressurskrevjande tenester</i>	
<i>Samla</i>	<i>1.508.000,-</i>

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Stab og service: Mindreforbruket skyldast i hovudsak periodisering av variabel løn. Termininnbetalingar på kjøp av tenester og manglande ajourføring av brukarbetaling er store postar som lett gir eit feil bilete av status så tidleg i driftsåret.
- Institusjonsteneste:
2 etg: Meirforbruket har auka jamt, men mindre enn tidlegare på året. Knytt til ekstra uro på tre bugrupper og særskild skjerming/ tilsyn.
3 etg: Til tross for kombinasjon overbelegg og svært mykje sjukdom med tilsette første delen av året, er samla resultat eit lite mindreforbruk. Ofte ekstrainnleige på Klokkarstova pga stort pasienttrykk og svært mange dårlege pasientar, denne delen av ansvarsområde går med meirforbruk. Dette er verdt å merke seg, då belegget og utfordringane er svært krevjande. Generelt i etasjen gjer arbeidspress noko med sjukefråværet og ein har hatt vanskar med rekruttering av sjukepleiarar, stort ansvar og høgt tempo. Sjukefråvær medfører mange forskyvingar for å få forsvarleg fagkompetanse på plass.
- Sentralkjøkkenet: Lønskostnader lærling ført her med kr. 86.000,-, medan lønsbudsjett er flytta til løn og personal. Variable lønskostnader utover budsjett, men hovudgrunn til meirforbruk er at ein ikkje er å jour med salsinntekter på mat. Denne utgjer ca. 340.000,-.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: Mindreforbruket kjem i hovudsak frå statleg tilskot som skal gå til å tilrettelegge Dagtilbodet for heimebuande demente. Dette tilskotet salderer pr. dato dette ansvarsområde. Heimetenestene har hatt komplekse sjukdomstilhøve med brukarar ute i kommunen, noko som har medført ekstra innleige dag, kveld og natt. Oppstart av sjukepleiar i 100% stilling frå medio mars og helsefagarbeidar som kjem att etter fødselsperm vil betre situasjonen og avhjelpe på bruken av overtid og truleg også sjukefråværet. 40% stilling som erstattar for hovudverneombod skal refunderast i etterkant. Eininga har fortsatt overskridingar på overtid, dette er noko ein stadig har fokus på og prøvar å redusere, men med høgt sjukefråvær, både kortids og langtidsfråvær, utløyser dette bakvakter, forskyvingar, doble vakter og overtid på teamleiarane som må få kabalen til å gå opp.
- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Samla sett mindreforbruk, til tross for tildels høgt sjukefråvær. Utfordringar med å unngå ekstrautgifter når mange i arbeidsstokk er sjuke i kombinasjon med forsvarleg drift. Noko av ekstrahjelp vert refundert i etterkant som tilretteleggingstilskot. Tungt belegg på alle bueiningane, men likevel mindreforbruk på alle ansvarsområda.
- Rus- og psykisk helseteneste: Meirforbruket gjeld i hovudsak tre forhold. Utbetalingar i tilknytning til eit avslutta arbeidsforhold, venta refusjonar er 550.000,- mindre enn budsjettet og at ei fast 100% stilling er falle ut under budsjettprosessen. Dei to siste punkta vert handtert i budsjettkorrigeringa i juni.
- Hamna Dagsenter: Årsaker til meirforbruket er mellom anna fastløn, gjeld inntak av ekstra brukar frå Ørsta, men dette medfører auka refusjonsinntekter. Kjøp av varer og tenester - innkjøp av hjelpemiddel. Er usikre på om tilbodet går i balanse ved årsslutt.
- Avlastingssteneste for barn og unge. Vart oppretta 3,5 faste stillingar no i mai. Stillingane er forventa finansiert innanfor budsjetttramme. I tillegg er det 13 brukarar, der 7 av desse har behov for 1:1 bemanning. Eininga vil ikkje vere i balanse ved årsslutt. Tiltak vert fortløpande vurdert endringar på for eit par av borna.
- Buteneste for funksjonshemma: Totalt for eininga har den mindreforbruk. Overtid: overforbruk på alle samlokaliserte bustadane grunna uvanleg mange eigenmeldingar og sjukmeldingar tidleg på året, men gledeleg at overtidsbruken er på veg nedover.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Samla eit meirforbruk i eininga. 110.000,- er det meirforbruk på utbetaling av driftstilskot til privatpraktiserande

fysioterapeutar. Dette skulle det vore kompensert for, då kommunestyret har gått inn for denne opptrappinga over tre år.

Resultat utgang april er marginal, men bærer noko preg av å vere litt tidleg i året. På nokre område gir store termininnbetalingar høge kostnader. Kombinert med at refusjonar og innbetalingar ikkje er ajourførte, vil dette kunne gi store utslag. Det er likevel verdt å merke seg at krava til konsesjon knytt til brukarstyrt personleg assistanse(BPA), har gitt kommunen auka utgifter, det har og auken av driftstilskot til private fysioterapeutar. Fortsatt kan ein melde at aktiviteten knytt til avlastingsstenesta for barn og unge, inkludert barnebustader, har eit høgre driftsnivå enn tildelt ressurs. Ein har tett samhandling mellom buteneste, Hamna Dagsenter avlastingsstenesta for på den måten nytte ressursane best mogleg, men dette er ikkje nok til å unngå innleige. Så tidleg på året vil og periodisert forbruk av ferievikarar saldere balansen i budsjettet. Dette vil endre seg når ferien er over og dei største utbetalingane er gjorde.

Service og kultur

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Teknisk

Teknisk sektor reknar framleis med å kome ut som budsjettert ved utgangen av året.

Utvikling

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Fellesområdet

Tilskot vedkomande einslege mindreårige (EMI) og vertskommunetilskot er budsjettert på fellesområdet.

Særskild tilskot einslege mindreårige - vil få ei mindreinntekt på kr 3.725.500 i høve opphavleg budsjett for 2017, frå kr 19.900.000 til kr. 16.174.500.

Tabellen under viser ny prognose for EM-tilskotet pr. 21.04.17:

Busetjingsår	Sats	Tal EM	Prognose pr. 21.04.17
Tidlegare års busette 17-20 år	750 000	20	15 000 000
Busetjing av 3 EM i 2017 (17-20 år)	62 500	13	874 500
Ekstratilskot EM 2017	100 000	3	300 000
SUM		23	16 174 500

Refusjonen frå Bufetat vert avvikla frå 2017, og lagt inn i EM-tilskotet.

I prognosen er det teke høgde for busetjing av 3 EM i 2017, jf. reduksjon i oppmodinga frå IMDi.

Mindreinntekta på EM-tilskotet skuldast reduksjon på busetjing av to EM i 2016, reduksjon på busetjing av ein EM i 2017, samt budsjettert for høg sats på busetjing av EM i 2017, som følge av at kommunen berre får utbetaling av tilskotet frå månaden EM vert busett.

Kommunen har pr. 21.04.17 ikkje fått EM til busetjing i 2017. Kr. 14.374.500 av EM-tilskotet er knytt til EM busett gjennom barnevernet. Kr 1,5 mill. av EM-tilskotet er knytt til EM busett gjennom Volda læringssenter. Prognosen viser at kommunen mottok EM-tilskot på 23 personar i 2017. Avviket vil bli følgt opp i budsjettendringssak medio 2017. Reduksjonen i EM-tilskotet vil bli følgt opp i høve justeringar i EM-tenesta. Det har vore eitt møte med barnevernssjefen, fagteamleiar og buleiar i EM-tenesta om saka. Det blir arbeid med å sjå på korleis gjere justeringar i tenesta med færre EM som skal busetjast.

Vertskommunetilskotet - vil for 2017 utgjere kr 1.471.604. I desember 2016 varsla UDI nedlegging av Volda mottak med verknad frå 01.03.17. Budsjettkorrigeringa, inkludert reduksjon i tilskotet, vart handsama i k-sak 18/17.

Rådmannen har presisert overfor barnevernssjefen at drifta for einslege mindreårige må drivast innanfor ramma for verksemda. Dei vil følgje nøye med dette framover og vurdere moglege tiltak. Utfordringa er at ein må ha eit visst antal einslege mindreårige flyktningar for å ha synergjar i drifta. Vert det for få så vil det vere tersklar for kor langt ein kan kutte i drifta utan at det får alvorlege konsekvensar for kvaliteten på tenestene.

Barnevernstenesta

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

NAV

Sektoren rapporterer om mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp, medan kvalifiseringsordninga og felleskontoret har eit meirforbruk. Basert på tala så langt i år, forventar NAV å vere i balanse ved slutten av året.

3 OPPSUMMERING

Her er ei kort oppsummering av driftssida ved utgangen av mai:

Frie inntekter

Prognose for frie inntekter er ca. 400.000 kr mindre enn det budsjetterte beløpet.

Generelle statstilskot

Prognosen for integreringstilskot viser kr 2.147.750 meir enn det budsjetterte beløpet. Husbanken har dei andre tilskota klare tidleg i haust.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 17 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Prognosen indikerer at eigedomsskatten blir ca. 16,9 mill kr.

Finans

Prognosen for renteutgifter viser ca kr 3,36 mill mindre enn budsjettert. Minimumsavdraget for 2017 er beregnet til å være 1.269.000 kr mindre enn det budsjetterte beløpet, men man må være merksam på at utrekninga ikkje er kvalitetssikra.

Sektorane

Ingen av sektorane forventar meirforbruk i 2017.

Vedleggsliste:

Ingen vedlegg

Rune Sjurgard
Rådmann

Marija Ostojic
Rekneskapssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal Arkivsak nr.: 2016/859
Arkivkode: N02

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
119/17	Formannskapet	27.06.2017

RUTEENDRINGSPROSESSEN 2018

Administrasjonen si tilråding:

- Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringsprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
- Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
 - 15. min avgang riksvegferjer*
 - Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
 - Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
 - Kollektivtransport Ørsta/Volda-Stryn.*
- Formannskapet vil også peike på at i samband med den føreståande kommunesamanslåinga Hornindal og Volda , må kollektivtransporten mellom dei o kommunesentera vesentleg styrkast .*
- Formannskapet ber elles om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*

Vedleggsliste:

- Brev av 02.05.17 frå samferdselsavdelinga om Ruteendringsprosessen 2018
- Brev av 03.05.17 frå samferdselsavdelinga om Høyring på juleruter ferje.
- Skriv av 28.09.2016 frå Statens vegvesen som svar på kommunen sine ynskjer om endring av rutetilbodet på riksvegssamandret Volda-Folkestad.

Samandrag av saka:

Samferdselsavdelinga ber om innspel i høve ruteendringsprosessen for 2018. Det vert m.a. rådd til at formannskapet held fast på tidlegare vedtak om at tilbodet i kollektivtransporten vert styrka.

Saksopplysningar/fakta:

I brev av 02.05.17 frå samferdselsavdelinga går det fram at den årlege ruteendringprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bilrutene vil starte i august 2017. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2018.

Det heiter i brevet at dei har framskynda prosessen og tidsplanen for å få ei meir rasjonell framdrift og eit godt sluttresultat. Dette mellom anna for få levert rutehefta ut rettidig.

Kommunar og andre som ønskjer gje innspel til prosessen blir no bedne om kome med desse. Innspela blir sende til samferdselsavdelinga som vil formidle innspela til rette instans (rutebilselskap, ferjeselskap og/eller Statens vegvesen).

I den grad kommunane har ønskje om ruteendringar, så er utgangspunktet at desse må finansierast innanfor eksisterande økonomiske ramme. Fylkeskommunen har fortida avgrensa økonomiske ressursar. Det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ein prioritet (kva er viktigast) i sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter med dårleg belegg, kan styrke forslag til auke på ruter der behovet er aukande

Rådmannen har sendt brevet frå samferdselsavdelinga til aktuelle grendeutval og næringsforumet til fråsegn og innspel. Til no har vi fått innspel frå Folkestad Grendelag. Venteleg vil fråsegn frå dei andre bli ettersendt/lagt fram på møtet.

I skrivet frå Folkestad Grendelag går det fram;

Folkestad Grendautval har drøfta Ruteendringssprosess 2018 m.a. i årsmøte 22.5.17, og her følgjande merknader:

*Dei ordinære rutene er stort sett greie, men vi saknar nattavgangane som har vore tidlegare på Volda-Folkestad. I det minste kunne det vore minst ein seinare avgang **laurdagskveld/natt til søndag, t.d. kl. 01.00, samt at vanlege vekedagar kunne hatt avgang 24.00 slik som laurdagane.** Dette ville også betra moglegheitene for å kome seg fortare heim for dei som kjem med seine fly til Vigra eller Hovden.*

Når det gjeld kveldsrutene med avgang frå Volda avvikande frå heil- eller halv-tidspunkt, har vi fått innspel frå helse- og omsorgsarbeidarar her på sørvestsida at dette fører til meir ventetid for dei.

Når det gjeld rutene jule- og nyttårsaftan viser vi til at det er ekstra vanskeleg for dei som har seinvakt/nattevakt og bur på strekninga frå Bjørkedalen til Dalsfjorden når det er rasfare og evt stengde vegar i Geislida eller i Dalsfjorden. Vi har fått innspel om at Volda kommune i slike tilfelle burde kunne stille til rådvelde overnattingsfasilitetar for sine tilsette, slik det var ei ordning for for nokre år sidan på sjukeheimen.

I samband med regionalt samferdselsmøte i Ålesund **Torsdag 28. april 2016** hadde Volda kommune enkeltmøte med Statens Vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga.

I møtet vart m.a. fylgjande saker når det gjeld kollektivruter tekne opp

- Ferjeruter Volda Folkestad –nokre endringar i ruteopplegget, samt ynskje om at Festøy-Solavågen vert endra til å gå --50 og --20,
- Korrespondanse Timeekspressen Volda- Folkestad, jfr. punktet ovanfor.
- Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane

Frå kommunen si side vart det gjort greie for desse punkta. Det vart m.a. synt til Handlingsprogrammet for samferdsel og resultatmålet om å gjere det lettare og meir attraktivt å reise kollektiv både i og mellom fylka. Då må fastlegging av kollektivruter i større grad skje i samarbeid med og involvering av kommunane slik at rutetidene **heng saman både i og mellom fylka**. Dette gjeld både kollektiv, flyplassar, utvikle knutepunkt og ferge.

Det er elles viktig å minne om at når Stortinget no har gjort vedtak om samanslåing av Volda og Hornindal kommune vil styrking av kollektivtrafikken mellom Volda og Grodås måtte prioriterast frå fylket si side.

Eg syner til mi utgreiing til førre ruteendringsprosess (2017) der eg m.a. skreiv;

Sambandet Volda-Folkestad har riksvegstatus og ein går såleis ut frå at denne ruta vert finansiert direkte frå staten. Det må då også være eit minstekrav at det er korrespondanse mellom riksvegsambanda: Solavåg-Festøy, Volda-Folkestad og Lote-Anda.

Det er såleis særst viktig å justere avgangstider i sambandet Solavåg-Festøy avdi etter justeringa som vart gjort der frå 1/5.2014 så fekk t.d. trailerar 10 min kortare køyretid mellom Festøya og Volda – det betyr i praksis at dei ikkje rekk ferja i Volda.

Som svar på m.a dette mottok kommunen skriv frå Statens vegvesen d.s. 20.09.2016. Skrivet fylgjer vedlagt denne saka til vitande.

Vurdering og konklusjon:

Formannskapet har kvart år kravd at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna, men heller betra. Det er vidare peika på at nye samferdselsløysingar (Eiksundsamband og Kvivsveg) gir utfordringar og muligheter for betra kollektivtilbod i regionen. Formannskapet har som følgje av dette bede om at rutefrekvensar på buss- og ferjeruter vert styrka, men fylkeskommunen sin svake økonomi har ført til innskrenkingar i staden for utvidingar.

Rådmannen rår til at formannskapet held fast på tidlegare krav om at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna, men heller betra når det gjeld buss.

Når det gjeld konkrete innspel elles viser rådmannen til fråsegnene frå grendeutvala, og rår til at formannskapet sluttar opp om desse.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er omtalt i tidlegare saker om ruteendringsprosessar

Økonomiske konsekvensar:

Inge for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Evt. reduksjonar vil svekke beredskapen, betra ruter vil auke beredskapen.

Samfunnsplan:

Dei punkta ein har påpeikt i saksutgreiinga og framlegget til vedtak, bidreg til å oppfylle mål og strategiar i samfunnsplanen om å styrke kommunikasjonen i og til Volda og Ørsta. Det er også i samsvar med fylket sitt framlegg til handlingsprogram for samferdsel og resultatmålet om å gjere det lettare og meir attraktivt å reise kollektiv både i og mellom fylka.

Rune Sjugard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundveien 9, 6404 MOLDE
Lauvstad/Velsvik Grendautval v/Solgunn Sæterås Dalsfjordvegen 15 6133 Lauvstad

Dravlausbygda/Innselsetbygda grendautval v/Jorunn Beate Lillebø Lande	Dalsfjordvegen 625	6133	Lauvstad
Folkestad Grendautval v/ Nina Anette Teigen Asbjørn Moltudal - sakshandsamar		6120	Folkestad

Klageinstans:



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Volda Næringsforum
«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»
»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/859	5801/2017	N02	ADM/ ASBMOL	08.05.2017

RUTEENDRINGSPROSESSEN 2018- INNSPEL FRÅ KOMMUNAR

Vedlagt fylgjer skriv frå Fylkeskommunen når det gjeld

1. Ruteendringsprosess 2018
2. Høyring på juleruter ferjer 2018

Ber om innspel frå næringskontoret og grendeutvala for å få best mogleg grunnlag for kommunen si handsaming av saka.

Ber om at innspela vert sendt underteikna **innan 1. juni** slik at vi får lagt saka fram for formannskapet før fristen 28. juni.

Med helsing

Asbjørn Moltudal
Ass. rådmann

mailadresse: asbjorn.moltudal@volda.kommune.no



01 Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute frå til kl.1650, når ferja legg stilt på Larsnes.

1.juledag

Avgangar frå Larsnes kl. 0915, 1050, 1315, 1700, 1900.

Avgangar frå Kvamsøya kl. 1000, 1140, 1400, 1745, 1945.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0945, som blir første tur frå Larsnes.

02 Årvika-Koparneset

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute med siste tur frå Årvika kl.1545, og siste tur frå Koparneset kl. 1600.

1.juledag

Søndagsrute frå kl.1045, som blir første tur frå Årvika. Første tur frå Koparneset blir kl.1100.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0815, som blir første tur frå Årvika. Første tur frå Koparneset blir kl.0830.

06 Hareid-Sulesund

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute fram til siste tur kl. 1430 for B-ferja frå Sulesund, og kl. 1700 for A-ferja frå Sulesund.

1.juledag

Søndagsrute med A-ferja sine avgangar med første tur frå Hareid kl.0730. Siste tur frå Sulesund er kl.2300.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute etter A-ruta si ruteplan, med første tur frå Hareid kl.0630.

Vanleg søndagsrute med oppstart av B-ruta frå kl.1300.

08 Volda-Lauvstad

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute med siste tur frå Lauvstad kl.1550, og siste tur frå Volda kl.1620.

1.juledag

Søndagsrute med første tur frå Lauvstad kl. 0925. Siste tur frå Volda kl. 2125.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute med første tur frå Lauvstad kl. 0925. Siste tur frå Volda kl. 2220.

09 Hundeidvika-Festøya

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute med siste avgang frå Hundeidvika kl.1500, og frå Festøya kl.1530.

1.juledag

Innstilt

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute.

12 Lekneset-Sæbø-Skår-Trandal-Standal

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1500 som blir siste turen frå Leknes til Sæbø. Ferja legger stilt på Sæbø kl.1510.

1.juledag

Innstilt

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.1030 som blir første tur frå Sæbø til Lekneset.

13 Sykkylven-Magerholm

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute t.o.m. avgangene kl.1410. Deretter er det bare A-ferja sine avgangar som blir utført til og med avgangen kl.1730 som blir siste tur frå Magerholm. Siste tur frå Sykkylven blir kl.1710. I tillegg vil det bli utført en tur frå Sykkylven kl.2010 og frå Magerholm kl.2030.

1.juledag

Avgangar frå Sykkylven kl. 1010, 1110,1310,1610,1810,2010 og 2210.

Avgangar frå Magerholm kl. 1030,1130,1330,1630,1830,2030 og 2240.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0810 som blir første tur frå Sykkylven. Første tur frå Magerholm blir kl.0830.

14 Stranda-Liabygda

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute frem til kl.1530 som blir siste tur frå Liabygda. Siste tur frå Stranda blir kl.1515.

1.juledag

Avgangar frå Stranda kl.0915, 1115, 1315, 1515, 1700 og 1930.

Avgangar frå Liabygda kl.0900, 1130, 1330, 1530, 1715 og 1945.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0915 som blir første tur frå Stranda. Første tur frå Liabygda kl.0930.

15 Eidsdal-Linge

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1645 som blir siste tur frå Linge. Siste tur frå Eidsdal blir kl.1700.

I tillegg blir det utført en tur frå Eidsdal kl.2215 og frå Linge kl.2230.

1.juledag

Avgangar frå Eidsdal kl.0800, 1030, 1330, 1500, 1630, 1945 og 2215.

Avgangar frå Linge kl.0815, 1045, 1345, 1515, 1645, 2000 og 2230.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0700 som blir første tur frå Eidsdal. Første tur frå Linge kl.0745.

21 Skjeltene-Lepsøya-Haramsøya

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute med siste avgang frå Skjeltene kl. 1440, videre til Haramsøya kl. 1500.

1.juledag

Søndagsrute frå kl. 1000 til kl. 2000, da ferja ankommer Haramsøya.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl. 0900 til kl. 2200, da ferja ankommer Haramsøya.

22 Brattvåg-Dryna-Fjørtofta-Harøya

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute med A-ferja sine avgangar fram til kl. 1705 som blir siste tur frå Harøya til Fjørtofta.

1.juledag

Søndagsrute med A-ferja sine avgangar til kl. 1905 når ferja ankommer Fjørtofta.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute med A-ferja sine avgangar til kl. 2020 når ferja ankommer Fjørtofta.

30 Solholmen-Mordalsvågen

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1535 som blir siste tur frå Mordalsvågen. Siste tur frå Solholmen kl.1520

1.juledag

Avgangar frå Solholmen kl.0915, 1115, 1415, 1620, 1820, 1950 og 2130.

Avgangar frå Mordalsvågen kl.0930, 1130, 1430, 1635, 1840, 2035 og 2230.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute med første tur frå Solholmen kl.0705.

31 Aukra-Hollingsholmen

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1630 som blir siste avgang frå Aukra. Siste avgang frå Hollingsholmen blir kl.1645.

1.juledag

Avgangar frå Aukra kl. 0945, 1130, 1300, 1630, 1800 og 2030.

Avgangar frå Hollingsholmen kl.1000, 1145, 1315, 1645, 1815 og 2045.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0745 frå Aukra. Første tur frå Hollingsholmen blir kl.0830.

32 Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl. 1500 da ferja kommer til Ona.

1.juledag Innstilt.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl. 0915 som blir første tur frå Småge.

Hverdager i romjula

Ordinær rute med første tur frå Ona kl.0740.

34 Molde-Sekken

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl. 1600, som blir siste tur frå Sekken.

1.juledag

Ruta blir innstilt

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0915 til kl. 1600 som blir siste tur frå Molde.

36 Åfarnes-Sølsnes

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute med siste tur frå Åfarnes kl. 16:05 og frå Sølsnes kl.16:20.

1.juledag

Søndagsrute frå kl. 0930, som blir første tur frå Åfarnes. Første tur frå Sølsnes blir kl. 0945.

Siste tur frå Åfarnes blir kl. 2215 og frå Sølsnes kl. 2230.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl. 0815, som blir første tur frå Åfarnes. Første tur frå Sølsnes blir kl. 0830.

Siste tur frå Åfarnes blir kl. 2215 og frå Sølsnes kl. 2230.

46 Kvanne-Rykkjem

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1615 som blir siste tur frå Rykkjem. Siste tur frå Kvanne blir kl.1600.

1.juledag

Avgangar frå Kvanne kl.1000, 1200, 1300, 1530, 1730 og 2100.

Avgangar frå Rykkjem kl.1015, 1215, 1315, 1545, 1745 og 2115.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.0900 som blir første tur frå Kvanne. Første tur frå Rykkjem blir kl.0915.

49 Arasvika-Hennset

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1500 som blir siste tur frå Hennset. Siste tur frå Arasvika blir kl.1415.

1.juledag

Innstilt

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute frå kl.1015 som blir første tur frå Arasvika. Første tur frå Hennset blir kl.1130.

50 Seivika-Tømmervåg

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1630 som blir siste tur frå Tømmervåg. Siste tur frå Seivika blir kl.1600.

1.juledag

Avgangar frå Seivika kl. 1030, 1230, 1430, 1630, 1830 og 2100.

Avgangar frå Tømmervåg kl. 1100, 1300, 1500, 1700, 1900 og 2130.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute etter A-ferja sine avgangar.

54 Edøya-Sandvika

Julaften/nyttårsaften

Laurdagsrute til kl.1445 som blir siste tur frå Sandvika. Siste tur frå Edøya blir kl.1520.

1.juledag

Avgangar frå Sandvika kl.1045, 1245, 1645, 1845 og 2045.

Avgangar frå Edøya kl.1020, 1220, 1620, 1820 og 2020.

2.juledag/1.nyttårsdag

Søndagsrute med første tur frå Sandvika kl.0945. Første tur frå Edøya blir kl.1020.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
2016/859	Råd Asbjørn
05 MAI 2017	
Emne 2	No2
Klassering	
Klassering 2	
Klassering 3	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		55314/2017/N02	Atle Ræstad, 71 28 01 25	03.05.2017

Høyring på juleruter ferje - Innspel frå kommunar og operatørar.

Møre og Romsdal fylkeskommune kjem her med forslag til rutetilbudet på ferjene i jule- og nyttårshelga. Endringane vil gjelde frå jula 2018.

Dette rutetilbudet er satt opp slik at ein får eit heilskapleg og tilnærma likt rutetilbud på alle ferjerutene våre, utifrå kva trafikkstatistikken har vist på kvar enkelt rute i 2014 og 2015. Dette medfører eit styrka tilbud på enkelte ruter, mens andre får eit svekka tilbud. Sjølv om enkelte ruter får eit svekka tilbud, så blir det då mykje meir føreseieleg for alle reisande, samtidig som at det er tilpassa reisemønstra og reisemengda på desse dagane.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til forslaget på juleruter blir no bedne om å kome med desse. Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. pendlarar og trafikknemnder for også å få innspel derifrå. Innspela blir å sende samla, men spesifisert til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga, som vil handsame kvart enkelt for å sjå om det må gjerast tilpassingar i rutetilbudet som ligg i forslaget. Det er mellom anna endra på rutetilbudet på ruter som har hatt kvardagstilbud eller ordinært rutetilbud på jule- og nyttårsaftan til laurdagstilbud. Ruter som har hatt eit ordinært søndagsrutetilbud på 1.juledag, 2.juledag og 1.nyttårsdag får nå eit søndagsrutetilbud med seinare oppstart og tidlegare stenging.

Vi ber om at innspel blir sendt oss **innan 28.juni 2017.**

Eventuelle innspel som kjem inn etter denne datoen vil ikkje bli tatt til følgje.

Dette for å ha ein god og ryddig prosess, som vil ende opp i eit godt rutetilbud i jula 2018.

Med helsing

Stig Helle-Tautra
seksjonsleiar

Atle Ræstad
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur



Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlende enhet: Region midt	Saksbehandler/telefon: Siri Rennestraum Raknes / 98837582	Vår referanse: 16/15665-16	Deres referanse:	Vår dato: 28.09.2016
-----------------------------------	---	-------------------------------	------------------	-------------------------

Ruteendringsprosessen 2017

Vi viser til deres henvendelse vedrørende ønsker om endringer i rutetilbudet på riksvegferjesambandet Volda-Folkestad.

Statens vegvesen Region midt har gjennomgått deres ønsker og kommet til at det ikke vil bli gjennomført endringer i rutetilbudet i 2017.

Det er flere årsaker til dette. For det første er trafikken på ferjesambandet redusert med nesten 40 % siden 2012. I 2015 fraktet sambandet 282 276 kjøretøy mot 409 160 kjøretøy i 2012. Sambandet trafikkeres av MF Folkestad som har en kapasitet på 90 PBE. I hele 2015 var det 24 gjenstående biler. Dagens ruteplan er utarbeidet med tanke på trafikkmengden som var i 2012. Dette taler for at rutetilbudet på ferjesambandet er mer enn godt nok slik det er i dag.

Statens vegvesen Region midt forstår at det er et ønske om ferjeavgang på natt, slik at en sikrer forbindelsen til flyavganger. Samtidig begrunnes ønske om nattavgang med økt tungbiltransport. Her må det påpekes at tungtrafikken er redusert med hele 13% fra 2014 til 2015. Det er per i dag ikke økonomiske rammer for å øke rutetilbudet på natt. Tilsvarende gjelder også for ønske om å gjeninnføre avgangen kl. 20:00 fra Volda. Ut fra gjenstående statistikken ser vi heller ikke noe behov for å sette inn flere avganger.

Hva angår endringer i rutetabellen på Festøya-Solavågen i 2014 så er dette gjort ut fra trafiksikkerhetsmessige årsaker. Som Volda kommune påpeker er Hareid-Sulesund et fylkesvegsamband. Like fullt har ferjesambandet Hareid-Sulesund en årsdøgntrafikk (ÅDT) på 3384. Ut fra samfunnsøkonomiske hensyn er det derfor rimelig at en hensyntar korrespondansen med et av fylkets mest trafikkerte ferjesamband, fremfor Volda-Folkestad som har en ÅDT på 1300. Videre skal Festøya-Solavågen også korrespondere med Molde-Vestnes.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Kvivsvegen fungerer i dag som et godt alternativ for reisende som skal sørover på E 39. Vi ser derfor at flere trafikanter velger denne traseen fremfor alternativet om Volda–Folkestad. Korrespondansen mellom Volda–Folkestad og Festøya–Solavågen får derfor mindre betydning.

Statens vegvesen Region midt mener på bakgrunn av dette at rutetilbudet på riksvegferjesambandet Volda–Folkestad er tilfredsstillende. Vi har forståelse for at lokalbefolkningen ønsker seg bedre rutetider på natt, men det er ikke økonomiske rammer til å gjennomføre slike endringer i 2017.

Avslutningsvis vil vi presisere at kontrakten med Norled løper til 31.12.2019 med opsjon på ytterligere et år.

Ferjeseksjonen
Med hilsen

Victor Størdal
seksjonsleder

Raknes Siri Rennestraum

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2017/841

Arkivkode: 036

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

120/17

Formannskapet

27.06.2017

SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE TIL TV-AKSJONEN 2017 - UNICEF

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet løyver kr. 4000 til driftsstøtte til TV-aksjonen 2017. Dekning vert over formannskapetets disposisjonspost.

Vedleggsliste:

Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen Møre og Romsdal 2017

Samandrag av saka:

Det vert vist til vedlagt søknad frå TV-aksjonen Møre og Romsdal 2017, der kommunane vert oppmoda om å gi driftsstøtte på kr. 4000 for å dekke laget sine kostnader.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Tv-aksjonen Møre og Romsdal

Til ordføreren
i Volda kommune

Langevåg, 12.5.2017

TV-aksjonen NRK UNICEF 2017

Søknad om driftsstøtte til TV-aksjonen Møre og Romsdal 2017

Først og fremst ønsker jeg å takke Volda kommune for støtten og det gode samarbeidet i forbindelse med NRK TV-aksjonen i 2016 som gikk til Røde Kors. Volda kommune sitt engasjement er av stor betydning for TV-aksjonens gode resultater i fylket.

I forbindelse med årets TV-aksjon søker vi Volda kommune om driftsstøtte til å dekke utgifter knyttet til drift, kontorutstyr, gjennomføring av møter, annonsering, kopiering, trykking etc.

Nytt av året er at TV-aksjonen Møre og Romsdal for første gang har fått eget kontor til daglig drift. Devoldfabrikken i Langevåg leier ut kontoret til spesialpris, og driftsstøtten vil også gå til å dekke denne subsidierte husleien. I tillegg har fylkeskommunen stilt et kontor til disposisjon i Molde.

Ved at vi nå har et eget kontor som kan brukes daglig, har vi fått plass til to frivillige medarbeidere. Dermed har vi fått ekstra kapasitet til å gi enda bedre service til kommunene i fylket vårt. TV-aksjonen jobber alltid med å få de rimeligste løsningene for drift og søker alltid muligheten for sponsering først. Eventuelt resterende midler vil etter aksjonen bli overført TV-aksjonens innsamlingskonto.


Årets TV-aksjon skal gi barn i Colombia, Mali, Syria, Pakistan og Sør-Sudan tilgang på læring. Ett av fem barn i krigs- og konfliktområder står i dag uten skolegang. Søndag 22.oktober skal ca 5000 bøssebærere ringe på hos alle husstandene i Møre og Romsdal for å samle inn penger til UNICEF. Takk for at dere er med!

I fylket vårt har vi god tradisjon for at de fleste kommunene gir et kommunebidrag til TV-aksjonen. Søknad om dette kommer senere. I denne omgang håper vi på positiv tilbakemelding på denne søknaden om driftsstøtte.

En driftsstøtte på for eksempel 4.000 kroner fra hver kommune ville nå langt for å dekke våre kostnader. Kontonummer som et eventuelt driftstilskudd kan settes inn på er: 1503.45.75441

Jeg vil til slutt også takke for all velvilje og støtte Volda kommune har vist overfor TV-aksjonen i mange år. Dette er avgjørende for at TV-aksjonen i Volda er så godt organisert som den er i dag og kan vise til så gode resultater.

Med vennlig hilsen
TV-aksjonen NRK UNICEF



Marius Hammer
fylkesaksjonsleder
telefon 934 11 042

TV-aksjonen NRK UNICEF
Blimed.no | Org.nr. 915 972 438



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2012/1172

Arkivkode: 047

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
106/17	Formannskapet	13.06.2017
121/17	Formannskapet Kommunestyret	27.06.2017

VEDTAKSOPPFØLGJING - RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPE

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting (ni røysteføre):

Utsetjingsframlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 13.06.2017

Saka vert utsett.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Rapport frå arbeidsgruppe

Notat frå rådmannen til arbeidsgruppa, datert 23.12.2016

Uprenta saksvedlegg:

Møteprotokoll formannskapet 02.11.2016 sak 204/16. Rapportering på oppfølging av vedtak – Oppnemning av nemnd.

Møteprotokoll kommunestyret 27.10.2016 sak PS 131/16. Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av august.

Samandrag av saka:

Det vert vist til vedlagt rapport frå arbeidsgruppa og notat frå rådmannen. Formannskapet gjorde i sak PS 204/16 vedtak om oppnemning av nemnd som skulle ajourføre «vedtaksloggen». Nemnda har revidert «vedtaksloggen». Formannskapet vert bedne om å gå gjennom vedtaksloggen før loggen vert oppdatert og kommentert av administrasjonen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Viser til vedtak i kommunestyret sak 204/16, den 27.10.16. Og seinare formanskapet si handsaming av saka den 02.11.2016

Vedtaket frå formannskapet har valgt Edvin Dale, Sølvi Dimmen og Hild Våge som nemnd for å ajourføring av «Vedtaksloggen»

Nemnda har hatt 1. møte, og vi har teke føre oss alle dei 57 sakene i loggen.

Nemnda jobba godt ilag, og har kjeme med forslag til vedtak på alle vedtak. Sjølv med små ueinigheter på enkeltpunkt er forslaget som blir lagt fram å sjå på som omforeint.

Arbeidsmetode:

- Vi har gitt kvar sak eigen ID
- Etablert kolonne for frist ferdigstillelse
- Vi har gitt kvar sak forslag til vidare behandling med slike alternativ
 - Pågår, blir ståande 38 saker
 - Gjerast om inkje, fjernast 2 saker
 - Avslutta, kan fjernast 17 saker
- Vi har på fleire vedtak som pågår lagt til ei drøfting som fann stad under vår handsaming. Dette er meint å vere
 - Innspel til seinare behandling
 - Tilbakemelding til Administrasjon om meir informasjon før neste gjennomgang

Det må nemnast at fleire av sakene som er foreslått vidareførte, har med budsjettet i 2016 å gjere. Soleis kan ein ny gjennomgang tidlig 2017 vere fornuftig når nytt budsjett er vedteke.

Det er også ønskelig at fram til ny gjennomgang at administrasjonen har gitt kommentarar på drøftingane vi har gjort. Samt å satt fristar på eige arbeid.

Dersom vedtak blir gjort etter nemnda sitt framlegg, vil vedtaksloggen bli redusert med 33%.

Edvin Dale
Leiar

Sølvi Dimmen
Medlem

Hild Våge
Medlem

Sign

Sign

Sign

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
	Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Utviklingssektoren	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
1	FSK 151/13 PS 60/16	24.09.13 05.04.16	Reguleringsplan Rotsetfjora –Scanaområdet slik det går fram av plandokument datert 17.09.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10. Saka vert utsett. Før vidare handsaming av saka, skal det haldast synfaring.	Offentleg ettersyn gjennomført, sluttavklaring hos fylkeskomm. gjenstår, til handsaming april 2014. Planen har vore utlagt til offentleg ettersyn. Nye innspel om utbygging til bustad/kontor er motteke frå ny eigar. Eventuell avklaring om planendring /privat reguleringsplan tidleg haust 2016. jf vedtak i formannskapet den 31.05.2016.		Pågår, blir ståande		
2	FSK 54/14 KST 36/15 KST 62/15	18.03.14 30.04.15 09.06.15	Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra. Utlegging til off. ettersyn I medhald av pbl. §12-10 vert framlegg til detaljregulering for Håmyra, lagt ut til offentleg ettersyn slik det går fram av plandokumenta (planomtale, plankart og illustrasjonsplan med snitt, og føresegner. Illustrasjonsplan med tilhøyrande snitt sist revidert 05.03.2014, skal vere del av plan og juridisk bindande. Detaljregulering og søknad om rammeløyve vert å handsame parallelt jf. pbl. §12-15. Søknad om rammeløyve vert sendt på høyring i samband med utlegging til offentleg ettersyn. Kommunestyret finn at administrasjonen si plikt til forsvarleg utgreiing av saka (jmf. Kommunelova paragraf 23.2) ikkje er oppfylt. Dette gjeld særleg trafikkale forhold som utbygging av Håmyra vil medføre, mellom anna Raudemyrvegen og Heltnevegen. Krav om lovlegheitskontroll vert å sende til Fylkesmannen for vidare handsaming. Godkjenning av plan. Det skal settast i verk fleire strakstiltak før feltet kan utbyggast: 1.Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t. 2.Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen. 3.Gatestrekninga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gatelys. 4.Dersom Raudemyrvegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering. 5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks. og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara. pkt. n):	Krav om lovlegheitskontroll avslutta - avvist av kommunestyret og Fylkesmannen. Oppfølging vidare skjer i teknisk sektor. Forhandlingar om utbyggingsavtale med Din Bolig er igang. Det vert lagt fram sak til formannskapet for utlegging av avtalen. Etter ferien vert det lagt fram sak for kommunestyret for finansiering av dei kommunale tiltaka (andel av samleveg, kulvert mv) og godkjenning av utbyggingsavtalen. Planen godkjent 26.februar 2015. Klager over reguleringsvedtak avvist av Fylkesmannen 8.03.2016. Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert innarbeidd i utbyggingsavtale. (ansvar Teknisk sektor) 3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førstprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor) Varsel om planoppstart for plan Raudemyrvegen -Lisjenakkvegen til Solhøgda, utsendt 6.06.2016, jf pkt 5 og pkt m. Føresetnader teke inn som rekkefylgjebestemmelsar i reguleringsframlegg for Urbakkfoten. Plan til offentleg ettersyn etter vedtak i formannskapet sak 87/16 10.05.2016		Pågår, blir ståande		

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
	FSK 19/16	09.02.16	<p>Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p> <p>1. Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5 i denne saka</p> <p>2. Formannskapet tek til vitende fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 om omlegging av Prestesetervegen i vedlegg 2.</p>					

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
3	KST 10/14	31.01.2014	<p>Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.</p> <p>1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-</p> <p>2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.</p> <p>3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam</p> <p>4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune.</p>	<p>Under arbeid.</p> <p>Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum. Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet.</p> <p>Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15. Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporterings-rutinene til rådmann og kommunestyre vert følgt opp i samsvar med partnerskapsavtalen.</p> <p>To større prosjekt, Hamnekvartalet og forlenging av turveg Elvadalen, har vore ut på anbod og leverandør er valt. Prosjektering skal vere ferdig på nyåret 2017.</p>	<p>Sentrumsprosjektet er tungt organisert med styringsgruppe og prosjektgruppe som partnerskaps-organ. Det er kommunen sine ordinære organ som kan gjere økonomisk bindande vedtak. Organiseringa er ei utfordring m.o.t rapportering i styringslina. No som styringsgruppa har prioritert prosjekt, så er vi inne i gjennomføringsfasen. Det er viktig at ein kan få mest mogleg fysiske tiltak ut av ressursane. Det er på gang ei vurdering av organiseringa.</p>	Pågår, blir ståande	
4	FSK 196/15	08.12.2015	<p>Detaljreguleringsplan turveg Rotevatn – nytt offentlig ettersyn.</p>	<p>Fylkesmannen har oppheva kommunen sitt planvedtak i sak 88/14 – Justert planframlegg vart lagt ut til nytt offentlig ettersyn etter vedtak i formannskapet den 8.12.2015</p> <p>Nytt off ettersyn gjennomført i perioden 10.12.2015 til 8.02.2016</p> <p>Mål om denne skal verte slutthandsama av kommunestyret i løpet av hausten</p>	22.12.2016	Pågår, blir ståande	22.12.2016
5	FSK 118/16	21.06.2016	<p>Planid 2015001 - Bustadområde Legene - Bøkevegen - del av gnr 19 bnr 29 – planframlegg</p> <p><i>Pkt. 1 Formannskapet vedtek ikkje å fremje planen og vedtek ikkje å legge planforslaget ut til offentlig ettersyn.</i></p> <p><i>Pkt. 2 Arealet vert å sjå i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.</i></p> <p><i>Pkt. 3 Formannskapet ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Formannskapet ber difor om å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.</i></p>	<p>Naturleg å sjå på dette i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.</p>		Avslutta, kan fjernast	<p>Dette MÅ overførast som innspel i forbindelse med utarbeiding av kommunedelplanens arealdel.</p>

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
	Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
6	KST 60/09 og KST 72/11	3.9.09 og 22.6.11	Fjordvarme: Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med saka mellomanna med utgangspunkt i fylgjande moment: - 3. partsvurdering av den teknologiske løysinga - Økonomien i prosjektet - Organisering av prosjektet - Ei grundigare vurdering av merknaden	Føresetnadene i prosjektet er usikre og prosjektet har ikkje prioritet no, jf. sak om Klimaplanen. Kommunestyret skal handsame ny planstrategi i 2016, der det må takast stilling til om revisjon av klimaplanen skal prioriterast.		Pågår, blir ståande	Saka bør handsamast i samband med ny planstrategi. Avventar ny klimaplan før endring av vedtak blir gjort	
7			Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.		Pågår, blir ståande	Her må administrasjon knytte dette mot politisk sak og gi tilbakemelding på status vedr. oppfølging	
8			Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt		Pågår, blir ståande	Her må administrasjon knytte dette mot politisk sak og gi tilbakemelding på status vedr. oppfølging	
9	KST 152/12	29.11.2012	Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen i løpet av 2016. Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne veggen, jfr m.a problem ved snørydding mv.		Pågår, blir ståande	Saka bør handsamast i samband med ny planstrategi. Avventar ny trafikktryggingssplan før endring av vedtak blir gjort	
10	KST 5/13	31.01.2013	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016: Restbeløpet til PVC går til gateløys Ulvestad - Torvika	Restbeløp til gateløys Ulvestad – Torvik: Ikkje gjennomført. Må ha tilleggsløysing for å kunne gjennomføre tiltaket.	Må avvente politisk prioritering for ev vidare framdrift	Pågår, blir ståande	Må inn i budsjettplan snarast råd	
11	FSK 98/13	21.05.2013	Reservevassforsyning for Volda: 1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene. 2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd.	Ordførar og rådmann i Ørsta er positive til at det vert arbeidd vidare med planane. Det bør derfor vere opna for å få til vidare samarbeid med teknisk etat i Ørsta for å avklare nærare saksgang og framdrift.	Pågår, blir ståande	Kva ventar vi på ????	
12	FORV 69/13	11.06.2013	Buss-skur på Lid: Forvaltningsstyret bed administrasjonen sjå på tilhøva med buss-skur på Lid, plassering og behov for antal.	Ikkje oppstarta og ikkje finansiert. Tiltaket må vurderast i budsjett-samanheng dersom det skal prioriterast. Vedtaket vert å fjerne frå vedtaksloggen dersom det ikkje vert følgt opp politisk med finansiering.		Pågår, blir ståande	Vurdering av plassering og antal kan gjerast straks, og leggst til grunn for vidare politisk handsaming.	

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
13	FORV 78/13	20.08.2013	Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak: Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.	Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingssplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.		Trykkt frå Ordførar på SVV må oppretthaldast.	
	FORV 76/15	17.11.2015	Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862 <i>3.Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå ferjekaioområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av ferjekai. Bruksløyve på ny ferjekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.</i> <i>4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.</i>	Forvaltningsstyret den 08.12.15, sak PS 86/15: Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15. Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå ferjekaioområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av ferjekai.	Det vert i løpet av kort tid sendt brev til Statens Vegvesen for å be om møte for å avklare nærare framdrift.	Pågår, blir ståande	
	KST 81/16	16.06.2016	<i>1.Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny ferjekai i Volda sentrum.</i> <i>2.Kommunestyret sluttar seg til dei retningslinjer som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.</i> <i>3.Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.</i>				
14	KST 125/14	24.09.2014	Konkurransetsetjing, EPC-kontrakt 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering. 3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventet inntjeningstid er 8-10 år.	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016. Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget. Adm skal i kontraktsamtale med NEE AS den 29.06.2016 i Oslo.		Avslutta, kan fjernast	
15	KST 46/08	24.04.2008	Tomt øvre Rotset: Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere å innarbeide ein minimum utnytingsgrad på næringsareal i reguleringsføresegner og ved utlysing av næringsareal. Areala må lysast ut med klausul om attkjøp og byggefrist.	Reguleringsplan for området godkjent i 2014. Konkurransgrunnlag for opparbeiding av 1. byggesteg og engasjering av konsulent kan gjennomførast i løpet av 2016. Fylkesmannen har no gjeve kommunen medhald i klagen på oreigningsvedtaket, slik at det no kan reisast krav om å ta grunnen i bruk. Tomtekostnader og salsvilkår vert å utgreie og avklare i eiga sak i samband med utbygging av området når tilbod på opparbeiding av feltet har vore ute på tilbod.		Avslutta, kan fjernast	
	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016		Det vert vurdert		

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
16			Pkt. 39 <i>Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige. Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene. Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.</i>	Teknisk sektor i Volda har vore i kontakt med teknisk sektor i Ørsta om ev samarbeid. Det er praktiske problem knytta til dette da det er behov for den samtidig i begge kommune for skraping av vegar og sikring av vegane. Leigeavtale vi har i år med entreprenør kostar om lag Kr 250.000. Då er ikkje driftskostnadane teke med. Kapitalkostnad ved kjøp vil være vesentlig rimligare en dagens løsing.	innarbeiding av ny veghøvel på budsjett 2017.	Avslutta, kan fjernast		
17	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 Pkt. 42 <i>Botnavegen – budsjett 2016 kr 3.500.000</i>	Tilleggsfinansiering er godkjent av kommunestyret.	Pga av formalfeil i anbudsprosessen vert prosjektet lyst ut på nytt.	Pågår, blir ståande	Dette medfører at avsatte midlar må bli overført til budsjett for 2017	

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
18	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 44 Forprosjekt - <i>Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet.</i></p> <p><i>Finansiering ved ubudne investeringsfond</i></p>	Det har ikkje vore teke eige initiativ knytt til Torvmyrvegen utover at det har vore drøfta om prosjektet bør inn i ei felles samferdselspakke for Volda og Ørsta.		Pågår, blir ståande	Dette medfører at avsatte midlar må bli overført til budsjett for 2017
19	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 47 <i>Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.</i></p>	Vedtaket vert tolka som at kommunestyret er villig til å prioritere sentrumsutvikling.	Dette vert å vurdere i komande budsjett og økonomiplan.	Pågår, blir ståande	Dette medfører at avsatte midlar må bli overført til budsjett for 2017
20	KST 44/16	31.03.2016	<p>B58 Bratteberg Planen godkjent, tillaut til meir gagn enn skade.</p> <p>3. Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegssystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktrykkingsplanen.</p> <p>4. Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggast fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Vedtak som skal oversendast til administrasjonen: Som 1. trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule.</p>	Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinansiering av utbygginga.	Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan rå til at ein får rydda opp i vegsystemet som tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg.	Pågår, blir ståande	

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
	Saksnr	Dato	Sak	Status og ansvar: Eigedomsavdelinga	Framdrift/aktivitet	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
24	KST 42/12	31.05.2007	Trong for omsorgsbustader i Volda kommune - Totalrenovering av Mork bustader - Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad - Utviding av kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad	Dette er spørsmål som vert vurdert og handsama i samband med budsjett og økonomiplan.		Gjerast om inkje, fjernast	Det har ingen virkelighet å halde dette pågåande utan at ny sak blir utgreidd	
25	KST 11/13	31.01.2013	Mork skule, gamlebygget Byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamleskolen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden.	Frist for å legge fram ein samla byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning er 01.01.2018. Dette er ikkje starta opp pga kapasitet i avdelinga. MEN det er gjort eit stort arbeid for å oppretthalde drifta på skulen då den vart stengd pga fukt og luftkvalitet. Lokala i kjellaren er pussa heilt opp, utvendig har vi laga ei ytre drenering som alle taknedløp er kopla på. Vegen ovanfor skulen er omarbeidd med rett fall, slik at vasstrykk blir minska på bygget. Vidare er delar av kjellar behandla for å ikkje ta inn vatn. Resultat av dette er godt, og skulen vart godkjent opna igjen. Det er framleis gode resultat av tiltaket. Bygget har blitt vøla utvendig og der er gjort tiltak innvendig for å betre forhold til lærarar (inventar) vidare arbeid med lærararbeidsplassar blir arbeidd med Det er gjennomført tilstandsanalyse på innemiljø i år, denne er funne ok. EPC vil gjennomføre ulike tiltak i bygget. Større vurdering kjem i løpet av hausten i forbindelse i svar om miljøretta helsevern. Her vil ein sjå på samanhengar i ulike prosjekt som er på gang i Volda. (Voldahall, VUS, skulemodular ved Øyra osv	Det vert vurdert flytting av modul frå Øyra skule til Mork skule i samband med budsjettet for 2017.	Pågår, blir ståande		
26	KST 163/13	28.11.2013	Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Frist for å legge fram ein samla byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. Dette arbeidet er ikkje starta opp p.g.a. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her. Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule		Pågår, blir ståande	Ber om tidsplan for gjennomføring av vedtak	
27	KST 164/13	28.11.2013	Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule 3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Pkt. 3 Dette har svært stor kostnad som må vurderast i økonomiplansamheng. Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule.		Pågår, blir ståande	Ber om tidsplan for gjennomføring av vedtak	
	KST 165/12	20.12.2012	Budsjettsaka pkt 24: Administrasjonen vert beden om å utgreie konkurransetsetting av reinhaldet i kommunen	Eigedomsavdelinga er i gang med å førebu grunnlaget for ei konkurranseutsetjing. Det er tilsett reinhaldsleiar og gjort vesentlege tiltak for å betre rutinene, gjennomgå areal/frekvens og ressursstyringa innanfor reinhald. Spørsmålet om konkurranseutsetjinga vert å kome attende til når ein har skaffa seg erfaring med dei endringane som er gjort. Innkjøpsprosessen med reinhaldsartikklar er kome godt i gang der ein har eit sentrallager for alle bestillingar. Dette har så langt gitt økonomisk gevinst med å standardisere innkjøpa og val av produkt. Dette er gjennomført i heilskap.				

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
28				<p>Vår 2016 vil ein konkret kunne sjå effekt av endringar som eg gjort til no og ein vil kunne seie meir om konkurranse evna til reinhaldavdelinga. Dette er eit arbeid som tek tid og omorganiseringsprosessar må og skal gjennomførast på god måte spesielt med tanke på dei tilsette. Det er lagt fram orientering for driftsstyret der ein viser lønsemd i reinhaldet. Reinhald viser også til ein svært viktig funksjon som lærebedrift der vi kvalifiserar personar ut i arbeid. Dette gjennom nært samarbeid med Volda læringssenter og Furene. Det er vist til lønsemd med å ta over reinhaldet sjølve i leigd lokale på Hamna 20, driftstyret var orientert om dette i vår. Person er tilsett og starta opp i arbeidet 1. sept. 2016</p>		Avslutta, kan fjernast		

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist	
29	FSK 208/14	18.11.2014	<p>Leigekontrakter Høgskulen i Volda</p> <p>Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigereala har tilfredsstillande standard.</p>	<p>Viser til dialog kring nytt mediebygg, Voldahall prosjekt og EPC. Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggetekniske høve blir tatt omsyn til. EPC prosjektet er involvert så vidare framdrift blir etter kommunestyrevedtak på det prosjektet. EPC er nok godkjent, VK tek vidare dialogen kring leige sett opp mot gjennomføringsplan av tiltak i prosjektet, samt eventuell framdrift i nytt mediebygg.</p>				
30	KST 38/15	30.04.2015	<p>Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg</p> <p>1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.</p> <p>2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenoverert.</p> <p>3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Volda kommune med 2 frå administrasjonen - Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 repr. - Volda idrettsråd med 1 representant - Volda handball med 1 representant - KFUM Volleyball med 1 representant <p>Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.</p> <p>4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast. b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke. c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift. d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt. e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre. f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring. <p>5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.</p> <p>6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsovingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.</p> <p>7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.</p> <p>8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsovingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.</p>	<p>Arbeidsgruppa er i gang med arbeidet og er i rute med plan så langt.</p> <p>Kommunestyret har teke til vitande utgreiing frå administrasjonen når det gjeld behov og status for kroppsovings-/symjeanlegg, jfr K-sak 96/15 i møte 01.1015 (jfr punkt 8 i mandatet frå kommunestyret i K-sak 38/15)</p> <p>Arbeidsgruppa arbeider med prosjektet. Idretten har lagt fram romprogram. Det er planlagt møte med Ørsta kommune for å drøfte mogleg samarbeid om å utløse maks spelemidlar. Det er planlagt ekskursjon til Ulsteinhallen før ferien. Det vert teke sikte på å få fram ei sak for kommunestyret etter ferien der partane har samordna sine interesser med sikte på å få utarbeidd eit forprosjekt som kan verte eit beslutningsgrunnlag for partane.</p> <p>Kommunestyret har bedt om rapport frå arbeidsgruppa blir lagt fram. Det er tatt avgjersle på bruk av ekstern kompetanse til å greie ut tomteplassing. Anbud på dette er sendt ut.</p>	<p>Arbeidsgruppa vert å leggje fram framdriftsplan på prosessen. Det vil vere tenleg å få ei rask avgjerd på tomteplassing og få det avklart i styrande organ hos partane. Deretter bør ein arbeide vidare med forprosjekt på å få kostnadsrekna investering og driftskonsekvensar som avgjerdgrunnlag for å få vidare.</p>			

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarer	Framdrift/aktivitet	Forslag fra nemnd	Drøfting	Frist
			9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.					

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
31	KST 165/12	20.12.2012	Budsjettsak pkt 34: Felleskjøkkenet ved omsorgssenteret vert vurdert å konkurranseutsette.	Kartlegging i saka er igong. Lite erfaring å finne frå andre liknande prosjekt. Vanskeleg å kome i mål med saka. Vi har vore i kontakt med innkjøpskonsulent og kun eitt liknande prosjekt frå ei kommune vart funne, Hurum. Før Hurum-saka enda opp i ei offentleg utlysning, vart konkurranseutsettinga trekt. Grunnen til dette har vi ikkje fått kjennskap til. Helse- og omsorg har ikkje administrativ kapasitet og innkjøpsfagleg kompetanse til å gjennomføre ein prosess på dette. Administrasjonen er pressa på ressursar og må prioritere primær oppgåvene knytt til tenesta. Helse og omsorgssektoren har ikkje kapasitet til framdrift i saka så langt, og administrasjonen er avhengig av at det vert vert løyvd ressursar til ekstern innleige til utgreiing og gjennomføring av konkurransen. Tiltaket er ikkje følgt opp av kommunestyret i budsjettet for 2016.			Gjerast om inkje, fjernast	
32	KST 134/13	03.10.2013	Oppretting av engasjementstilling, "frå mellombels til varig bustad". Kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei engasjementstilling i 100 % knytt til prosjektet "frå mellombels til varig bustad", p.t. knytt til pleie- og omsorgsavdelinga. Opprettinga av engasjementstillinga vert å finansiere gjennom prosjektmidlar tildelt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal Engasjementet opphøyrer når prosjektet er avslutta.	Prosjektmidlar er tildelt og prosjektleiar var tilsett frå oktober 2013. Vi har fått prosjektmidlar ut 2015. Rapport om status på prosjektet var lagt fram som orienteringssak til Formannskapet mai 2014. Tiltaket har gitt positive resultat med god organisering av bustadtildelinga og god rotasjon i bustadene. Frå Fylkesmannen er det signal om vidareføring av prosjektet i 6 mnd i 2016. Tilbakemeldingar frå samarbeidspartar i tildelingsnemnda og Eigedomsavdelinga er at ein ynskjer å halde fram med denne organiseringa vidare etter prosjektperioden. Søker om vidareføring av prosjektmidlar i 100 % stilling tom 31.07.2016. Det er oppretta 60 % fast stilling frå 2. halvår 2016 jfr. vedtak KST 152/15 Årsbudsjett 2016.	Oppfølgt i samasvar med KST 152/15 Årsbudsjett 2016 pkt. 35	Avslutta, kan fjernast		
33	KST 188/13	19.12.2013	Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune 1. Volda kommune innfører kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode i løpet av første kvartal 2014. Kommunen ønskjer å endre tenesteytinga i tråd med sentrale føringar og framtidige utfordringar. Tenestene skal ha fokus på at brukarane får hjelp til å nytte ressursane sine og dermed vere lenger aktive i eigne liv. 2. Planlegging og etablering skjer innafør gjevne rammer. 3. Innføringa vil skje som eit prosjekt som skal kunne evaluerast etter eit års drift. Deretter vil det kunne implementerast i heile helse- og omsorgssektoren. Målsetjinga for prosjektet er betre tenester til brukarane og reduserte utgifter knytt til målgruppa. 4. Innføring av kvardagsrehabilitering vil bety endringar både i tankemåte og handling både for tilsette, brukarar, pårørande, politikarar og samfunnet elles og det må difor lagast ein kommunikasjonsplan som kan formidle endringane til alle desse gruppene.	Sektoren har ikkje rapportert på vedtaksloggen pr 1. tertial. Rapport- Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune, periode 05.11.2014 -31.12.2015 er klar for publisering november/desember 2016	Kvardagsrehabilitering er eit viktig satsingsområde for å leggje til rette for at pasienten kan ha lenger livskvalitet, og at strategien kan utsette behovet for tyngre tenester. Helse og omsorgssjefen legg fram sak om rapport for perioden 2014 - 2015, samt målsetting for den vidare satsinga.	Avslutta, kan fjernast		

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
34	KST 97/15	01.10.15	<p>Ombygging ved Volda legesenter for å ta imot turnuskandidat</p> <p>1. Volda kommunestyre er positiv til å ta imot medisinsk turnuslege frå 2016 av.</p> <p>2. Dei nødvendige ombyggingsarbeida ved Volda legesenter, slik dei er utgreidde i dette saksframlegget, blir å starte snarast muleg.</p> <p>3. Prosjektkostnaden på kr. 800.000 vert finansiert slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Momskompensasjon kr. 160.000 ■ Bruk av ubunde investeringsfond kr. 640.000 <p>4. Volda kommunestyre er kjend med at</p> <p>a. det må utarbeidast ein tilleggsavtale/vedlegg til noverande avtale mellom Volda kommune og fastlegane ved Volda legesenter for innarbeiding av stillinga som turnuslege i eksisterande driftsform ved legesenteret.</p> <p>b. den arealmessige kapasiteten ved legesenteret er sprengd. Plasseringa av turnuskandidatkontoret internt på legesenteret må bli å revurdere i samband med punkt 5.</p> <p>5. Det må startast utgreiing av måtar legesenteret kan få dekke sitt noverande og framtidige arealbehov. I saka må også utgreiast på kva måte arealet som no blir frådelt sin funksjon til legevakføremål, kan ivareta på ein fagleg og praktisk måte, slik opprinneleg funksjon var. Eventuelle tiltak som følgje av utgreiinga må innarbeidast i avtalen som vedkjem partane og i alle høve godkjennast i høve til budsjett og økonomiplan.</p>	<p>Ombygging er klar til turnuslege tek til i stilling medio 2016.</p> <p>Ombygging knytt til oppstart av turnuslege var ferdigstilt til turnuskandidat tok til i stilling 01.09.2016.</p>		Avslutta, kan fjernast	
35	KST PS 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 31 Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.</p>	<p>Arbeidsmiljøprosess er igong og vil pågå 1. halvår 2016. Det er tildelt midlar gjennom NAV arbeidslivssenter. Prosessen vert følgt opp i etterfølgjande handlingsplanar som vert forankra både hos leiinga og dei tillitsvalte.</p>	<p>Rapport etter arbeidsmiljøprosessen vil kome i november 2016. Einingsleiarane, verneombod og plasstillitsvalte har inngått avtale om handlingsplanar for den enkelte eining med tiltak og fristar for gjennomføring. Personalavdelinga har i samarbeid med sektoren sett i gang opplæringstiltak og tiltak retta mot leiarutvikling.</p> <p>Rådmannen vil setje i gang ein prosess på overordna nivå i sektoren frå midten av november og ca eit 1/2-år framover i tid</p>	Pågår, blir ståande	Avventar rapport november 2016
36	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 35 Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.</p>	<p>Vurdering vil bli gjort.</p> <p>Bustadkoordinatorer i 60 % stilling som bustadkoordinator og i tillegg 20 % stilling sakshandsamar innan anna område ved tildelingskontoret. Sektoren fann ikkje rom for å auke bustadkoordinatorstillinga til 80% innan ramma.</p>		Avslutta, kan fjernast	

ID	Saknr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
37	KST 165/12 KST 152/15	20.12.2012 17.12.2015	Kinodrift: Pkt. 26 i budsjettvedtaket: Kommunestyret ber rådmannen utgreie framtidig organisering av kinodrifta i løpet av 2014. Årsbudsjett 2016 – pkt. 33 - kinodrift <i>Volda kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare.</i>	Dette vert vurdert i samanheng med Campus-prosjektet	Statsbygg startar opp eit skissprosjekt der HVO og Volda kommune har inngått intensjonsavtale om fleirbrukssal inkl kino-/kultursal. Det er venta å få fram prosjektet til sommaren 2017.	Pågår, blir ståande		
38	FUNK 18.5.15	18.05.2015	Oppnemning av kommunalt råd for funksjonshemma Kommunalt råd for funksjonshemma vil be om at rådet vert utvida med ein representant slik at det blir fire brukarrepresentantar i rådet. Rådet vil då bestå av seks medlemmer. Dette for å få ei større bredde.	Kommunalt råd for funksjonshemma blei oppnevnt av kommunestyret 26. mai 2016. Saka om evt. utviding av antal medlemmer vil bli handsama på kommunalt råd for funksjonshemma sitt første møte.	Saka vil bli handsama i Kommunestyret i haust.	Avslutta, kan fjernast		
39	PS 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 Pkt. 30 Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenoppreta.	Adm. har starta arbeidet med å lage ei sak på dette.	(uendra)	Pågår, blir ståande	Her må vi ha tidsplan for ny sak.	
40	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 Pkt. 43 Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben	Det vil verte lagt fram sak på dette. Rådmannen stiller spørsmål ved om det bør gjerast ei breiare vurdering av ungdomstilbod for urgansierte ungdom, og om dette bør vurderast utover det å skaffe lokale til ein ungdomsklubb, og at dette vert sett opp mot kommunepleanen sine mål og strategiar i ein litt vidare samanheng. Det vil verte ein tverrfagleg gjennomgang på dette for ein kjem attende til sak til politisk nivå.	Saka vil vere klar til handsaming i oktober 2016	Pågår, blir ståande	Oktober er passert. Vi må få saka til handsaming	
41	KST 77/16	16.06.2016	Kulturminneplan <i>1. Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe.</i> <i>2. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:</i> <i>Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad: kr 100 000,-</i> <i>Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond) kr 40 000,-</i> <i>Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service kr 60 000,-</i> <i>Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreinga</i>		Prosjektgruppa har hatt sitt 1. møte. Held på å planlegge oppstartsmøte.	Pågår, blir ståande		
42	PS 99/16	25.08.2016	Grendautvala 2016 <i>Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.</i> <i>Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.</i>			Pågår, blir ståande		

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
43	KST 5/13	31.01.2013	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016	For å få fram ei prisoversikt for kostnaden med grunninnløysing og skjøen må det ligge føre ei oversikt frå kommunalteknisk avdeling eller avdeling for kart, oppmåling og byggesak over kor stort areal det dreiar seg om. Å gjette grunnprisen på Lauvstad er vanskeleg. Eit skjøen kostar rundt kr. 150.000 - 250.000 pr. rettsinstans, avhengig av talet på partar, kompleksitet osv. Tiltaket er delfinansiert i budsjett og økonomiplan. For gjennomføring må prosjektet kalkulerast og fullfinansierast.	Det er lyst ut anbod på prosjektet. Prosjektet vert vesentleg dyrare enn det som er lagt inn i budsjettet, og oppstart er betinga av at tilleggsøyving vert innarbeidd i 2017-budsjettet.	Pågår, blir ståande	Må avvente budsjett for 2017	
	Forv 36/15	12.05.2015	Skulebakken på Ulvestad – grunnspørsmål Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å setje i gang ein prosess for å finne ei løysing på grunnspørsmålet for skulebakken på Ulvestad, evt. oreigningssak.	Sak om godkjenning av avtale var i møtet 4. oktober. Skjøen vert til våren				
	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett 2016 - pkt. 28 <i>Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17</i>	Prosessen med å førebu grunnerverv er starta opp.				
44	KST 123/15	26.12.2015	Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning <i>1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna. 2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade. 3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøen. 4. Volda kommune krev skjøen.</i>	Det vart klaga på oreigningsvedtaket, Grunneigar fekk ikkje medhald i klaga.	Pågår, blir ståande	Avventar skjøen		
	KST 17/16	09.02.2016	1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngevinga i saksutgreinga nedanfor. 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.	Skjøensbegjering er sendt frå kommuneadvokaten. Skjøen vert over jul ein gong. (ikkje fastsett) Skal søkje Fylkesmannen om å ta grunnen i bruk før skjøen er halde				
45	FSK 35/15	03.03.15.	Fusjonsplan destinasjonsselskap Visit Sunnmøre & Nordfjord: Formannskapet ber administrasjonen kome med ei sak om eventuell innmelding i destinasjonsselskapet og at det er naturleg at det vert henta inn synspunkt frå Volda næringsforum.	Kommunestyret gjorde slikt vedtak i budsjettsaka 17.12.15: <i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.</i> Administrasjonen har bede Volda Næringsforum ei avklaring på korleis næringsforumet prioriterer, og om dei står fast på at kommunen ikkje skal melde seg inn att i DÅS. Kommunen er utmeld frå DÅS pr. 01.01.2016. Har sak i k.styret 16.06.16 om omdisponering av midlane for 2016 (Jfr. sak 2015/2312)	Pågår, blir ståande	Saknar framdrift i saka. Tidsplan		
46	FSK 93/15	09.06.2015	Kjøp av friluftsområde – Andaneset 1. Formannskapet bed administrasjonen tinge med eigar av gnr. 30 bnr. 18 med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommunedeplanen avsette friområdet på Andaneset. 2. Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan.	Det er gitt tilsagn om midlar til innløysing, og det har vore lagt fram sak om godkjenning av avtale og finansiering av kommunen sin eigenandel til innløysing.				Avslutta, kan fjernast
	KST 152/15	17.12.2015	Årsbudsjett – pkt. 21. - DÅS	Volda Næringsforum har fått tilsagn om midlane for å utvikle ein		Må settast saman med sak FSK 35/15		

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
47			<i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.</i>	lokal destinasjon. Prosjektet skal evaluerast.		Pågår, blir ståande	

ID	Saksnr	Dato Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
48	KST 91/16	28.06.2016	<p>Kommunereforma endeleg vedtak</p> <p>1.Under føresetnad av tilslutning frå Hornindal kommune skal under kulepunkta i avsnitt 2 tilføyast:</p> <p>a. Den samanslåtte Volda og Hornindal kommune vil arbeide aktivt og målretta for å ha best mulig kommunikasjonar over fjorden til bygdelaga på sør og vestsida av Voldsfjorden. Dette for å knyte kommunen i hop på best mulig vis til ei kvar tid.</p> <p>2.Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale med Hornindal og Stryn, K-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med Stryn, vedtek kommunestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, datert 20. juni 2016.</p> <p>3.Volda kommunestyre vedtek å gjere om inkje vedtaket i PS-sak 76/16, pkt 4.</p> <p>4.Under føresetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.</p> <p>5.Volda kommune vil i samband med kommunereforma stimulere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utvikle betre offentlege tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling.</p> <p>6.Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Dersom statlig mynde eller Stortinget kjem med andre føringar eller vedtak vil Volda kommune være positive til å starte nye forhandlinger med Ørsta kommune.</p> <p>Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnemnda som innspel til det vidare arbeidet.</p>	<p>Det vert lagt fram sak for formannskap og kommunestyre i oktober med sikte på å opprette fellesnemnd for Volda og Hornindal.</p> <p>Det er underliggjande at det politisk vert vurdert om det skal takast nye initiativ overfor Ørsta kommune.</p>		Avslutta, kan fjernast	
49	KST 152/15 KST 11/16 FSK 55/16	17.12.2015 19.01.2016 15.03.2016	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 22 - Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjerung av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.</p> <p>Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreinga, forslag frå Krf og debatten</p> <p>Val av arbeidsgruppe.</p>	<p>Arbeidsgruppa er nedsett og kome i gang med arbeidet.</p> <p>Kommunestyret har vedteke at prosessnotatet frå arbeidsgruppa vert å legge til grunn for års- og økonomiplanarbeidet</p> <p>Det er innhenta KOSTRA-analyse frå KS Agenda.</p>		Avslutta, kan fjernast	
50	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 31 Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.</p>	<p>Dette er eit verbalvedtak som ev vert å materialisere i seinare budsjett og økonomiplan.</p>	Vert å vurdere for 2017	Pågår, blir ståande	Avventar budsjettbehandling 2017
51	KST 152/15	17.12.2015	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 34</p> <p>a) Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."</p> <p>Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.</p> <p>b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.</p>	<p>Det vert synt til økonomiprosessen i 2016 og kommunestyret sitt vedtak om føringar og prinsipp for komande budsjett- og økonomiplan, jfr K-sak 107/16.</p>		Pågår, blir ståande	Avventar budsjettbehandling 2017

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
52	Drift 26/16	11.05.2016	Notat politisk organisering driftsstyret Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda. Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen. 1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg 2: Kwart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara 3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra 4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda 5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017 6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag				Avventar slutføring etter nyttår	
	KST 95/16	25.08.2016	1. Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval: a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK) <i>Utvala skal ha sju medlemmer pluss varamedlemmer I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til Forvaltningsutval.</i> <i>Endringa skjer frå 01.01.2017</i> 2. Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.	Det er gjort vedtak. Medlemer må velgast og sak om fullmakt og delegering må fremjast. Administrasjonen er pressa, og det kan hende at dette må utsetjast til etter nyttår.			Pågår, blir ståande	
	KST 96/16	25.08.2016	Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp Kommunestyret ber administrasjonen legge fram forslag til konkrete strategiske grep der ein nyttar innkjøp som verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling. Dette bør sjåast i samanheng med komande handlingsplanperiode 2017-2020 for kommunen sin klimaplan.	Vedtaket er gjort og oversendt Einingane og innkjøpssamarbeid				
53	KST 82/16	16.06.2016	"Destinasjon Volda" 1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum. Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune. 2. Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka. 3. Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.	Prosjektet er sett i verk. Formannskapet har oppnemnd kommunen sine medlemmer i nemnda. Saka vil bli fulgt opp av administrasjonen			Avventar prosjektrapport 1.juli 2017	
	FSK 148/16	06.09.2016	Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel 1. Fride Sorteaug vara: Odd Harald Sundal 2. Anders Egil Straume				Pågår, blir ståande	

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
			<i>som kommunen sine representantar i prosjektgrupp.</i>					

ID	Saksnr	Dato	Sak	Adm sine kommentarar	Framdrift/aktivite	Forslag frå nemnd	Drøfting	Frist
54	KST 152/15 KST 36/16	17.12.2015 31.03.2016	Årsbudsjett 2016 Pkt. 29 Kommunestyret ber om at det blir gjenopprettet stilling som valdskoordinator i 20 % stilling. Kommunestyret bed om at valdskoordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.	Saka lagt fram for kommunestyret, som ber om at valdskoordinator i 20 % stilling vert innarbeidd i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.	Dette må vurderast i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.	Pågår, blir ståande	Avventar budsjettbehandling 2017	
55	KST 152/15 KST 85/15	17.12.2015 16.06.2016	Årsbudsjett 2016 Pkt 38 Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultatata i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet Framlegg til tiltak for å betre resultatata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.	Dette punktet vart handsama i samband med tilstandsrapporten for grunnskulen som vart lagt fram for kommunestyret seinast i juni 2016.		Avslutta, kan fjernast		
56	KST 9/16	19.01.2016	Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak 2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnader med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkte rute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming 3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austefjordelevene 4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevene. 5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevene frå Austefjorden. Gruppen skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerepresentant og ein politikkrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte.	Dersom ikkje den økonomiske situasjonen tilseier at ein må forsere dette, så vil arbeidet med vedtaket normalt starte opp når ein kjem nærare budsjetthandsaminga for 2020.		Avslutta, kan fjernast		
57	Drift 10/16	10.02.2016	1. Driftsstyret ber administrasjonen legge til rette for at alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen. 2. Driftsstyret vil kome med skriftleg tilbakemelding på arbeidsheftet til oppvekstsjefen innan 15. april 2016. 3. Registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar i Volda sentrum, kalla Barnetråkk, vert ikkje ein del av oppvekstplanen. Driftsstyret føreset at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feidegodkjent. 4. Driftsstyret føreset at andre aktuelle instansar vert tatt med i arbeidet med oppvekstplanen i ein høyringsprosess.	Vedtaka er gjennomført. Utkast til kvalitetsplan vert etter planen lagt fram i desember		Avslutta, kan fjernast		

Avslutta, kan fjernast	17	30%
Gjerast om inkje, fjernast	2	4%
Pågår, blir ståande	38	67%
	57	



NOTAT

Politisk arbeidsnemnd

Sak: Vedtaksoppfølging - samlesak

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/1172	14993/2016	047	ADM/RUNSJU	23.12.2016

VEDTAKSLOGG

Det vert synt til kommunestyret sitt vedtak 27.10.16:

«Kommunestyret ber formannskapet oppnemne ei nemnd til å gå gjennom "vedtaksloggen" slik den no ligg fore. Nemnda skal ta vekk alle "uaktuelle" prosjekt frå vedtaksloggen, og legge denne fram for kommunestyret til orientering og godkjenning. Den nye ajourførte vedtaksloggen skal kunne handsamast i kommunestyret i mote den 15. desember 2016»

Formannskapet oppnemnde 02.11.16 nemnd til å ajourføre vedtaksloggen.

Eg syner til notat og forslag til endringar frå nemnda, motteke 01.12.16. Nemnda har bedt om attendemelding frå administrasjonen før nemnda avlegg endeleg innstilling. På grunn av stor arbeidsmengde har ikkje administrasjonen fått sett på dette før den 20.12.16. Da vart dette teke opp og gjennomgått i rådmannen sitt leiarteam. I kommunestyret den 15.12.16 vart det informert om behov vor litt meir tid, og at kommunestyret får saka etter nyttår.

Rådmannen registrerer at nemnda har gjort eit grundig arbeid og at det er tenkt ein god arbeidsmetodikk for denne rutinen framover.

Vedtakslogg er eit godt system for å ha oversikt over politiske vedtak og oppfølginga av desse. Nokre vedtak inneber meir omfattande prosessar og som kan involvere fleire aktørar. Dette kan gjere det utfordrande å setje klare fristar for slutføring. Føresetnadene kan endre seg, og framdrifta hos andre aktørar kan vere styrt av andre prioriteringar. Rådmannen meiner at fristar vil gi fokus på framdrift, men vil presisere at ein må sjå loggen som eit levande dokument der ajourføring av fristar må sjåast i samanheng med endring i føresetnader og kva som vil vere realistisk framdrift.

Budsjettet for 2017 er no vedteke, slik at enkelte forhold no kan avklarast også med tanke på aktualiteten til enkelte vedtak/saker i loggen.

Rådmannen vil kome nærare inn på fleire av vedtaka og gi råd om korleis dei bør handterast i ajourføringa. Først vil eg kome med nokre synspunkt ut frå eit meir overordna perspektiv. Det eine er ei oppmoding til kommunestyret om å ha ei kritisk prioritering av utgreiingsarbeid, slik at dei administrative ressursane vert nytta i tråd med dei overordna prioriteringane, jfr kommunestyret sine føringar og strategiar i kommuneplan og økonomiplan/budsjett. Arbeidet

med kommunesamanslåing startar for fullt i 2017. Dette vil binde opp store ressursar i administrasjonen. Store delar av administrasjonen vert involvert i prosjektarbeidet. I første omgang handlar dette om arbeidsgrupper som skal kartleggje infrastruktur, utstyr, korleis ting er organisert og fungerer i dag mv. I neste omgang vert organisasjonen også sterkt involvert i innovasjon og prosessar for korleis ting skal verte i den nye kommunen. Dette gjer at administrasjonen vil ha avgrensa ressursar til større utgreiingar. Rådmannen ser ikkje bort frå at oppgåver må utsetjast for å prioritere arbeidet med kommunesamanslåinga. Ajourføringa av vedtaksloggen og forventingar til framdrift i enkelte saker bør sjåast i lys av dette.

Kommunen har fått trekt opp klare strategiar og føringar gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan/budsjett som byggjer på konklusjonen frå den økonomiske prosessen som vart handsama i kommunestyret i september 2016 (K-sak 107/16). Budsjettet og økonomiplanen legg opp til ei ambisiøs satsing på samfunnsutvikling som føreset klare prioriteringar for å skaffe økonomisk handlingsrom. Dette gjeld m.a vidareføring av eigedomsskatt og føresetnader om endringar i tenestestrukturen innanfor barnehage og skule. Rådmannen registrerer at fleire gamle vedtak vert motstridande til det retningsvalet som no er valt, og at kommunestyret bør rydde opp i desse gamle bestillingane dersom ein skal kunne gjennomføre dei planane som er lagt i budsjett og økonomiplan, jfr prinsippet om at det er siste vedtak som gjeld.

Loggen må ajourførast med dei vedtaka som vart gjort i samband med budsjett og økonomiplan vedteke i kommunestyret i K-sak 172/16 den 15. desember i år. Dette kan administrasjonen gjere i forkant av neste tertialrapportering.

Kommentarar til vedtaka etter den ID-nummereringa som nemnda har gitt vedtaka:

ID 7

Arbeidet på Folkestad er meir eller mindre ferdigstilt. Det er rundt 10 husstandar på Folkestad som ikkje har rapportert inn om dei har gjennomført pålegg, eller rapportert inn tilstanden på det eksisterande avløpet. Desse må følgjast opp og purrast i første kvartal i 2017.

ID 8

Arbeidet på Straumshamn er meir eller mindre ferdigstilt. Det er rundt 10 husstandar på Folkestad som ikkje har rapportert inn om dei har gjennomført pålegg, eller rapportert inn tilstanden på det eksisterande avløpet. Desse må følgjast opp og purrast i første kvartal i 2017.

ID 10

Dette handlar om tiltak som ikkje har vorte prioritert i budsjettsamanheng. Teknisk sektor skal utarbeide vegplan som også omfattar gatelys. Rådmannen meiner at vedtaket bør overførast frå vedtaksloggen og over til prosessen med utarbeiding av vegplan. Planen skal handsamast av kommunestyret der det også vil verte ei prioritering av gatelys og ulike vegtiltak. Planen vert deretter grunnlag for prioriteringar i seinare budsjett og økonomiplan.

ID 14

Sjølv om EPC-programmet er vedteke og det er teikna kontrakt med NEE som entreprenør for prosjekta, så kan ein ikkje avslutte saka heilt enda. Tidleg i 2017 skal det opp til politisk handsaming for å ta stilling til opsjon på Voldahallen og opsjon på ev bygging av 3. etasje på Aasenbygget ved høgskulen. Vidare skal administrasjonen rapportere på oppfølginga av EPC-programmet.

ID 18

Midlane som vart løyvd i 2016 er investeringsmidlar som vert ståande. Torvmyrvegen vert vurdert i samarbeidet med Ørsta kommune i prosessen med samferdelspakke, samt i samband med reguleringsplanen som Statens Vegvesen utarbeider for strekninga E 39 Volda-Furene.

ID 22

Kommunestyret handsama sak i 2016 om oppretting av fleire lærlingeplassar. Ev ytterlegare fleire plassar vart vurdert i budsjettprosessen for 2017, men ein konkluderte med å halde fast ved det antalet kommunen har no. Budsjett 2017 er i samsvar med dette og saka kan avsluttast og vedtaket fjernast.

ID 26

Rådmannen meiner at vedtaket bør overførast til saka som administrasjonen skal leggje fram ut frå bestillinga i budsjettvedtaket punkt 20; «*Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16*».

ID 27

Det er viktig å sjå enkeltsaker som dette i ein total samanheng, jfr skulestruktur og ein overordna politikk på prioritering av opplæringsbasseng der ein snart er i ferd med å stå utan slikt tilbod i Volda sentrum. Rådmannen meiner at vedtaket bør overførast til saka som administrasjonen skal leggje fram ut frå bestillinga i budsjettvedtaket punkt 20; «*Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16*».

ID 30

Det vert vist til K-sak 143/16 frå 24.11.16:

- 1 Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
- 2 Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
- 3 Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvingselevane i grunnskulen.*
- 4 Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvinglokal er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.*
- 5 Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
- 6 Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*

- 7 *Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.*

ID 33

Kan vente med å fjerne vedtaket til administrasjonen har lagt fram ein rapport om kvardagsrehabilitering.

ID 35

Rapport er avlagt og presentert for formannskapet. Det er utarbeidd handlingsplanar med systematisk gjennomføring og evaluering for den enkelte eining, og det er sett i verk og under planlegging sektoroverordna tiltak som m.a opplæring mv. Tiltak i samsvar med råda i rapportane er sett i verk. Vedtaket kan fjernast frå loggen.

ID 37

Vedtaket bør overførast til nemnda som er nedsett for å vurdere bruken av samfunnshuset og kommunen sine funksjonar i høve til kultursal i mediebygget.

ID 40

Kommunestyret handsama sak om ungdomsklubben i K-sak 150/16, samt eige punkt om lokale også i budsjettet for 2017. Vedtaket frå 2015 (K-sak 152/15) bør fjernast og erstattast med dei to siste vedtaka.

ID 43

Vedtaket høyrer heime under teknisk sektor. Veggen Skulebakken er vedteke i budsjettsamheng og i budsjettet for 2017 er den fullfinansiert. Grunnavtaler er inngått og det skal gjennomførast frivillig skjøn. Vedtaka KST 5/13 og Forv 36/15 kan fjernast.

ID 45, 47 og (nytt) 54

Desse bør samordnast og sjåast i samheng. Kommunestyret har løyvd midlar til Volda næringsforum som skal utvikle lokal destinasjon. Dette skal evaluerast før ein tek stilling til kva som skal skje vidare med tilknytning til destinasjon.

ID 50

Vedtaket bør fjernast frå loggen overførast til punkt 39 i vedtaket for budsjett 2017.

ID 51

Vedtaket vart vurdert og handsama i samband med budsjettprosessen, jfr K-sak 107/16 og som gjeldande budsjett og økonomiplan byggjer på. Vedtaket kan derfor fjernast frå loggen.

ID 53

Vedtaket KST 96/16 har ikkje fått eige ID-nummer og vert nytt ID 53. Tidlegare ID 53 vert ID 54.

ID (nytt) 55

Kommunestyret har i budsjettvedtaket for 2017 bedt om at det vert utgreidd ei interkommunal ordning for valdskoordinator.

ID (nytt) 57

Vedtaket vert erstatta og kan overførast til budsjettvedtaket punkt 20 (K-sak 172/16); «*Det vert lagt fram enkeltsaker for avklaring av føringar slik dei vart foreslått av den politiske økonomigruppa i sitt framlegg handsama av kommunestyret i K-sak 107/16*».

ID (nytt) 58

Vedtaket kan stå i loggen til oppvekstplanen er handsama etter nyttår.

Notatet vert sendt til nemnda og går som vedlegg til endeleg innstilling frå nemnda til formannskapet før slutthandsaming i kommunestyret.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Kopi:

Formannskap og kommunestyre i samband med handsaming av rapport frå nemnda

Ordførar

Rådmannen si leiargruppe

PS 122/17 Orienteringssaker

OS 100/17 Orientering om romprogram kulturhus/førebuing til møte med Statsbygg

Forslag JA 31.5.17: Innspel/forslag til komitémerknad NTP 2018-2029 (jmf s. 291):

"Komiteen/..... viser til at det arbeides med en felles samferdselspakke for Volda og Ørsta. Samferdselspakken omfatter Voldatunnelen som eget bompengeprojekt og forberedelse til kryssing av Ørstafjorden samordnet med videreføring av E39. Komiteen/.... ber om at Voldatunnelen og Ørstafjordkryssinga gjennomføres som etappevis utbygging og som to koordinerte men adskilte bompengeprojekt. Voldatunnelen prioriteres for oppstart i første planperiode.

"E39 Volda og Ørsta.

Prosjektet E39 Volda-Furene i Møre og Romsdal omfatter omlegging av E39 utenom Volda sentrum, i hovedsak i tunnel. Prioriteringen er betinget av at det blir tilslutning til et opplegg for delvis bompengefinansiert utbygging av prosjektet. Omlegging av E39 utenom Ørsta sentrum medfører kryssing av Ørstafjorden. Prioriteringen er betinget av at det blir tilslutning til et opplegg for delvis bompenge-finansiert utbygging av prosjektet."

Bakgrunn

Både Volda og Ørsta kommunar har i samarbeid i fleire år arbeidd for at E39 skal leggest utanom begge sentra, og kommunestyra har gjort likelydande vedtak om Volda-tunnel og Ørstafjordkryssing som likeverdige prosjekt. Flytting av E39 ut av sentra er ein føresetnad for attraktive og miljøvenlege tettstadar i vidare utvikling. Kommunane arbeider no med utforming av bompengesøknad for Volda-tunnellen som del av felles samferdselspakke Volda-Ørsta. Utkast til reguleringsplan for Volda-tunnellen vil leggest ut til ettersyn før sommaren 2017 og med sikte på innsending av søknad om bompengeprojekt i 2018 eller 2019. Prosjektet er prioritert i starten av andre periode i regjeringa sitt utkast til NTP 2018-2029. Prosjektet blir planlagt som eit sjølvstendig bompengeprojekt som del av E39 og utbygging kan starte alt i første planperiode.

Regjeringa vedtok i 2014 at Hafast skal leggest til grunn for framtidig trasé for E39. Medan E39 Voldatunnellen og E39 Ørstafjordkryssinga kan byggast på kjent teknologi, har Statens vegvesen varsla at det trengst fleire år med forskning før ein veit kva teknologi som kan brukast over Vartdalsfjorden og Sulafjorden. E39 inngår i det Trans-Europeiske Vegnettet. Her er kravet no at tunnellar ikkje kan ha større stigning enn 5 %. Det har rett nok vore gitt dispensasjon på inntil 7%, men Eiksundsambandet har opptil 9,6 % stigning, og kan då ikkje inngå i framtidig E39 via Hareidlandet. Reguleringsplan for E39 Voldatunnellen er venta lagt ut på høyring våren 2017, medan Ørsta kommune har utarbeidd forslag til planprogram for E39 Ørstafjordkryssing. Eige bompengeprojekt for Ørstafjordkryssing må samordnast med traseval for E39 Hafast og vil derfor kome i ein seinare fase enn Volda-tunnellen.

Regjering og Stortinget har slutta seg til at E39 skal leggest utanom tettstadane Volda og Ørsta og krysse Sulafjorden (Hafast) mot Ålesund. Dette er i tråd med føringane i Konseptvalutgreiinga (KVU) for E39 Skei-Ålesund som er eitt av hovudgrunnlag for vidare planlegging, og som mellom anna var bakgrunnen for at det i statsbudsjettet for 2015 var sett av midlar til planlegging av E39 Ørstafjordkryssing. Her inngår kryssing av Ørstafjorden med bru/tunnel i fleire konsept. I den faglege tilrådinga frå KVU'en står det at ein *tilrår denne fjordkryssinga som eit første byggesteg* uavhengig av kva konsept som vert valt. KVU-en peika vidare på at alternativet vil ha nytte utan å binde opp det langsiktige konseptvalet. Kryssing av Ørstafjorden kombinert med tunnel E39 Volda-Furene gir betre samfunnsøkonomisk verknad enn å realisere heile utbygginga Volda-Ålesund samtidig. KVU-en peika også på at dette konseptet gir trafikkavlastning for Ørsta sentrum og 15 minutt innspart reisetid på strekninga frå Volda til Ålesund.

Konklusjon

Kommunane Volda og Ørsta ser det svært viktig at prioritering av Voldatunnelen står fast i den vidare handsaminga av NTP 2018 - 2029, og også Ørstafjordkryssing blir behandla og omtalt som ei vidareføring av neste etappe som eige bompengeprojekt.



**VOLDA
KOMMUNE**



**ØRSTA
KOMMUNE**

DOMSTOLENE I NORGE
Postboks 5678 Sluppen

7485 TRONDHEIM

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1180	7970/2017	023	ORDF/ JORAMD	19.06.2017

DET LANGSIKTIGE PERSPEKTIVET FOR RETTSLOKALE FOR SØRE SUNNMØRE TINGRETT

Volda og Ørsta kommune er kjent med Domstoladministrasjonen sitt ønske om å flytte Søre Sunnmøre tingrett frå sine noverande lokaler til administrasjonsbygget til Sunnmørsheimen.

Det er ingen tvil om at dagens lokale for Søre Sunnmøre tingrett er lite hensiktsmessige, og verken oppfyller krav til universell utforming, eller dagens krav til tryggleik eller teknisk standard elles. Vi stiller likevel spørsmålsteikn ved ønsket om å flytte tingretten til administrasjonsbygget i Sjukehusvegen. Sjølv om dette bygget delvis vart rehabilitert i 2014, så vil dette bygget vere ei høgst mellombels lokalisering da det vil verte regulert vekk i samband med reguleringsplan for Voldatunnelen. Voldatunnelen som er ein del av stamvegnettet E 39 er foreslått i fase to i NTP for 2018 - 2029 med mogleg oppstart allereie i 2021/22 gjennom bompengefinansiering. Det vert arbeidd med ei slik framskynding gjennom samferdselspakke med delvis bompengefinansiering. Ei lokalisering til desse lokala utan samtidig kunne presentere konkrete planar for permanente lokale for Søre Sunnmøre tingrett er eit tydeleg signal om ei styrt nedlegging og sentralisering.

Vi er også kjent med Domstolsadministrasjonen sitt styrevedtak frå 12. desember 2016 om å unngå unødvendige omstillingsutgifter som ein følgje av framtidige strukturendringar. Slik vi har forstått dette, vurderer Domstoladministrasjonen kva for domstolar som mest sannsynleg vil verte ramma av ei strukturendring i domstolane, og for desse domstolane skal det ikkje gjerast ombyggingar eller oppgraderingar som vil medføre auke i husleige og ein skal heller ikkje inngå langsiktige leigeavtalar for desse tingrettane.

Det kan her synest som om Domstolsadministrasjonen gjennom administrative vedtak, forskotterer at Søre Sunnmøre tingrett ein gong i nær framtid skal leggjast ned, og at dette er bakgrunnen for at ein ikkje vil gå inn i ein leigeavtale med Statsbygg om det noverande rettslokalet som inneberer ein oppgradering og fornying av lokalet slik at det møter dagens krav. Dette uroar oss. Vi viser til Stortinget sitt tydelege signal frå 2015 der det vart klart at det ikkje er fleirtal for ei tvungen strukturendring i dag og det vart tydeleg kommunisert at ingen domstolar skulle leggst ned mot sin vilje.

Vi ber derfor om ei orientering frå Domstoladministrasjonen om kva planar Domstoladministrasjonen har for Søre Sunnmøre tingrett på kort og lang sikt. Vi ber vidare

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no		
	postmottak@orsta.kommune.no	www.orsta.kommune.no		
Stormyra 2	Volda kommune tlf:	Ørsta kommune tlf:	Org. nr. Volda:	Org. nr. Ørsta:
6100 Volda	70 05 87 00	7005870170 04 97 00	939 760 946	939 461 450

om ei orientering om kva for kriterie Domstoladministrasjonen legg vekt på ved val av tingrettslokale.

Vi er også uroa over at Søre Sunnmøre tingrett har mista dommarressursar. Vi fryktar at dette kan gå utover rettstryggleiken til brukarane i våre kommuner og dei øvrige kommunene i rettskrinsen. Vi synest det er viktig at Domstoladministrasjonen tilfører Søre Sunnmøre tingrett midlar slik at dei kan oppretthalde ei forsvarleg bemanning også på dommarsida.

Dette er viktig for å sikre kompetanse og stabilitet på tenestene ved tingretten. Dette er vidare viktig i eit regionalt perspektiv for brukarane av tingretten og for å kunne ha advokatmiljø lokalisert i regionen. Vert tingretten nedlagt vil også advokatane flytte etter med sine kontor. Høgskulen i Volda har også juridiske miljø knytt til sine studietilbod.

Dagens regjering vert av enkelte skulda for å drive sentraliseringspolitikk. Dette har dei mellom anna svara opp med å signalisere utplassering av statlege arbeidsplassar i distrikta. Søre Sunnmøre er ein berekraftig region som bør få tilført nye framfor å miste statlege arbeidsplassar. Dersom det er slik at Domstolsadministrasjonen ikkje bryr seg om slike signal og gjennom sparetiltak og kortsikte leigeavtalar "snikførebur" ei sentralisering, så vil dette vere eit tankekors for det demokratiske styringssystemet på nasjonalt nivå. Ordførarane i Volda og Ørsta ser grunn til stor uro og forventar eit tydeleg og avklarande svar. Med bakgrunn i dette finn vi behov for sende kopi av brevet til justisminister Per Willy Amundsen og leiar for justiskomiteen Hadia Tajik.

Med helsing

Jørgen Amdam
ordførar i Volda

Stein Aam
ordførar i Ørsta

Kopi:
Justisminister Per Willy Amundsen
Justiskomiteen Hadia Tajik

Hei! Vi viser til deres forespørsel av 110417 vedr. langtidsutleie av Volda prestegård. Forespørselen er signert av ordfører Jørgen Amdam, og videresendt til Ovf som huseier, fra Møre bispedømmekontor ved Alice Elnes.

Ovf ser med interesse på spørsmålet om langtidsutleie. Vi har for kort tid siden hatt bolig- og budsjettkonferanse med Møre bispedømmekontor, hvor Volda prestegård var ett av flere tema. Bispedømmet ga da tilbakemelding på at dette i utgangspunktet er opp til oss, og at de ikke hadde noen direkte innvending mot det i og med at kommunen forsikrer om at de kan stille med alternativ bolig til ny prest hvis dette skulle bli aktuelt.

I utgangspunktet er Ovf positive til alternativ bruk av presteboligene. Vi har mange kulturminne-eiendommer over hele landet, og de boligene som faller utenfor den nye boligordningen, kan være så viktig for oss kulturhistorisk at vi likevel velger å beholde dem. Da blir vi nødt til å finne eksterne leietagere, gjerne leietagere som kan bruke prestegården på en allmenntilgjengelig, god måte. Dette gjelder i prinsippet også der hvor vi har langtidsledighet på boliger som er med i ny boligordning, som i dette tilfellet altså.

Volda prestegård er fredet, og vi er derfor litt ekstra forsiktige ved ekstern utleie her. Vi har mottatt et godt og fylldig brev fra dere med god begrunnelse for alternativ bruk, og hvorfor dere ser på prestegården som passende til dette formålet. I den forbindelse dukker det likevel opp flere spørsmål hos, som vi er nødt til å vurdere før vi kan ta stilling til dette.

- Hvor lang leieavtale ser kommunen for seg
- Tenker kommunen på noen form for fremleie
- Er det tenkt noen form for overnatting, eller er bruken kun på dagtid
- Hvor mange brukere er det snakk om
- Hvor mange tilsatte fra kommunen vil til enhver tid være på prestegården sammen med brukerne
- Blir det en fast person fra kommunen som står som hovedansvarlig
- Vil det være noen fra kommunen som har ansvaret for opplæring i boligen (ventilatorer, maskiner, alarm, vedfyring osv)
- Er noen brukere av ustabil karakter slik at de kan påføre bygningen/eiendommen skader utover normal slitasje
- Tenker kommunen noen bygningsmessige endringer for å tilpasse planlagt bruk (f.eks. overnatting; brannvarsling, rømning, skilting osv)
- Er sanitære forhold bra nok for planlagt bruk
- Vil planlagt bruk bli til sjenanse for naboer
- Er det noen risiko for at bruken kan føre til skader/stor slitasje på bygninger eller eiendom
- Er det tenkt høy frekvens av konserter, kunstutstillinger, mv
- Hva kan være et aktuelt husleienivå, gitt denne bruken

Ovf ser som sagt positivt på initiativet, selv om vi har stilt mange nye spørsmål. Vi ønsker å være en god samarbeidspart for fylker og kommuner over hele landet.

Vi hører fra dere!



Med vennlig hilsen

Trond Sundby Leder Bygningsseksjonen ☎ Tlf 23 08 14 84 / mobil 916 39 533 ✉ tsu@ovf.no
Opplysningsvesenets fond Rådhusgata 1-3, Postboks 535 Sentrum, 0105 Oslo
www.ovf.no

From: Alice Elnes

Sent: Monday, June 12, 2017 1:26 PM

To: Trond Sundby <trond.sundby@ovf.no>

Subject: Sender i e-postmelding – Spørsmål om langtidsleie.pdf



MØRE BISPEDØME
Moldetrappa 1

6415 MOLDE

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/686	4932/2017	610	ORDF/ JORAMD	11.04.2017

VOLDA PRESTEGARD - SPØRSMÅL OM LANGTIDSLEIGE

Volda kommune ber bispedømmerrådet vurdere eit ynskje om å kunne inngå forhandlingar om ei langtids leigekontrakt av prestegarden med Volda kommune.

Volda kommune er kjend med bispedømmerrådet si bestilling til opplysningsvesenets fond(OVF) om å skulle stille med bustad disponibel, om ein prest flyttar til Volda. I ei leigeperiode vil Volda kommune vere villeg til å ta på seg ansvaret med å stille bustad til disposisjon, for å fristille prestegarden til kommunalt bruk.

Bakgrunn for søknaden

Volda kommune ved ordførarar og administrasjon gjennomførte ei synfaring i prestegarden 07.04.2017 saman med Anders Digernes, etter avtale med Knut Berg i OVF. Synfaringa stadfesta det vi ynskte å sjå, at prestegarden har kvalitetar kommunen ynskjer nytte og er opptekne av. Vi vil her gjere greie for kvifor vi sender denne søknaden. Grunngevinga er todelt. Det handlar både om lokalitetsutfordringar for eit viktig tilbod i kommunal regi og ei uro for manglande aktivitet i huset og konsekvensane av ein ubrukt prestegard.

Rus og psykisk helseteneste i sektor helse og omsorg har sidan -90 talet drive dagsenter for menneske med psykiske lidningar. Møteplassen Gnisten er eit av to lågterskeltilbod i Volda kommune som tilbyr meiningsfull aktivitet til menneske som har/ har hatt psykiske vanskar og/eller rusproblem. Kommunen leigde i fleire år lokalar til Gnisten i ein einestad, men måtte flytte frå desse lokala i 2011 på grunn av helseskader hjå tilsette. Kommunen flytte Gnisten til mellombelse lokalar i Stormyra 6 («legeloftet»). Dette lokalet er lite og lite eigna til dagsenteraktivitet og Gnisten har jakta nye lokalar sidan då.

Det vart i 2015 vedteke i kommunestyret å flytte Gnisten dagsenter til 4. etg. på Volda omsorgssenter, men situasjonen i helse- og omsorgstenestene har endra seg slik at sektoren no treng 4. etg. til andre formål.

Kommunen har i tre år nytta eit nasjonalt kartleggingsverktøy "brukerplan" for brukarar med vedtak om kommunale helse og omsorgstenester med rus- og psykiske helseplager. I 2014 vart brukarar av rus- og psykisk helseteneste kartlagt i høve tilbod om meiningsfylt aktivitet. Kartlegginga viste at 70% stod utan meiningsfylt aktivitet. Kommunen søkte prosjektmidlar

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
70058888

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

og har over ei 3 års periode fått midlar med fylkesmannen til å integrere fleire brukarar i lågterskelaktiviteten på Gnisten og i arbeidsretta aktivitet gjennom Styrk-arbeid. I løpet av prosjektperioden har kommunen fått implementert meningsfylte aktivitetar og arbeidstrening for fleire brukarar, og klarer no å bistå 60% av brukarane til ein meir meningsfylt kvardag. Slik situasjonen er i dag set størrelsen på lokaler store begrensingar på drifta og alle får ikkje tilbod om det dei er i behov av eller ynskjer.

Aktivitetstilbodet:

Keramikk var på mange måtar kjerneaktiviteten på Gnisten inntil dei flytte på «Legeloftet». Ein aktivitet med gode potensiale for dyktiggjering. I lag med andre varierte kunst og handverksprodukt, vart det produsert keramikk for sal. Ein slik arena som Prestegarden gjev gode moglegheiter for ny aktivitet rundt sal og marknadsføring.

Prestegarden har mange rom som ville gi moglegheit for auka aktivitet, og kommunen kan gje tilbod til fleire som no står utan meningsfull aktivitet og fellesskap i kvardagen. På «legeloftet» har dei eit kjøkken og ei stove. I prestegarden treng hagen stell og vedlikehald. Dette byr på moglegheit for gode aktivitetar og opplevingar. Hagearbeid og arbeid med grønnsakshage ser ein føre seg som nye meningsfylte og positive aktivitetar.

Rus og psykisk helseteneste har også eit arbeidsretta lågterskeltilbod, Styrk-arbeid. Garasjen til prestegarden kunne vore nytta til lagring av plenklippar og skogryddingsutstyr. Prestegarden ville kunne vere ei naturleg base for skogryddingsprosjektet Styrk er tildelt i Elvadalen, som ligg ved prestegarden og kommunen har fått stønad av Fylkesmannen til å gjennomføre. Styrk-arbeid har også eit hønsehus dei ser kunne bli flytta til Prestegarden. Styrk-arbeid ser vidare å kunne utføre lettare vedlikehald av bygningsmassen, då dei har erfaring med liknande arbeid på Garvarbuda, eigd av Sunnmøre Museum.

Samdrift

Prestegarden si plassering og kvalitetar inviterer til samarbeid med frivillige organisasjonar og kunst og kulturutøvarar. Eit samarbeid rus og psykisk helseteneste og Gnisten ser på som særskildt viktig. Gnisten ønskjer å vere eit positivt innslag i samfunnet.

Kommunen har lang tradisjon med å låne ut sine lokaler til lokallaget av organisasjonen Mental helse. Med større lokaler, kan ein sjå føre seg eit utvida samarbeid med dei og andre brukar- og pårørandeorganisasjonar.

Samarbeidet rus- og psykisk helseteneste har etablert med Frelsesarmeen, i høve utdeling av matvarer i julehøgtida, er også noko som kan vidareutviklast i større lokalar. Det kan og opne for tettare samarbeid med næringslivet om utdeling av matvarer som er nær haldbarheitsdato.

Samla betyr dette at prestegarden kan bli ein kjempefin arena for arbeid, aktivitet og ein meningsfylt kvardag for mange menneske i Volda og at storleiken på prestegarden betyr at den er dimensjonert for å gi tilbod til alle som treng det i dag, samt ei vidare auke i framtida.

Dette er dei heilt konkrete og faglege tankane kommunen har for bruk av prestegarden. Ein annan viktig faktor er kommunen si uro omkring kva vil skje med prestegarden framover. Prestegarden har ein lang tradisjon i Voldasamfunnet, sentralt plassert og godt synleg for alle som køyrer den mest trafikkerte vegen i Volda. Med busetnad i tett på 200 år, har dette vore eit merkebygg med stor kulturverdi for kommunen. Det er med bekymring ein ser at prestegarden no står tom. Dei langsiktige konsekvensane av at den vert ståande tom, er at

forfallet vil aksellerere og til slutt vere skjemmaende. Det fortjener prestegarden ikkje og voldasamfunnet ynskjer ikkje at det skal skje.

Vi er kjende med at OVF har forplikningar overfor bispedømmerådet om å stille prestegarden til disposisjon for framtidige prestar som treng bustad når dei kjem til Volda. Med fråfall av buplikt i 2015, ser vi vanskeleg føre oss at prestegarden vil vere førstval for tilflyttande prestar på bustadjakt. Det er store forplikningar å vere leigetakar i prestegarden, mellom anna tidkrevjande vedlikehald av uteområde. Prestegarden treng å bli brukt og har godt av å bli brukt, det hindrar forfall. Kommunen kan som leigetakar nytte noko av vedlikehaldsbehovet ved prestegarden til positive aktivitetar for folk som treng meiningsfulle oppgåver. Faste leigeinntekter kan og gi tiltrengte midlar til vedlikehald. Kommunale brukarar av prestegarden vil kunne legge til rette og utnytte huset og området til samarbeid med eksterne aktørar for kunstproduksjon, kunstutstillingar, intinkonsertar mm.

Kommunen vonar bispedømmerådet vil sjå positivt på initiativet frå kommunen. Kommunen vil vere positiv til å overta forplikninga om å ha bustad til disposisjon for ein prest. Denne forplikning ligg no på OVF og prestegarden, ei ordning som gir kommunal bekymring for framtidig vedlikehald og bruk av prestegarden. Kommunen har gjennom denne søknaden skissert sine tankar om korleis ein ynskjer bruke prestegarden og tenker det er ein god måte å gi huset og området ei vitamininnsprøyting, samstundes som kommunen kan løyse lokalitetsutfordringar for ei viktig kommunal teneste.

Med helsing

Jørgen Amdam
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Det er viktig at vi informerer politikarane om. Eg ber om at du legg e-posten og vedlegget som orienteringssak for formannskapet 27. juni.

Mvh

Rune

Fra: V-Postmottak
Sendt: 3. april 2017 10:43
Til: Inger-Johanne Johnsen
Kopi: Rune Sjugard
Emne: VS: Nye personvernregler fra 2018



Unni Strand
Førstesekretær
Sektor kultur og service
Direkte 70058886
www.volda.kommune.no

Fra: Postkasse [<mailto:postkasse@Datatilsynet.no>]
Sendt: 3. april 2017 10:38
Emne: Nye personvernregler fra 2018

Nye personvernregler fra 2018

I mai 2018 trer et nytt personvernregelverk i kraft, som gir flere og strengere plikter, og åpner for at Datatilsynet kan ilegge langt høyere overtredelsesgebyrer enn i dag. Jeg ønsker derfor å gi noen tips om hvordan dere kan jobbe fram mot mai 2018, samt oppsummere noen av hovedfunnene vi har gjort gjennom de siste årenes tilsynsvirksomhet mot kommuner og fylkeskommuner. Til slutt sier jeg litt om hva Datatilsynet kan bidra med i tiden som kommer.

Datatilsynets erfaringer med norske kommuner

Datatilsynet har de siste årene gjennomført et stort antall tilsyn med norske kommuner og fylkeskommuner. Funnene varierer, men jevnt over er inntrykket at mange har en lang vei å gå før de oppfyller kravene i dagens regelverk. Dette er hovedfunnene fra våre tilsyn:

- Manglende oversikt over hvilke personopplysninger kommunene har om innbyggerne, og ingen presise beskrivelser av hva opplysningene brukes til (formål).
- Mangelfulle risikovurderinger. Dette har blant annet ført til at vi det siste halve året har ilagt flere overtredelsesgebyrer for publisering av sensitive personopplysninger.
- Mangelfull internkontroll.
- Mangelfulle rutiner for innsyn, og mangelfull informasjon til innbyggerne om hvordan kommunen behandler personopplysninger (ved for eksempel personvernerklæringer).

Vårt inntrykk er at de fleste ønsker å følge regelverket, og at den manglende etterlevelsen derfor henger sammen med mangel på ressurser, kompetanse eller mangelfull kjennskap til regelverket.

Skaff oversikt over egne behandlinger, og utnevnt personvernombud

Første punkt er å skaffe seg *oversikt over hovedpunktene* i den nye regelverket. Vi har laget en veileder med de 10 viktigste endringene fra dagens lov til det nye regelverket som dere finner vedlagt. Det ligger også en utvidet versjon av denne på våre nettsider: <https://www.datatilsynet.no/Regelverk/EUs-personvernforordning/hva-betyr/>

Alle kommuner bør også snarest mulig *utarbeide en oversikt* over hvilke personopplysninger kommunen har og hva opplysningene brukes til (formål). En slik oversikt er helt nødvendig for å gjennomføre risikovurderinger av de

ulike behandlingene, og ivareta innbyggernes rettigheter.

De nye reglene pålegger dessuten alle offentlige virksomheter å ha et *personvernombud*. Et personvernombud er kommunens ressurs eller rådgiver i personvernspørsmål. De nye reglene krever at personvernombudet skal involveres i alle saker som handler om behandling av personopplysninger. I tillegg til dette skal personvernombudet være kontaktpunkt for de registrerte. Det betyr at alle registrerte som har spørsmål eller krav knyttet til behandlingen av deres personopplysninger skal kunne ta kontakt direkte med personvernombudet.

Endelig bør alle se hvilke muligheter som ligger i *riktig bruk av ny teknologi*, både i eksisterende og nye datasystemer. Forordningen innfører en plikt for alle å følge reglene for innebygd personvern, som betyr at personvernet skal bygges inn i teknologien. Dere finner mer opplysninger om dette her:

www.datatilsynet.no/teknologi/innebygd-personvern/

Samarbeid og opplæring

Vi har en egen nettside om det nye regelverket på www.datatilsynet.no/forordningen. Her vil vi med jevne mellomrom legge ut ny informasjon. Vi anbefaler også alle å abonnere på nyhetsbrevet vårt ved å melde seg på her: <https://mnm.as/s/2751/9366>

Datatilsynet har et utstrakt samarbeid med KS og KINS for å informere om det nye regelverket. Både KS og KINS vil benytte sine kanaler for å informere dere om konsekvensene av de nye reglene. KINS har blant annet satt ny personvernforordning som hovedtema på sin årlige konferanse i slutten av april.

Vi samarbeider også med andre offentlige etater, interesseorganisasjoner, konsulentselskaper og leverandører for å informere om de nye reglene og hva det vil bety for norske virksomheter. Flere av disse har egne arrangementer som retter seg mot kommuner og fylkeskommuner, der vi kommer til å delta.

Vi håper disse rådene hjelper alle kommuner og fylkeskommuner til å komme i gang med arbeidet som sikrer at dere er godt forberedt når de nye personvernreglene trer i kraft 25. mai 2018.

Jeg ønsker dere lykke til med arbeidet!

Med vennlig hilsen

Bjørn Erik Thon
Direktør, Datatilsynet

.....
Telefon: (+47) 22 39 69 00
Postadresse: Postboks 8177 Dep, 0034 Oslo
Besøksadresse: Tollbugata 3, Oslo

www.datatilsynet.no
www.personvernbloggen.no
www.twitter.com/datatilsynet

Datatilsynet – i front for retten til selvbestemmelse, integritet og verdighet

cid:7DB981B1-8971-4F78-A9B8-5DC4A6B3738E@lan

Hva blir nytt?

1

Alle norske virksomheter får nye plikter

Alle virksomheter må sette seg inn i den nye lovgivningen og finne ut hvilke nye plikter som gjelder dem. Ledelsen må sørge for å få på plass rutiner for å overholde de nye pliktene. Alle ansatte må følge de nye rutinene når reglene trer i kraft.

2

Alle skal ha en forståelig personvern-erklæring

Informasjon om hvordan din virksomhet behandler personopplysninger skal være lett tilgjengelig og skrevet på en forståelig måte. Det nye lovverket stiller strengere krav til informasjonens form og innhold enn dagens lovgivning. All informasjon som gis til barn, skal tilpasses barnas forståelsesnivå.

3

Alle skal vurdere risiko og personvernkonsekvenser

Dersom et tiltak utgjør en stor risiko for personvernet, må virksomheten også utrede hvilke personvernkonsekvenser det kan ha. Hvis utredningen viser at risikoen er stor og dere selv ikke kan redusere den, skal Datatilsynet involveres i forhåndsdrøftelser.

4

Alle skal bygge personvern inn i nye løsninger

De nye reglene stiller krav til at nye tiltak og systemer skal utarbeides på en mest mulig personvernvennlig måte. Dette kalles innebygd personvern. Den mest personvernvennlige innstillingen skal være standard i alle systemer.

5

Mange virksomheter må opprette personvernombud

Alle offentlige og mange private virksomheter skal opprette personvernombud. Et personvernombud er virksomhetens personverneksperter, og et bindeledd mellom ledelsen, de registrerte og Datatilsynet. Ombudet kan være en ansatt eller en profesjonell tredjepart.

6

Reglene gjelder også virksomheter utenfor Europa

Virksomheter som holder til utenfor

Europa må også følge forordningen, dersom de tilbyr varer eller tjenester til borgere i et EU- eller EØS-land. Dette gjelder også om de ikke direkte tilbyr tjenester, men kartlegger adferden til europeiske borgere på nett. De som er etablert i flere land i Europa, skal bare trenge å snakke med personvernmyndighetene i det landet der de har sitt europeiske hovedkvarter.

7

Alle databehandlere får nye plikter

Databehandlere er virksomheter som behandler personopplysninger på oppdrag fra den ansvarlige virksomheten. Ofte er det snakk om leverandører av IT-tjenester. De nye reglene pålegger databehandlere å ha rutiner for innsamling og bruk av personopplysninger. Databehandlere skal også si ifra til oppdragsgiveren sin hvis de får instruksjoner som er i strid med loven. Oppdragsgiver skal også godkjenne databehandlerens underleverandører. Databehandlere kan også bli holdt økonomisk ansvarlig sammen med oppdragsgiver.

8

Alle bør samarbeide i egne nettverk og følge bransjenormer

De nye reglene oppmuntrer til sektorvis utforming av retningslinjer og bransjenormer. Om dere følger bransjenormer, vil dere ha de viktigste rutinene på plass. Datatilsynet skal godkjenne bransjenormene.

9

Alle får nye krav til avvikshåndtering

Reglene for håndtering av sikkerhetsbrudd blir strengere. Forordningen stiller krav til når det skal varsles, hva varselet skal inneholde og hvem som skal varsles. Kort sagt skal man si fra raskere og oftere enn man gjør i dag.

10

Alle må kunne oppfylle borgernes nye rettigheter

Den enkeltes rett til å kreve at hans eller hennes personopplysninger slettes blir styrket. Dette kalles «retten til å bli glemt». Norske og europeiske borgere vil blant annet kunne kreve å ta med seg personopplysningene sine fra en leverandør til en annen i et vanlig brukt filformat. Dette kalles «dataportabilitet». De kan også motsette seg profilering. Alle henvendelser fra borgere skal besvares innen en måned.

Hva bør dere gjøre nå?

1

Ha oversikt over hvilke personopplysninger dere behandler

Alle virksomheter som samler inn eller bruker personopplysninger skal ha oversikt over hvilke personopplysninger det er snakk om, hvor de kommer fra og hva som er det rettslige grunnlaget for behandlingen. Sørg for å ha en slik oversikt. Det er et krav som gjelder også etter dagens lov.

2

Sørg for å oppfylle dagens lovkrav

Overgangen til de nye reglene blir lettere om dere etterlever kravene i personopplysningsloven, som gjelder i Norge i dag. Har dere gode rutiner for internkontroll som fungerer etter hensikten og er kjent i organisasjonen, er det lettere å få oversikt over hva dere må endre.

3

Sett dere inn i det nye regelverket

Dere finner forordningsteksten på Datatilsynets nettsider. Der fyller vi også på med artikler om de nye reglene etter hvert som vi utarbeider dem.

4

Lag rutiner for å følge de nye reglene

Gå gjennom rutinene dere har for behandling av personopplysninger. Oppdater dem etter nytt regelverk der det trengs. Dokumenter de nye rutinene, og legg en plan for nødvendige endringer. Er systemene deres laget for å ivareta kravet til innebygd personvern, dataportabilitet og personvern som standardinnstilling? Klarer dere å fange opp og besvare henvendelser fra borgerne innen én måned? Endringer i systemer og rutiner tar tid. Begynn allerede nå!

datatilsynet.no/forordning



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Arbeidstakarorganisasjonane
Sektorleiarane
Formannskapet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/764	7822/2017	409	SVK/ SONHAV	14.06.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - 70 ÅRS ALDERSGRENSE

Vi melder med dette frå at administrasjonsutvalet den 13.06.17, hadde føre ovannemnde som sak PS 7/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Administrasjonsutvalet vedtek rutiner for 70 års aldersgrense som dei ligg føre.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Bente Vatnehol	Arkivsak nr.:	2017/764
		Arkivkode:	409

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/17	Arbeidsmiljøutvalet	11.05.2017
7/17	Administrasjonsutvalet	13.06.2017

70 ÅRS ALDERSGRENSE

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå arbeidsmiljøutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 13.06.2017

Administrasjonsutvalet vedtek rutiner for 70 års aldersgrense som dei ligg føre.

Handsaming i arbeidsmiljøutvalet:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 11.05.2017 til Administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet vedtek rutiner for 70 års aldersgrense som dei ligg føre.

Administrasjonen si tilråding:

Administrasjonsutvalet vedtek rutiner for 70 års aldersgrense som dei ligg føre.

Vedleggsliste:

Rutiner for avslutting av arbeidsforhold ved 70 år
Informasjon om aldersgrense i Volda kommune
Varsel om opphøyr av arbeidsforhold grunna alder jf. Aml § 15-13 a og Hovudtariffavtalen

Samandrag av saka:

Det er utarbeida forslag til rutiner for avslutting av arbeidsforhold ved 70 år for tilsette i Volda kommune. Rutinene stadfestar tidlegare praksis.

Saksopplysningar/fakta:

Det vart gjort endringar i arbeidsmiljølova § 15-13 a med omsyn til aldersgrense i arbeidslivet, gjeldande frå 01.07.15. Frå denne dato er aldersgrensa for å kunne avslutte arbeidsforholdet til ein arbeidstakar 72 år. Lågare aldersgrense enn 72 år må ha sakleg grunn og ikkje vere uforholdsmessig inngripande. Det er heimel i AML § 15-13 a for å avtale lågare aldersgrense enn 72 år, men ikkje under 70 år, dersom grensa gjerast kjent for arbeidstakarane og ein har ein konsekvent praksis. I følge gjeldande hovudtariffavtale er aldersgrensa 70 år, og tariffavtalt aldersgrense gjeld inntil tariffavtalen går ut.

Volda kommune er omfatta av Hovudtariffavtalen og har dermed 70 års aldersgrense. Føresetnaden er at aldersgrensa vert praktisert konsekvent. 70 års aldersgrense inneber inga endring i høve dagens praksis, men det er viktig å formelt stadfeste denne.

På bakgrunn av dette er det utarbeida forslag til informasjon og rutiner i forbindelse med avslutting av arbeidsforhold ved 70 års aldersgrense.

Viser elles til AML § 15-3 a, Hovedtariffavtalen kap. 2 punkt 2.1.15, KS sin veileder samt KS sin artikkel av juni 2016.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune er omfatta av Hovudtariffavtalen si aldersgrense på 70 år, under føresetnad av ei konsekvent praktisering av aldersgrensa. Kommunen har allereie ein praksis som stadfestar denne aldersgrensa, men ein ønskjer å få dette i formelle rutinar for oppnå føreseieleg praksis og likebehandling. Rådmannen tilrår godkjenning av rutiner for 70 års aldersgrense.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Arbeidstakarorganisasjonane
Sektorleiarane
Formannskapet

Informasjon om aldersgrense i Volda kommune

Volda kommune har ein seniorpolitikk som er retta mot å behalde eldre arbeidstakarar fram til aldersgrense. I tråd med Hovudtariffavtalen og AML § 15-13 a (3) praktiserar Volda kommune 70 års aldersgrense for sine ansatte. Ved oppnådd 70 års aldersgrense vil arbeidsforholdet i kommunen opphøyre. Arbeidsgjevar må varsle eit slikt opphøyr 6 månadar i forkant. I god tid før slik varsel bør leiar ha gjennomført ein samtale med den ansatte.

Arbeidstakar har rett til å gå av med pensjon på tidlegare tidspunkt. Avtale om arbeid ut over aldersgrense kan gjerast kun unntaksvis og i heilt særskilte høve. Eigen midlertidig avtale skal då nyttast.

Personalstaben har ansvar for å gje melding til leiar om kven som nærmar seg 70 år. Leiar kallar inn til samtale. Personalstaben sender varsel om opphøyr av arbeidsforholdet i etterkant av samtalen.

Pensjon og arbeidsinntekt:

Alderspensjon frå **folketrygda** vert ikkje redusert som følgje av arbeidsinntekt. Når det kjem til **tenestepensjon** frå arbeidsgjevar og inntekt frå offentleg sektor gjeld andre reglar. Ved inntekt i tillegg til tenestepensjon vert tenestepensjonen redusert. Om ein vel **pensjonisstavlønning** vil tenestepensjonen derimot ikkje verte avkorta. For meir informasjon om dette sjå heimesida til KS, Statens Pensjonskasse og KLP.

For den som har tatt ut **avtalefesta pensjon** (AFP) vil pensjonsgjevande inntekt føre til reduksjon i pensjonen. Den ansatte må sjølv gje opplysningar om endring i inntekt til rette instansar.

Retten til sjukepengar:

Arbeidstakarar mellom 67 og 70 år som framleis er i arbeid har begrensa rettar til sjukepengar, jf Folketrygdlova § 8-51. Inntekta må overstige 2G, og retten til full løn er avgrensa til 60 dagar. Etter 60 dagar er retten til løn under sjukdom begrensa til differansen mellom full løn og pensjon fram til maksimalt antal stønadsdagar etter § 8-51. Arbeidstakar må dokumentere kva dei har i pensjon. Retten til sjukepengar fell bort når arbeidstakar har fylt 70 år.

Rutine for avslutting av arbeidsforhold ved 70 år

Ved oppnådd 70 års aldersgrense vil arbeidsforholdet i kommunen opphøre. Personalstaben og leiar fyl opp arbeidstakarar som nærmar seg aldersgrensa.

Personalstaben tek jamnleg ut rapport over ansatte som er fylt, eller nærmar seg, 69 år. Melding sendast til sektorleiar eller avdelingsleiar.

Leiar kallar inn den ansatte til samtale for å avklare avslutting av arbeidsforholdet ved oppnådd 70 års aldersgrense. Det skrivast notat av samtalen i ePhorte med kopi til personalstaben.

Personalstaben sender ut varsel om avslutting av arbeidsforhold ved 70 år, minimum seks månadar i forkant av oppnådd aldersgrense. Varsel skal sendast skriftleg, og gjeld frå den dato det er kome den ansatte i hende. Dersom varsel vert sendt seinare enn seks månadar før fylte 70 år, vil arbeidsforholdet gjelde fram til seks månadars fristen for varsling er ute. Kopi av varsel sendast leiar, og leiar fyl opp sjølve avsluttinga.

Arbeidstakar har rettt il å gå av med pensjon på andre tidspunkt, men 70 år er maksimal grense for kor lenge ein kan ha eit fast arbeidsforhold i Volda kommune. Dersom den ansatte ønskjer å avslutte arbeidsforholdet før fylte 70 år, gjeld vanlege oppseiingsfristar etter lov og avtaleverk.

Avtale om arbeid ut over aldersgrense kan gjerast kun unntaksvis og i heilt særskilte høve. Det faste arbeidsforholdet vert avslutta ved 70 års grense i høve rutina. Eigen midlertidig avtale skal nyttast ved arbeid ut over 70 år (t.d. arbeid for pensjonistløn).

Sjå informasjon om avslutting av arbeidsforhold ved 70 år for vidare avklaring av pensjon og inntekt, samt rettar til sjukepengar.

Varsel om opphør av arbeidsforhold grunna alder jf. Aml § 15.13 a og Hovudtariffavtalen

På grunn av oppnådd 70 års aldersgrense vert de med dette varsla om opphør av arbeidsforholdet de har i Volda kommune.

Arbeidsforholdet opphøyrer (første dag i månaden, seks månadar etter at varselet er kome fram til arbeidstakar), jf arbeidsmiljølova § 15-13 a.

Ein viser til samtalar mellom (din leiar) og deg (dato).

Volda kommune vil takke for den innsats du har vist i arbeidet for kommunen.

Med helsing

Oslo, 2. juni 2017

Til kommunen ved

- ordfører
- rådmann
- ansvarlig for natur og friluftsliv

Vannscooter – hva nå?

Regjeringen offentliggjorde 18. mai at vannscootere likestilles med fritidsbåt. Vannscootere vil heretter kunne brukes på lik linje med fritidsbåter i de aller fleste områder. Dette er en følge av at vannscooterforskriften oppheves. Kommunene kan nå fastsette lokale forskrifter om bruk av vannscooter.

I stortingsmeldingen om friluftsliv er regjeringen tydelig på at bruk av vannscooter kan medføre ulemper for blant annet naturmangfold og friluftsliv. Her påpeker regjeringen nettopp at motorisert ferdsel som vannscooterkjøring utgjør en sikkerhetsrisiko for de som padler, seiler, ror eller bader. Nå er det opp til kommunene å ivareta disse brukerne.

Ett av Europas mest liberale lovverk for vannscooter:

Norsk Friluftsliv har undersøkt regelverket for vannscooter i en del europeiske land, og resultatene av denne undersøkelsen viser at Norge har fått et av Europas mest liberale regelverk.

I Italia og Tyskland er det en forbudssone på 500 meter fra land der det er strand eller badende. I Frankrike og Danmark gjelder forbudet 300 meter ut fra land. I Spania, Italia, Portugal, Frankrike og Tyskland har man bare lov til å kjøre vannscooter i dagslys, når det er fint vær og god sikt. En rekke av landene stiller også krav til registreringsskilt, egne førerkort og 18-årsgrense. I Norge er det nå ingen slike begrensninger eller krav.

Hva bør kommunene gjøre:

Med opphevelsen av vannscooterforskriften påhviler det kommunene et stort ansvar for å bevare vann, vassdrag og sjø som den viktige rekreasjonsarena den er i dag. Det blir viktig at kommunene nå hindrer at sjøens myke trafikanter fortrenses, og at rerekreasjonsverdien for turgåere, hyttefolk,

turister og alle de som oppholder seg ved kysten vår, på innsjøer og ved vassdrag, ikke reduseres. Kommunene har også et stort ansvar for å ivareta sårbar natur, fugle- og dyreliv.

Norsk Friluftsliv mener kommunen bør gjennomgå bruken av kommunens sjøområder, ta nødvendige hensyn til natur og friluftsliv, og utarbeide lokale forskrifter som regulerer bruken av vannscooter.

Norsk Friluftsliv anbefaler at kommunen går gjennom alle mulighetene for å se hvilke kombinasjoner som best ivaretar natur- og friluftinteressene i sin kommune.

Dette er regelverket kommunen kan benytte i arbeidet med egne forskrifter:

1. Kommunen har hjemmel i **motorferdselloven** til å fastsette lokale forskrifter om bruk av vannscootere i vassdrag og innsjøer der det ikke allerede er forbudt. Kommunen kan forby vannscooter på hele eller deler av arealet og/eller sette fartsbegrensninger på hele eller deler av arealet.
2. Kommunen har i **den sentrale fartsforskriften** hjemmel til å gi lokale forskrifter med fartsgrenser. Fartsgrensen i den lokale forskriften vil gjelde alle type fritidsfartøyer og kan ikke gjelde spesefikt for vannscooter.

Den sentrale fartsforskriften har også generelle krav om aktsomhet, sikkerhet og hensyn til badende. Fartsforskriften er hjemlet etter Småbåtloven.

3. Kommunen har hjemmel i **havne- og farvannsloven** mulighet til å begrense bruk av fartøy på sjøen av hensyn til friluftsliv, miljø, fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk.

Dette kan gjøres med en ordensforskrift som blant annet kan regulere bruk av vannscooter på hele eller deler av kommunes sjøområde for å ivareta hensyn til trygg ferdsel, forsvaltig forvaltning av farvannet, miljø eller friluftsliv. Reguleringene kan gjelde både fart og forbud.

Det er utarbeidet en forskriftsmal som kommunen må bruke:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2012-11-02-1040?q=ordensforskrift>

I enkelte verneområder er bruk av vannscooter forbudt gjennom verneforskriftene. Disse reguleringene blir videreført.

Veileder:

Samferdselsdepartementet arbeider med en veileder for kommunene som vil utarebeide egne forskrifter, denne vil være klar i løpet av juni, men det er loveverket som omtales i dette brevet som vil kunne regulere vannscootertrafikken. Vi anbefaler derfor kommunene å starte arbeidet nå.

Veiledning:

- Kystverket skal veilede ifht loveverket som gjelder vannscooter: Telefon 07847 (sentralbord)
- Samferdselsdepartementet har ansvar for Småbåtloven, Havne- og farvannsloven og den sentrale fartsforskriften. Saksbehandler i Samferdsels dep. med ansvar for vannscooter, Bente L. Michalsen tlf. 454 21 321
- Klima- og miljødepartementet har ansvaret for motorferdselloven. Tlf. 22249090.

Med vennlig hilsen

Norsk Friluftsliv



Hans Erik Lerkelund
Fagsjef naturforvaltning



Siri Meland
Fagsjef samfunnskontakt

Kopi:

- Samferdselsdepartementetnet
- Klima- og miljødepartementetnet
- Fylkesmenn
- Fylkeskommuner
- Miljødirektoratet
- Forum for natur og friluftsliv

OS 107/17 Møteplass mellom kommune og næringsliv Høgskulen 15. august

OS 108/17 Møte med Volda næringsforum 19. juni

OS 109/17 Endring av møteplan for formannskapet (flytting av møte i august)